

I Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Gaular kommune

Utval: Kontrollutval - Gaular kommune
Møtedato: 22.5.2014
Møtetid: Kl 9.30
Stad: Møterommet
Møtenr.: 2/2014

Innkalling: Faste medlemar i utvalet.
Rådmann (og evt rekneskapsfører) i sak 13
Revisor i sak 12 og 13

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlem (vert innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 975 81 418 eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

09/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
10/14	Skriv og meldingar
11/14	Årsmelding 2013 – kontrollutvalet
12/14	Revisor si uavhengigheit
13/14	Årsrekneskapen 2013 – Gaular kommune
14/14	Oppfølgingsliste 2 – Gaular
15/14	Eventuelt

Sande i Sunnfjord 16.5.2014

Aud Lunde (s)
-leiar-



Arnar Helgheim
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefonnummer	Org.nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57 61 27 84 975 81 418	Audhild Ragni Vie Alme 57 61 27 85 971 70 064	987 631 554 3705.08.32571

09/14

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gaular	22.5.14	9/14	Ja

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

10/14

SKRIV OG MELDINGAR

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gaular		10/14	Ja

Vedlegg:

- SM 1/14 Fylkesmannen: Tilsynsrapport Sande skule
- SM 2/14 Fylkesmannen: Tilsynsrapport Bygstad skule
- SM 3/14 Skatteetaten: Kontrollrapport vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen i Gaular kommune
- SM 4/14 Gaular kommune: Endringar i møteplan for 2014
- SM 5/14 Rapport for året 2013 – Skatteoppkrevjaren i Gaular kommune

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

SM 1-14



FYLKESMANNEN

I SOGN OG FJORDANE

SEKOM-sekretariat	
27 APR. 2014	
J.nr.	208/14
Sakshana	Arkiv
U.off. etter	

TILSYNSRAPPORT

LOKALT ARBEID MED LÆREPLANAR
OG SKULEBASERT VURDERING

Gaular kommune - Sande skule

2013

INNHALD

1. Tema for tilsynet: lokalt arbeid med læreplanar og skulebasert vurdering.....	3
2. Gjennomføring av tilsynet.....	6
3. Kva er kontrollert i tilsynet?	7
3.1. Skuleigar sine plikter i samband med læreplanarbeidet.....	7
3.1.1. Skuleigar sitt system for å sikre forsvarlege lokale læreplanar.....	7
3.1.2. Skuleigar sitt rutinar for å sjå til at skulebasert vurdering blir gjennomført	9
3.1.3. Kvalitetssikre den planlagde fag- og timefordelinga	10
3.2. Skulen sine plikter i samband med læreplanarbeidet	11
3.2.1. Planlagd fag- og timefordeling.....	11
3.2.2. Rektor si organisering av det lokale planarbeidet.....	13
3.2.3. Innhaldet i lokale planar (årsplanar)	14
3.2.4. Skulebasert vurdering	17
4. Varsel om pålegg om endring.....	18
5. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring i samband med varsel om lovbrøt.	19
Vedlegg 1 Oversyn over innsendt dokumentasjon	20
Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet	21

1. Tema for tilsynet: lokalt arbeid med læreplanar og skulebasert vurdering

Innleiing

Tilsynsverksemda skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til ei likeverdig opplæring. Utdanningsdirektoratet har fått oppdrag frå Kunnskapsdepartement å førebu og organisere gjennomføringa av tilsyn med offentleg grunnopplæring i Norge.

Tilsynet skal kontrollere at viljen til lovgivar vert realisert slik denne er uttrykt i lov eller i medhald av lov. Dersom pliktene ikkje vert overhaldne, skal tilsynsmyndigheita påleggje endringar i praksisen hos skuleeigar og/eller hos skuleleiing.

Tema for dette tilsynet er læreplanverket, nærare bestemt det lokale arbeidet med læreplanane.

Temaet er regulert i opplæringslova (oppl.) av 17. juli 1998, nr. 61

- § 2-2 om omfanget av grunnskuleopplæringa i tid
- § 2-3 om innhald og vurdering i opplæringa

Forskrift til opplæringslova av 23. juni 2006, nr. 724

- § 2-1 om skulebasert vurdering,
- § 3-1 fjerde og femte ledd om rett til vurdering,
- i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06).

Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll

I tidlegare tilsyn har det vore stort fokus på internkontrollsystemet i kommunane. Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. Opplæringslova § 13-10 andre ledd, er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I det felles nasjonale tilsynet 2010 - 2013 er det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

Kommunen sitt ansvar

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga og det pedagogiske personalet for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, vil det vere kommunen som har det overordna ansvaret. Det vert også peika på dette ved at opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system for oppfølging av lovkrava utgjør ein del av dei rettslege krava som er gjenstand for gransking i tilsynet. Det er kommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved dei kontrollerte skulane etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova krev. Sjølv om skulen har det daglege ansvaret for at

lovkrava relatert til lokalt arbeid med læreplanar blir etterlevd og oppfylt, er det kommunen som er ansvarleg for at elevane sine rettar blir oppfylt og som difor er adressat for eventuelle pålegg om endring i samsvar med opplæringslova § 14-1 tredje ledd.

Overordna formål med tilsynet

Lovregulering er eitt av staten sine verkemiddel for å styre samfunnet i ei ønska retning. Tilsynet skal kontrollere at viljen til lovgjevar vert realisert slik denne er uttrykt i lov eller i medhald av lov. Dersom pliktene ikkje vert overhaldne, skal tilsynsmyndigheita påleggje endringar i praksis hos skuleeigar og/eller ved skulen.

Læreplanen er det styringsdokumentet som kanskje betyr mest for skulen sin praksis, og som vender seg direkte mot kjernen i skulen sine oppgåver, det vil seie mot skulen sine mål og innhald. Eit tilsyn med det lokale arbeidet med læreplanen er såleis eit sentralt verkemiddel for å få innsyn i og kontrollere korleis lokale instansar tek i vare oppgåvene og pliktene sine i arbeidet med å planleggje, organisere, undervise og evaluere ut i frå læreplanen som referanseramme, med ei likeverdig opplæring for alle som siktemål. At det kan få alvorlege konsekvensar om det lokale arbeidet med læreplanar ikkje vert skjøtta etter forventningane, vert peika på i følgjande formulering i St.meld.nr. 31 (2007-2008):

"[...] Det er imidlertid utfordringer knyttet til måten Kunnskapsløftet er utformet på. Læreplanene i Kunnskapsløftet har klare mål, men overlater mye av arbeidet med å legge opp undervisningen i tråd med målene til det lokale nivået. Dette kan føre til store variasjoner mellom kommuner og skuler i kvaliteten på de lokale planene, og dermed også innholdet i opplæringen." (side 69)

Hovudføremålet med tilsynet er å sikre at elevane får ei likeverdig og tilfredsstillande opplæring i tråd med formålsparagrafen og læreplanen sine intensjonar uavhengig av kvar ein bur i landet.

Hovudføremålet med tilsynet omfattar følgjande delmål:

- at skuleeigarane og skulane driv systematisk planleggingsarbeid som byggjer på, vidareutviklar og konkretiserer LK06
- at skulebasert vurdering kan verke som eit grunnlag for utviklings-, planleggings- og undervisningsarbeid i skulen

Lokalt arbeid med læreplanar

Læreplanverket som er heimla i opplæringslova med tilhøyrande forskrifter, utfyller skulen sine plikter til innhaldet i undervisninga i det enkelte fag og på dei ulike klassetrinna (kvalitet), kor mange undervisningstimar dei forskjellige faga skal ha (kvantitet). Skulane skal drive undervisning i

tråd med dei nasjonale læreplanane. Læreplanen er såleis eit sentralt verkemiddel for at elevane skal få ei tilfredsstillande opplæring og nå måla i føremålsparagrafen til opplæringslova.

Samstundes som Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06) er eit regulerande og forpliktande dokument for skulen, er intensjonen at læreplanverket skal tilpassast, konkretiserast og brukast skjønnsmesseg. Skulen har difor stor innverknad på korleis læreplanar blir omforma og vidareutvikla lokalt. Læreplanen er ikkje utforma som eit ferdig dokument som kan nyttast direkte i praksis, men må vidareutviklast, omformast, operasjonaliserast og forankrast lokalt.

LK06 representerer ei endring samanlikna med tidlegare læreplanar. Den legg færre føringar for korleis undervisninga skal gjennomførast. Den tradisjonelle skildringa av kva lærestoff ein skal arbeide med på dei ulike trinna i dei ulike faga, og omtale av arbeidsmetodar, er i LK06 erstatta med kompetansemål for faga som elevane skal ha nådd ved utgangen av hovudtrinna.

Samanlikna med tidlegare læreplanar styrer LK06 difor ved å formulere forventningar til resultat og i mindre grad ved å skilje korleis undervisninga skal utformast. Hensikta er at skulen i høgare grad skal kunne tilpasse innhald, arbeids- og organiseringsformer til lokale og individuelle omsyn, med høgare måloppnåing som resultat. Dette vert uttrykt slik i St.meld.nr. 31 (2007-2008):

“Intensjonene i Kunnskapsløftet er at lokal dekomponering av målene i de nasjonale læreplanene og valg av lærestoff til disse målene skal bidra til tilpassetopplæring i tråd med lokale forhold og prioriteringer.” (side 71)

Skulebasert vurdering

Hensikta med det lokale læreplanarbeidet er å gi læreplanen ei lokal forankring gjennom vidareutvikling og tilpassing. Dette krev at planlegginga kan gjerast på grunnlag av systematisk kunnskap om skulen. Det auka handlingsrommet i utforminga av undervisninga er difor følgt av eit auka ansvar for vurdering og rapportering. Gjennom systematisk vurdering av eige arbeid, skal skuleeigar og skular kunne stake ut kurs og finne strategiar for vidare planleggings- og undervisningsarbeid. Det lokale planarbeidet må difor knytast tett til skulen sitt ansvar for å gjennomføre skulebasert vurdering, og skuleeigar sitt ansvar for å sjå til at dette blir gjennomført, jf. opplæringslova § 2-1.

Avgrensing av tilsynet

Tilsynsrapporten gir ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigar og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat frå tilsynet på det temaet som er valt og gjennomført. Tilsynsmetoden er såleis ikkje designa for å vurdere den totale kvaliteten på dette området. Tilsynet avgrensar seg difor til å vurdere regeletterlevinga på det oppgitte området. Det er opp til den einskilte kommune og skule å bestemme korleis opplæringa skal utformast, så lenge det er innanfor ramma av lov og forskrift.

2. Gjennomføring av tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet inneheld to hovudaktivitetar:

1. Undersøke praksis (hos tilsynsobjekta), og
2. Pålegg om korreksjon av lovstridige forhold.

Fylkesmannen utarbeider ein tilsynsrapport for kvar skule som er gjenstand for undersøking i tilsynet.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftlege utgreiingar og munnlege opplysningar.

Fylkesmannen sine konklusjonar er omtalt som lovbrøt og blir følgt opp av pålegg. I tillegg kan også Fylkesmannen gje tilrådingar.

- Pålegg er rettsleg bindande krav til skuleeigar om å gjere visse endringar for å opprette lovleg praksis. Heimel for pålegg om retting er opplæringslova § 14-1
- Tilrådingar er råd frå Fylkesmannen som skuleeigar ikkje er rettsleg forplikta til å følge. Fylkesmannen sine tilrådingar gjeld endringar som etter vår vurdering vil styrke elevane sin rettstryggleik.

Gangen i tilsynet

- Varsel om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon til kommunen og skulen 21.10.2013.
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå skulen 22.11.2013
- Dagsorden for tilsynet (påminning) i e-post datert 29.11.2013
- Opningsmøte 04.12.2013
- Intervju/samtalar 04.12.2013
- Førebels rapport og varsel om vedtak 27.03.2014
- Sluttmøte 11.04.2014
- Kommunen sin frist for tilbakemelding på førebels rapport 16.04.2014
- Endeleg rapport og eventuelt varsel om vedtak 23.04.2014
- Tilbakemelding til Fylkesmannen 11.10.2014

3. Kva er kontrollert i tilsynet?

3.1. Skuleigar sine plikter i samband med læreplanarbeidet

Skuleigar Kommunen skal, etter oppl. § 13-10 andre ledd, etablere eit forsvarleg system som sikrar at alle krava i lova blir oppfylt. Førearbeida¹ legg følgjande føringar for skuleeigar sitt system:

- Systemet skal vere eigna til å avdekke eventuelle forhold som er i strid med lov og forskrift.
- Det vert føresett jamleg resultatoppfølging og vurdering av om lovverket vert etterlevd.
- Systemet skal sikre at det blir sett i verk adekvate tiltak for å sikre lovleg tilstand dersom det vert avdekka lovbrøt.
- Skuleeigar står fritt til å utforme eigne system som er tilpassa lokale forhold.

Desse minimumskrava er knytt til det lokale arbeidet med læreplanane. Dette inneber at:

- Det lokale arbeidet med læreplanar skal kvalitetssikrast
- Skulebasert vurdering blir jamleg gjennomført
- Den planlagde fag- og timefordelinga vert kvalitetssikra.

Innhaldet i minimumskrava blir omtalt nedanfor.

3.1.1. Skuleigar sitt system for å sikre forsvarlege lokale læreplanar

Skuleeigar har ansvar for at skulane lagar og jobbar etter lokaleplanar som tek i vare LK06.

Skuleeigar må difor ha eit system som sikrar at det vert utvikla lokaleplanar for opplæringa og at desse er i tråd med mål og prinsippi LK06², jf. oppl. § 13-10 andre ledd, jf. § 2-3 og forskrifta §1-1.

Vidare må skuleeigar sjå til at dei lokaleplanane tek i vare eleven sin rett til å kjenne måla for opplæringa, kva som blir vektlagt i vurderinga av kompetansen og kva som er grunnlaget for

¹ Ot.prp. nr. 55 (2003-2004).

² Innleiing til trykt utgåve av LK06, s. 10: ”Skoleier (kommune, fylkeskommune eller annen skoleeier) er ansvarlig for at opplæringen er i samsvar med lov og forskrift, herunder læreplaner. Læreplanene i faga forutsetter at det konkrete innholdet i opplæringen, hvordan opplæringen skal organiseres og hvilke arbeidsmåter som skal brukes i opplæringen, bestemmes på lokalt nivå. For grunnskolen vil det i tillegg være en oppgave å fordele innhold mellom årstrinn. Generell del, læringsplakaten og læreplanene for fag er grunnlaget for skolens planlegging av opplæringen. Skoleeier kan fastsette lokale læreplaner i fag som ramme for den enkelte skoles videre arbeid med planer for opplæringen. Skoler og bedrifter må selv vurdere hvilken organisering og hvilke arbeidsmåter og metoder som er best egnet til å realisere innholdet i læreplanen for den enkelte elev, lærling og lære kandidat”.

vurdering, jf. forskrifta § 3-1 fjerde og femte ledd.³

Rettslege krav

Skuleeigar skal kunnedokumentere eit system som sikrar at skulane utviklar eller har tilgang til lokale læreplanar for opplæringa som tek i vare mål og prinsipp i LK06.

Skuleeigar skal innhente dokumentasjon frå skulen som gjer skuleeigar i stand til å bedømme om dei lokale læreplanane tilfredsstiller krava i læreplanverket og forskrifta § 3-1, og at skulane nyttar planane i praksis.

Dokumentasjon

I skuleeigar si utgreiing for tilsynet går det fram at det har vore kompetanseutvikling på skulane i form av kurs for lærarane i læreplanarbeid, og at dette for det meste vart gjennomført for fem til sju år sidan, altså ved innføringa av LK06. I intervju med skuleeigar kjem det fram at skule- og kultursjefen har bedt om å få lokale læreplanar innsendt, men at tida til å gå gjennom planane i praksis er noko avgrensa. Skulefagleg ansvarleg har likevel inntrykk av at kompetansemål, læringsmål, aktivitetar og kriterier for vurdering er på plass i planane. Det kjem også fram i intervju at kommunen ikkje nyttar felles kommunale malar og heller ikkje har utarbeidd skriftlege planar eller retningslinjer som gjeld for arbeidet med lokale læreplanar.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen sitt ansvar er å sikre at krava i opplæringslova med forskrifter vert oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen skal også ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Mykje av arbeidet med lokale læreplanar vil naturleg nok skje på skulane. Men i forhold til minimumskravet har ikkje kommunen dokumentert skriftlege rutinar når det gjeld å kvalitetssikre dei lokale læreplanane og om planane vert følgde i praksis. Det lokale arbeidet med læreplanar må også sjåast i samanheng med elevvurdering og skulebasert vurdering.

Fylkesmannen sin konklusjon

Gaular kommune har ikkje eit operativt system som sikrar at det vert utvikla lokale planar for

³ "Det skal vere kjent for eleven, lærlingen og lærekandidaten kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hennar eller hans kompetanse. Det skal og vere kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurdering i orden og åtferd. Skuleeigar har ansvaret for at eleven, lærlingen og lærekandidaten sin rett til vurdering blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13 -10 første ledd."

opplæringa og at desse er i samsvar med mål og prinsipp i LK06, jf. opplæringslova §§ 13-10 andre ledd, 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1.

3.1.2. Skuleigar sine rutinar for å sjå til at skulebasert vurdering blir gjennomført

Skuleeigar skal sjå til at skulane vurderer måloppnåing i samsvar med læreplanverket. Skuleeigar er ansvarleg for at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå måla som er fastsett i LK06, jf. oppl. § 13-10 andre ledd, jf. forskrift til oppl. § 2-1.⁴

Rettslege krav

1. Kommunen skal ha eit skriftleg system der følgjande rutinar for gjennomføring av skulebasert vurdering inngår:
 - a. Skuleeigar skal innhente skriftleg dokumentasjon frå skulen for å bedømme om vurderinga innhaldsmesseg tilfredsstiller krava i regelverket.
 - b. Kommunen skal ha rutinar for oppfølging av arbeidet med skulebasert vurdering, det vil seie sette i verk nødvendige tiltak.
2. Skuleeigar skal sjå til at vurderinga vert gjennomført jamleg, i det minste årleg.

Dokumentasjon

Gaular kommune skriv i utgreiinga til Fylkesmannen at hovudgrunnlaget for skulebasert vurdering for skulane ligg i den årlege tilstandsrapporten⁵. Kvar skule utarbeider ein *utviklingsplan* for kvart skuleår som skal drøftast med tilsette og orienterast om i skulen sine organ før den vert sendt kommunen. I intervju med skule- og kultursjefen kjem det fram at tema i denne utviklingsplanen skal gå igjen i årsrapporten frå kvar skule. Desse årsrapportane vert lagt ved årsmeldinga til politikanane. Etter intervjuet leverte skule- og kultursjefen kopi av årshjul (kalla *Hugseliste – skule*) som viser rutinar for utarbeiding av utviklingsplan/årsplan og årsmelding. I intervju kom det elles fram at kommunen i samband med tilstandsrapporten for 2011 kravde at skulane skulle lage ei skriftleg vurdering. Grunna tidsmangel var det likevel ikkje krav om slik vurdering i 2013. Det vart også peika på at skulane rapporterer munnleg på rektormøta frå etterarbeid med nasjonale prøver. Skule- og kultursjefen etterspør tiltak frå skulane dersom det kjem fram dårlege resultat på nasjonale prøver.

⁴ Forskrift til oppl. § 2-1: "Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene."

⁵ Jf. opplæringslova § 13-10, tredje ledd.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen sitt ansvar er å sikre at krava i opplæringslova med forskrifter vert oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen skal også ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Under § 13-10 andre ledd ligg også skulen sitt ansvar for å gjennomføre jamleg skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. Det kan tenkjast at kommunen sitt årlege arbeid med tilstandsrapporten langt på veg kan tilfredsstille lovkrava som ligg på skuleigar til eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Men Gaular kommune har likevel ikkje dokumentert eit skriftleg system som oppfyller dei rettslege krava som gjeld for gjennomføring og oppfølging av skulebasert vurdering når det gjeld å innhente skriftleg informasjon om den skulebaserte vurderinga frå skulane. Den skulebaserte vurderinga vil også vere eigna som grunnlag for informasjon som skuleigar treng for å ta i vare ansvaret sitt om forsvarleg system og oppfølging av nasjonale kvalitetsvurderingar. Arbeidet med skulebasert vurdering må også sjåast i nær samanheng med det lokale læreplanarbeidet og elevvurdering.

Fylkesmannen sin konklusjon

Skuleeigar oppfyller ikkje gjeldane krav for å sjå til at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå måla som er fastsette i LK06, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

3.1.3. Kvalitetssikre den planlagde fag- og timefordelinga

Skuleeigar skal sikre at fag- og timefordelinga blir planlagt i samsvar med forskrifta. Dette kan gjerast anten ved at det vert utarbeidd ein fag- og timefordelingsplan på kommunenivå eller ved at skuleeigar ser til at dettevert gjennomført som føresett på skulenivå gjennom jamleg kontroll eller rapportering, for eksempel gjennom å hente inn fag- og timefordelingsplanar, jf. oppl. § 2-2, jf. forskrifta § 1-1⁶.

Rettslege krav

Skuleeigar skal ha eit system for å sikre at av fag- og timetalfordelinga blir sett i verk i samsvar med regelverket,

- ved oppdatering av obligatoriske fag- og timefordelingsplanar på kommunenivå, og
- gjennom jamleg rapportering av skulane sine fag- og timefordelingsplanar.

⁶ Forskrift til oppl. § 1-1: "I grunnskolen skal opplæringa vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag- og timefordelinga."

Dokumentasjon

I samband med dette tilsynet er det sendt inn fag- og timefordelingsplanar for skulane i Gaular kommune. Skuleeigar gjer politisk vedtak om fag- og timefordelinga når det kjem endringar i timetalet. Kommunen har dokumentert saksutgreiing og vedtak (møtebok) i kommunestyret 10.04.2012 som er siste endring for skulane då det vart innført valfag på ungdomssteget. Kommunestyresaka syner òg vedtaket som vart gjort i høve siste endring for barnesteget i 2010 og fag- og timefordelinga. Gjennom intervju med skule- og kultursjefen kjem det fram at kommunen ikkje sjekkar om fag og timefordelinga stemmer ute på skulane. Skuleeigar har inntrykk av at skulane i kommunen sjekkar dette sjølve og det er heller ikkje lagt opp til rutinar for å sikre at skulane jamleg rapporterer fag- og timefordelingsplanane.

Fylkesmannen si vurdering

Frå og med skuleåret 2013-2014 kan skuleigar omdisponere inntil 5 prosent av timetalet i fag til andre fag⁷. Dette inneber at den nasjonale fag- og timefordelinga for 1.-10. trinn vil vere rettleiande for inntil 5 prosent av timane. Minstetimetallet i det einskilte fag vil vere 95 prosent, medan inntil 5 prosent kan omdisponerast frå eitt fag til eitt eller fleire andre fag. Fylkesmannen kan ikkje sjå at Gaular kommune har omdisponert timar slik det her er høve til gjennom lokal forskrift. I utgreiinga frå skule- og kultursjefen kjem det fram at kommunen vedtek fag- og timefordelinga politisk (i kommunestyret) i tråd med forskrift. I intervju vart det presisert at politisk vedtak berre vert gjort når det kjem nasjonale endringar i timetalet, elles lager skulane timeplan i tråd med politisk vedtak. Frå skuleeigar si side er det ikkje dokumentert eit system som sikrar at skulane i praksis følgjer vedtekne nasjonale retningslinjer for fag- og timefordeling.

Fylkesmannen sin konklusjon

Gaular kommune som skuleeigar har ikkje dokumentert eit tilfredsstillande system for å sikre at skulane sine fag- og timefordelingsplanar er i samsvar med regelverket.

3.2. Skulen sine plikter i samband med læreplanarbeidet

Skulen er pålagt ei rekkje oppgåver i samband med det lokale læreplanarbeidet. Skuleeigar har eit overordna ansvar for at skulane utfører sine lovpålagde plikter, jf. oppl. § 13-10 første ledd.

3.2.1. Planlagd fag- og timefordeling

Skulane skal ha planlagt undervisning i dei fag og med det timetal som går fram av LK06, jf.

⁷ Vedlegg til rundskriv Udir-01-2013, punkt 2.1.1. *Inntil 5 prosent fleksibilitet for 1.-10. trinn.*

opplæringslova §§ 2-2 og forskrifta § 1-1.

Rettslege krav

Det totale timetalet for kvart hovudtrinn skal samsvare med timetalet som er sett for kvart fag i læreplanen. Det er ikkje tillate å flytte timar i norsk/engelsk/matematikk mellom hovudtrinna.

Dokumentasjon

I varsel om tilsyn blei følgjande etterspurt: «Skulen sine fag- og timefordelingsplaner for 1.-7. trinn.» Gaular kommune dokumenterte møtebok frå kommunestyret 10.04.2012 som viser fag- og timefordelingsplan for alle skulane i kommunen. Etter tilsynsintervju fekk Fylkesmannen også tilsendt tabellen med timefordelinga for barnesteget på Bygstad og Sande skule, som i realiteten er kopi av den aktuelle tabellen i kommunestyresaka våren 2012.

Fylkesmannen si vurdering

Gjeldande ordinær fag- og timefordeling går fram av vedlegg til Rundskriv Udir-01-2013. I fag og timefordeling for Bygstad skule er timetalet oppgitt i «skuletimar» dvs. 45-minuttars einingar, men etter Kunnskapsløftet er timetalet oppgitt i klokketimar (60-minuttars einingar). I intervju kjem det fram at skulen i praksis organiserer skuledagen i 45-minuttars økter.

Det er fastsatt eit samla minstetimetall for elevar på 1.-7. trinn (og for elevar på 8.-10. trinn) som elevane har rett på. Skuleeigar har plikt til å gje minstetimetallet, men står fritt til å tilby fleire timar. Innanfor dette minstetimetallet fastsetter skuleeigar fag- og timefordelinga på årstrinn.

Sande skule har dokumentert plan for samla årstimetal 1.-7. trinn (barnesteget) i alle fag på 5 244 timar. Kravet til minstetimetall er 5 234 årstimar, dvs. at skuleeigar sin plan samla sett har 10 timar meir enn minstekravet på barnesteget. I faga RLE, Naturfag, Samfunnsfag, Musikk og Mat og helse er årstimetallet sin plan likt med minstekravet. Faget Matematikk har i planen pluss 24 årstimar på 1.-7. trinn samla, medan Engelsk har pluss 19 årstimar, Kroppsøving har pluss 7,5 årstimar og Fysisk aktivitet vert tilbyd i 9,5 årstimar meir enn minstetimetallet. Dokumentasjonen frå skulen viser også at faget Norsk har 4 årstimar mindre enn minstekravet for hovudtrinnet og faget Kunst og handverk har i alt 7 årstimar under minstetimetallet for 1.-7. trinn. For ungdomssteget er samla årstimetal 8.-10. trinn i alle fag på 2 622 timar til liks med kravet.

Det kjem fram i intervju med skuleeigar at kommunen ikkje sjekkar om fag- og timetalsfordelinga stemmer ute på skulane. Det vert heller ikkje utført noko form for kontroll av skulane sine timeplaner.

Konklusjon

Sande skule har dokumentert eit tilfredsstillande system for å sikre at fag- og timefordelingsplanar er i samsvar med regelverket.

3.2.2. Rektor si organisering av det lokale planarbeidet

Rektor skal ha rutinar for å kvalitetssikre at skulen sitt arbeid er i samsvar med gjeldande læreplanar, jf. oppl. § 2-3 fjerde ledd, jf. oppl. § 2-3 fjerde ledd.

Rettslege krav

Rektor skal ha rutinar for å kvalitetssikre skulen sitt arbeid med læreplanar gjennom:

- *anten* felles malar for årsplanar og/eller tilsvarande periodeplanar *eller* kontroll av årsplanar og/eller tilsvarande periodeplanar
- å sikre at alle kompetansemåla på trinnet og hovudtrinnet blir dekt, *anten* ved at alle kompetansemåla for trinnet blir dekt i løpet av året, *eller* ved at det vert samordna mellom kollegaer på høgare/lågare trinn om fordeling av kompetansemål.

Føremålet med dette kontrollpunktet er å sikre at opplæringa blir planlagt i tråd med den til ei kvar tid gjeldande læreplan. Det blir ikkje stilt krav om at skulane skal ha fullstendige læreplanar i alle fag der dette ikkje er nødvendig for å sikre dekking av alle kompetansemåla. Det er greitt at ein ved planlegginga av undervisninga tek utgangspunkt i lærebøker. Læreverk som er utarbeidd *etter* LK06 vil truleg i stor grad dekkje dei mest vesentlege delane av kompetansemåla og i nokre tilfelle kanskje alle.

Det er i dag ikkje noko sentral godkjenningsordning av læreverk, og lokalt må ein derfor sikre at dei aktuelle læreverka som vert nytta, er i samsvar med gjeldande læreplanar. Dette krev eit lokalt arbeid med læreplanane som sikrar at alle kompetansemåla blir forsvarleg dekte gjennom dei åra elevane går i skulen. Skulen har såleis eit lokalt handlingsrom for å tilpasse innhald, arbeidsmåtar og organisering av opplæringa. Men det sentrale er at dei lokale planane byggjer på nasjonale kompetansemål og fremjar det eleven i følgje kompetansemålet skal meistre.

Rektor må ha eit system som sikrar at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa til kompetansemål i fag ved t.d. gjennomgang og diskusjon av kompetansemåla og innhaldet i opplæringa, oppfølging av lokale planar, observasjon av undervisninga og liknande.

Dokumentasjon

I varsel om tilsyn bad Fylkesmannen om Sande skule sine årsplanar eller tilsvarande i faget mat og helse for 8.-10. trinn, inkludert eventuelle malar.

I innsendt dokumentasjon frå skulen var følgjande planar lagt ved: *Årsrapport Sande skule 2011 og 2012, Utviklingsplan for Sande skule (2011-2012), (2012-2013) og (2013-2014), Kartlegging på ulike klassetrinn, Årshjul ved Sande skule 2013-2014, Halvårsrapport per november 13, Arbeid i bunden tid hausten 13, Halvårsplan – alle stega ved skulen, Fagtrapper, Vekeplanar 1.-10. klasse.*

Fylkesmannen si vurdering

I denne rapporten sitt tidlegare kapittel 3.1.1. *Skuleigar sitt system for å sikre forsvarlege lokale læreplanar*, peiker Fylkesmannen på at i forhold til minimumskravet har ikkje Gaular kommune dokumentert skriftlege rutinar når det gjeld å kvalitetssikre dei lokale læreplanane og om planane vert følgde i praksis.

Sande skule har gjennom utgreiing og vedlegg m.a. dokumentert eit relativt omfattande årshjul 2013-2014 som viser aktiviteten månad for månad. Det kjem fram i intervju at skulen legg til grunn den fag- og timefordelinga som er politisk vedteken i kommunen. Rektor peikar på at skulen gjennom grundige diskusjonar har kome fram til felles malar som kvar av stega nyttar, dvs. småskulesteget, mellomsteget og ungdomssteget. Skulen har laga ein evalueringsmal for korleis ein vurderer læringsarbeidet. Det er utarbeidd fagplanar i alle fag som det vert gjort mindre justeringar på med jamne mellomrom. Kvar klasse utarbeidar ein halvårsplan som syner aktiviteten fag for fag på dei ulike klassestega. Det kjem også fram i intervju at kvar lærar får eit spørjeskjema frå rektor på slutten på skuleåret om korleis dei har arbeidd med faga i løpet av året. Rektor og inspektør set opp arbeidslaga for neste år (etter innspel) og sjekkar samtidig at fag- og timefordelinga stemmer. Tilsendt dokumentasjon viser òg at skulen har etablert faglege møtepunkt fast gjennom året, som t.d. leiarmøte, ettermiddagsmøte, teammøte, klasselærarmøte. Det er altså avsett bunden tid til planlegging, utan at det kjem fram av dokumentasjonen kor mykje tid som går til det lokale arbeidet med læreplanar.

Konklusjon

Fylkesmannen finn at Sande skule har etablert eit tilfredsstillande system når det gjeld organisering av skulen sitt lokale planarbeid.

3.2.3. Innhaldet i lokale planar (årsplanar)

Skulane skal utarbeide lokale læreplanar (årsplanar eller tilsvarande periodeplanar) som legg til rette for undervisning i samsvar med prinsipp og mål i LK06, jf. oppl. § 2-3 fjerde ledd og

forskrifta §§ 1-1 og 3-1 fjerde ledd ⁸. Kunnskapsløftet stiller store krav til det lokale læreplanarbeidet. Skulen har tradisjonelt både hatt fridom til å tolke og forandre planane etter lokale og individuelle omsyn. Regionalt og lokalt planleggings- og utviklingsarbeid er heller ikkje noko nytt; på 1980-talet blei lokalt planleggingsarbeid for alvor sett på dagsorden ved at innføringa av målstyring kravde nye desentraliseringsstrategiar. Det arbeidet som Kunnskapsløftet pålegg det lokale nivået er likevel langt meir omfattande og grunnleggjande enn tidlegare. Årsaka er at Kunnskapsløftet ikkje stiller opp metodiske krav til undervisninga, men i staden mål på elevane sin kompetanse og dugleik. Kompetansemåla kan vere generelle og vage, og må operasjonaliserast. Kompetansemåla gir mål *for* læring, *ikkje mål på* læring ⁹. Skulen skal lage den strukturen for opplæringa som LK06 ikkje gir. Denne strukturen vert til gjennom å knyte resultatmål til eit innhald, det vil seie kva skal ein lære når. Målet med strukturen i undervisninga er å danne ein progresjon, ein raud tråd, i lærestoffet. Denne skal skulen sjølv utforme gjennom det lokale arbeidet med læreplanar.

Rettslege krav

Skulen skal ha årsplanar eller tilsvarande periodeplanar for faga der:

- kompetansemåla er brotne ned/operasjonalisert i læringsmål eller tilsvarande skildring av kva elevane skal kunne eller meistre, det vil seie mål for læring,
- læringsmåla er knytt til eit undervisningsinnhald
- kjenneteikn på ulik grad av måloppnåing er oppgitt, det vil seie mål på læring, ikkje nødvendigvis for alle kompetansemåla, meni alle fall for grupper av kompetansemål

Hensikta med kontrolltemaet i dette kapittelet er å undersøke om det lokale læreplanarbeidet utfyller krava til opplæringa som ikkje er dekt gjennom kompetansemåla i sentral læreplan. Det er krav om at det lokalt blir gjort ei operasjonalisering til læringsmål, eit utval av lærestoff og val av arbeidsmåtar og ei avklaring/fastsetjing av kriterier for måloppnåing.

Dokumentasjon

Sande skule sitt lokale læreplanarbeid i faget mat og helse er m.a. omtalt i tilsendt *Halvårsplan*

⁸ § 2-3 fjerde ledd: "(...) Undervisningspersonalet skal tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her. Rektor skal organisere skolen i samsvar med første leddet og forskrifter etter tredje leddet og i samsvar med § 1-1 og forskrifter etter § 1-5."

Forskrifta § 1-1: "I grunnskolen skal opplæringa vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag og timefordelinga (...)"

Forskrifta § 3-1 fjerde ledd: "Det skal vere kjent for eleven, lærlingen og lærekandidaten kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hennar eller hans kompetanse. Det skal og vere kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurdering i orden og åtferd."

⁹ Sivesind, K. et.al.: Kunnskap og læringsambisjoner for ungdom i seks land. Utdanningsdirektoratet, 2011.

hausten 2013 mat og helse, Kompetansemål etter 10. klasse, Vurderingskriterier i mat og helse Sande skule, Notat mat og helse 04.12.13, Konkrete døme på oppgåver/opplegg/evaluering, Mat og helse er eit «nytt» fag [skjema med åtte spørsmål til elevane], Vi startar på eit nytt år – og siste termin med faget mat og helse [spørsmål til diskusjon og vurdering av haustterminen i gruppene], og Heimeoppgåve i mat og helse.

Fylkesmannen si vurdering

Å lage ein god lokal læreplan er eit kontinuerleg arbeid. Planen kan endrast og supplerast undervegs i året, og den kan med tanke på neste år også justerast etter at undervisninga er gjennomført. Ein vanleg framgangsmåte ved utforming av undervisningsopplegg er å ta utgangspunkt i kompetansemål, som deretter vert omforma til læringsmål. Vidare vil desse føre til innhald/læringsaktivitetar med vekt på tilpassing av opplæringa, inkludert grunnleggjande dugleikar. Korleis skulen vil gjennomføre elevvurdering (undervegs- og sluttvurdering) gjennom utarbeiding av kriterier på meistring, er også ein viktig del av dette arbeidet.

I vår vurdering legg vi til grunn at i forhold til minimumskrava har *skuleeigar* ikkje kunne dokumentere *skriftlege* rutinar når det gjeld å kvalitetssikre dei lokale læreplanane og om planane vert følgde i praksis, jf. kapittel 3.1.3 ovanfor.

Det vert stadfesta i intervju at Sande skule fordeler faget mat og helse med tre timar på ungdomssteget, dvs. i 9. klasse (dette kjem i tillegg til tre timar i 6. klasse pluss tre timar i månaden på 1.-4. trinn). Det er læreverket *Matlyst, mat og helse for ungdomstrinnet* som er i bruk. I intervju kjem det fram at skulen har hatt fokus på å leggje til rette for dei praktisk estetiske faga og at mat og helse er høgt prioritert i denne samanhengen.

Sande skule har malar for fagplanane ut i frå hovudstega, jf. vurderingane ovanfor i kapittel 3.2.2. Innlevert fagplan for mat og helse viser kompetansemåla i LK06. Halvårsplan i 9. klasse for hausten 2013 er satt opp i tabellform med emne og tema for kvar veke. I intervju vert det peika på at kolumna «kunnskapsløftet» er tom fordi læreboka skulen nyttar er laga etter kompetansemåla i Kunnskapsløftet og alle elevane har læreboka. Skulen har òg utarbeidd vurderingskriterier i mat og helse i form av «låg», «middels» og «høg» måloppnåing i faget. I intervju kjem det fram at kompetansemål, læringsmål og aktivitetar også vert informert om og formidla munnleg i starten på skuleåret. Skulen har sendt inn eit dokument kalla *Notat – mat og helse 04.12.13* som Fylkesmannen trur kan vere framlegg til halvårsplan for våren 2014. Skrivet viser hovudområda «mat og livsstil», «mat og forbruk», «mat og kultur» og grunnleggjande dugleikar i forhold til mål for læring/aktivitetar.

Konklusjon

Læreplanane i Kunnskapsløftet, faget mat og helse inkludert, er avhengig av at kompetansemåla operasjonaliserast lokalt. Dette betyr at kompetansemåla er grunnlaget for undervisninga i form av ei rekkje mindre *læringsmål* definert på den aktuelle skulen og av den enkelte lærar. Eit læringsmål

skal altså formidle kva eleven skal lære, og er ikkje ei liste over kva elevane skal ta seg til i løpet av timen. På denne bakgrunn må Sande skule i arbeidet med fagplan i mat og helse sjå til at dette vert gjennomført og dokumentert på alle dei aktuelle stega som har mat og helse.

3.2.4. Skulebasert vurdering

Skulane skal gjennomføre skulebasert vurdering der måloppnåing i samsvar med læreplanfesta mål blir vurderte, jf. forskrifta § 2-1.

Rettslege krav

- Det skal vere ei skriftleg vurdering.
- Det skal gjennomførast jamlege vurderingar, minimum kvart år.
- Vurderinga skal handle om skulen sitt arbeid når det gjeld organisering, tilrettelegging og gjennomføring av undervisning.
- Vurderinga skal handle om i kva grad skulen sitt arbeid medverkar til å nå måla i LK06, det vil i det minste seie ei vurdering av oppnåing av mål (nasjonale prøvar, kartleggingar, eksamen, o.l.), sett i samanheng med analyser av skulen sitt undervisnings- og læringsarbeid.
- Involverte partar ved skulen skal delta i analyse- og konklusjonsarbeidet, det vil seie at ikkje berre skuleleiinga, men også lærarane eller representantar for lærarane må delta gjennom å analysere resultat og utforme tiltak.
- Alle konklusjonar skal skriftleggjerast og kommuniserast til involverte partar og til skuleeigar som grunnlag for avgjerder om oppfølgings- og utviklingstiltak.

Dokumentasjon

Rektor viser i si utgreiing om skulebasert vurdering til skulen sin organisering og ulike møtepunkt for personalet gjennom året. Leiarteamet som i tillegg til rektor og inspektør består av teamleiarar for 1.-4., 5.-7., 8.-9. og 10. klasse, pluss tillitsvald. Leiarteamet har møte kvar fjortende dag, og styrar arbeidet i bunden tid på skulen. På skulen er bunden tid delt inn i morgonmøte (personalmøte kvar måndag), ettermiddagsmøte (kvar måndag), teamarbeid (ein klokke time per veke), klasselærarmøte og «fritimar» (individuell tid for den enkelte lærar).

Sande skule utarbeidar utviklingsplan for kvart skuleår og har dokumentert plan for inneverande skuleår 2013-2014, i tillegg til dei tre føregåande skuleåra. Utviklingsplanen sett fokus på kva skulen skal arbeide spesielt med kommande år og inneheld såleis mange emne/prosjekt med karakter av skulebasert vurdering. Det kjem fram i intervju med rektor at også foreldra vert oppmoda til å komme med tema til utviklingsplanen.

Fylkesmannen si vurdering

I vår vurdering har vi teke utgangspunkt i at *skuleeigar* ikkje oppfyller gjeldane krav for å sjå til at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå måla som er fastsette i LK06, jf. kapittel 3.1.2 i denne rapporten.

Sande skule har gjennom fleire år med fast punkt i utviklingsplanen hatt fokus på å følgje opp nasjonale prøvar og ulike kartleggingsprøvar. Dette har vore gjort i forhold til systematisk vurdering av resultat, samhandling mellom lærarane på steg- og teamnivå, og førebuing til munnleg og skriftleg eksamen. Skuleåret 2012-2013 og inneverande skuleår 2013-2014 har skulen også hatt fokus på å auke deltakinga frå elevane, foreldra og dei tilsette i arbeidet med skulemiljøet. Desse eksempla på skulebasert vurdering er ikkje berre skriftleg dokumenterte i utviklingsplanen men også evaluerte i skulen sin (skriftlege) årsrapport. Skulen sin årsrapport inngår i Gaular kommune sin årsmelding til politisk behandling.

Konklusjon

Sande skule sitt arbeid med skulebasert vurdering oppfyller krav i forskriftene til opplæringslova § 2-1.

4. Varsel om pålegg om endring

På bakgrunn av det som kjem fram av kapittel 3 gir Fylkesmannen slikt varsel om pålegg

Skuleeigar sine plikter i samband med det lokale arbeidet med læreplanen

Skuleeigar sitt system for å sikre lovmessige lokale læreplanar.

1. Gaular kommune skal sikre seg at Sande skule lagar eller jobbar etter lokale planar som oppfyller LK06. Gaular kommune skal i samband med dette:
 - a. Ha rutinar for å skaffe informasjon om skulen sitt arbeid med lokale læreplanar.
 - b. Ha rutinar for å kvalitetssikre innhaldet i lokale læreplanar.
 - c. Gjennomføre tiltak der rapportering eventuelt avdekkjer manglande kvalitet på eller bruk av dei lokale læreplanane.

Kvalitetssikre den planlagde fag- og trefordelinga

2. Gaular kommune skal sikre at skulane i kommunen fordeler fag og timar i samsvar med regelverket. Gaular kommune skal i samband med dette:
 - a. Ved alle endringar i sentralt gitt fag- og trefordelingsplan, anten på kommunalt nivå vedta planar med fordeling av timane mellom årstrinna innafor rammene av sentralt gitt plan, eller

- b. ved eventuell skriftleg delegering av mynde til å vedta fag- og timefordelingsplanar på skulenivå, *kontrollere* at skulane sine planar ligg innafor rammene av sentralt fastsett plan.

Skuleeigar sine rutinar for å sjå til at skulebasert vurdering vert gjennomført

Opplæringslova § 13-10 andre ledd. Forskrift til opplæringslova § 2-1.

3. Gaular kommune skal sikre at skulane i kommunen jamleg vurderer organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa i forhold til måloppnåing fastsett i LK06. Gaular kommune skal i samband med dette:
- a. Utarbeide rutinar som gjer skuleeigar i stand til å avgjere om skulane gjennomfører ei tilfredsstillande skulebasert vurdering.
 - b. Gjennomføre tiltak der kontrollen viser at vurderinga av innhaldet ikkje imøtekjem krava i regelverket.
 - c. Gjennomføre tiltak der kontrollen viser at vurderinga ikkje vert gjennomført årleg.

5. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring i samband med varsel om lovbrøt.

Tiltak for å rette lovbrota skal setjast i verk med det same.

Gaular kommune skal gi ei skriftleg erklæring om korleis eventuelt varsel om lovbrøt er retta/blir retta. Erklæringa skal understøttast med nødvendig dokumentasjon. Erklæringa skal vise til korleis retting er gjort på systemnivå og innehalde dei nye rutinane.

I den grad det er mogleg skal kommunen dokumentere praksisendringar som viser at endringane er tatt i bruk i praksis (implementert), eventuelt korleis endringa er tenkt gjennomført.

Frist for innsending av slik erklæring er 01.10.2014.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Frans Jacob Krebs
(revisjonsleiar)

Helge Pedersen
(revisor)

Vedlegg:

- 1. Oversyn over innsend dokumentasjon
- 2. Oversyn over dei som er intervjuja

Vedlegg 1 Oversyn over innsendt dokumentasjon

Vedlegg	Oversikt over dokumentasjon frå skuleeigar	Datert
1	Tilsyn – innsending av dokumentasjon [tilstandsvurdering]	22.11.2013
2	Rullert kompetanseplan for Gaular kommune 2005-08	
3	«Tilpassa opplæring» Referat frå kommunemøte i Gaular 29.02.08	03.03.2008
4	Presentasjon/vurdering frå profesjonsprosjektet Sande skule	
5	Skulebesøk i Gaular kommune 2011	
6	Innholdsliste frå perm Planar skule og barnehage	
7	Møtebok for Gaular kommune (fag- og trefordeling)	21.03.2012
8	Årsmelding 2012 Bygstad skule	
9	Årsmelding 2012 Sande skule	
10	«Hugseliste» skule- og kulturkontoret 2010	

Vedlegg	Oversikt over dokumentasjon frå Sande skule	Datert
1	Tilsyn Sande skule 04.12.13	
2	Årshjulet ved Sande skule 2013-2014	
3	Fagtrapper [alle fag + IKT-plan og Entreprenørskap]	
4	Halvårsplan – alle stega ved skulen	
5	Vekeplanar veke 47 [alle klassar]	
6	Kompetansemål mat og helse	
7	Halvårsplan i mat og helse, 9. klasse – hausten 2013	
8	Vurderingskriterier i mat og helse, skuleåret 2013-2014	
9	Notat – mat og helse, 04.12.13	
10	Skulebasert vurdering – Sande skule sin organisering	
11	Skulebasert vurdering – kor ofte, tema, deltaking, rapportering, oppfølg.	
12	Utviklingsplanane ved Sande skule – eit gløtt tilbake dei 3 til 4 siste åra	
13	Arkivering av elevmapper	
14	Kartlegging på ulike klasstrinn	
15	Matematikk 1.-4. klasse Arbeid i faggruppe	
16	Norsk 1.-4. klasse Arbeid i faggruppe	
17	Orden og åtfærd	
18	Sande skule sin handlingsplan mot mobbing	
19	Zippys venner	
20	Overgangar	
21	Nasjonal prøve	
22	Tidstjuvar – ny praksis	
23	Faglærer-samarbeid	
24	Arbeidsmiljøgranskinga	
25	Elevsamtalen	
26	Utviklingssamtalen	
27	Hugseliste - skule	

Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Helge Følid	Rådmann			X
Jetvard Kalland	Skule- og kultursjef	X	X	X
Rune Kvammen	Rektor	X	X	X
Anne-Kristin Strandheim	Lærer	X	X	
Aud-Irene Sande Søgnen	Lærer	X	X	
Arne Børre Teigen	Lærer	X	X	

SM 2-14



SEKOM-sekretariat

20 APR. 2014

J.nr.

208/14

Saksh. *ana* Arkiv

U.off. etter

FYLKESMANNEN

I SOGN OG FJORDANE

TILSYNSRAPPORT

LOKALT ARBEID MED LÆREPLANAR
OG SKULEBASERT VURDERING

Gaular kommune - Bygstad skule

2013

INNHALD

1. Tema for tilsynet: lokalt arbeid med læreplanar og skulebasert vurdering	3
2. Gjennomføring av tilsynet	6
3. Kva er kontrollert i tilsynet?	7
3.1. Skuleigar sine plikter i samband med læreplanarbeidet	7
3.1.1. Skuleigar sitt system for å sikre forsvarlege lokale læreplanar	7
3.1.2. Skuleigar sitt rutinar for å sjå til at skulebasert vurdering blir gjennomført	8
3.1.3. Kvalitetssikre den planlagde fag- og timefordelinga	10
3.2. Skulen sine plikter i samband med læreplanarbeidet	11
3.2.1. Planlagt fag- og timefordeling	11
3.2.2. Rektor si organisering av det lokale planarbeidet	13
3.2.3. Innhaldet i lokale planar (årsplanar)	14
3.2.4. Skulebasert vurdering	17
4. Varsel om pålegg om endring	18
5. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring i samband med varsel om lovbrøt.	19
Vedlegg 1 Oversyn over innsendt dokumentasjon	21
Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet	22

1. Tema for tilsynet: lokalt arbeid med læreplanar og skulebasert vurdering

Innleiing

Tilsynsverksemda skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til ei likeverdig opplæring. Utdanningsdirektoratet har fått oppdrag frå Kunnskapsdepartement å førebu og organisere gjennomføringa av tilsyn med offentleg grunnopplæring i Norge.

Tilsynet skal kontrollere at viljen til lovgivar vert realisert slik denne er uttrykt i lov eller i medhald av lov. Dersom pliktene ikkje vert overhaldne, skal tilsynsmyndigheita påleggje endringar i praksisen hos skuleeigar og/eller hos skuleleiing.

Tema for dette tilsynet er læreplanverket, nærare bestemt det lokale arbeidet med læreplanane.

Temaet er regulert i opplæringslova (oppl.) av 17. juli 1998, nr. 61

- § 2-2 om omfanget av grunnskuleopplæringa i tid
- § 2-3 om innhald og vurdering i opplæringa

Forskrift til opplæringslova av 23. juni 2006, nr. 724

- § 2-1 om skulebasert vurdering,
- § 3-1 fjerde og femte ledd om rett til vurdering,
- i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06).

Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll

I tidlegare tilsyn har det vore stort fokus på internkontrollsystemet i kommunane. Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. Opplæringslova § 13-10 andre ledd, er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I det felles nasjonale tilsynet 2010 - 2013 er det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

Kommunen sitt ansvar

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga og det pedagogiske personalet for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, vil det vere kommunen som har det overordna ansvaret. Det vert også peika på dette ved at opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system for oppfølging av lovkrava utgjør ein del av dei rettslege krava som er gjenstand for gransking i tilsynet. Det er kommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved dei kontrollerte skulane etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova krev. Sjølv om skulen har det daglege ansvaret for at

lovkrava relatert til lokalt arbeid med læreplanar blir etterlevd og oppfylt, er det kommunen som er ansvarleg for at elevane sine rettar blir oppfylt og som difor er adressat for eventuelle pålegg om endring i samsvar med opplæringslova § 14-1 tredje ledd.

Overordna formål med tilsynet

Lovregulering er eitt av staten sine verkemiddel for å styre samfunnet i ei ønska retning. Tilsynet skal kontrollere at viljen til lovgjevar vert realisert slik denne er uttrykt i lov eller i medhald av lov. Dersom pliktene ikkje vert overhaldne, skal tilsynsmyndigheita påleggje endringar i praksis hos skuleeigar og/eller ved skulen.

Læreplanen er det styringsdokumentet som kanskje betyr mest for skulen sin praksis, og som vender seg direkte mot kjernen i skulen sine oppgåver, det vil seie mot skulen sine mål og innhald. Eit tilsyn med det lokale arbeidet med læreplanen er såleis eit sentralt verkemiddel for å få innsyn i og kontrollere korleis lokale instansar tek i vare oppgåvene og pliktene sine i arbeidet med å planleggje, organisere, undervise og evaluere ut i frå læreplanen som referanseramme, med ei likeverdig opplæring for alle som siktemål. At det kan få alvorlege konsekvensar om det lokale arbeidet med læreplanar ikkje vert skjøtta etter forventningane, vert peika på i følgjande formulering i St.meld.nr. 31 (2007-2008):

"[...] Det er imidlertid utfordringer knyttet til måten Kunnskapsløftet er utformet på. Læreplanene i Kunnskapsløftet har klare mål, men overlater mye av arbeidet med å legge opp undervisningen i tråd med målene til det lokale nivået. Dette kan føre til store variasjoner mellom kommuner og skuler i kvaliteten på de lokale planene, og dermed også innholdet i opplæringen." (side 69)

Hovudføremålet med tilsynet er å sikre at elevane får ei likeverdig og tilfredsstillande opplæring i tråd med formålsparagrafen og læreplanen sine intensjonar uavhengig av kvar ein bur i landet.

Hovudføremålet med tilsynet omfattar følgjande delmål:

- at skuleeigarane og skulane driv systematisk planleggingsarbeid som byggjer på, vidareutviklar og konkretiserer LK06
- at skulebasert vurdering kan verke som eit grunnlag for utviklings- og planleggings og undervisningsarbeid i skulen

Lokalt arbeid med læreplanar

Læreplanverket som er heimla i opplæringslova med tilhøyrande forskrifter, utfyller skulen sine plikter til innhaldet i undervisninga i det enkelte fag og på dei ulike klassetrinna (kvalitet), kor mange undervisningstimar dei forskjellige faga skal ha (kvantitet). Skulane skal drive undervisning i

tråd med dei nasjonale læreplanane. Læreplanen er såleis eit sentralt verkemiddel for at elevane skal få ei tilfredsstillande opplæring og nå måla i føremålsparagrafen til opplæringslova.

Samstundes som Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06) er eit regulerande og forpliktande dokument for skulen, er intensjonen at læreplanverket skal tilpassast, konkretiserast og brukast skjønnsmesseg. Skulen har difor stor innverknad på korleis læreplanar blir omforma og vidareutvikla lokalt. Læreplanen er ikkje utforma som eit ferdig dokument som kan nyttast direkte i praksis, men må vidareutviklast, omformast, operasjonaliserast og forankrast lokalt.

LK06 representerer ei endring samanlikna med tidlegare læreplanar. Den legg færre føringar for korleis undervisninga skal gjennomførast. Den tradisjonelle skildringa av kva lærestoff ein skal arbeide med på dei ulike trinna i dei ulike faga, og omtale av arbeidsmetodar, er i LK06 erstatta med kompetansemål for faga som elevane skal ha nådd ved utgangen av hovudtrinna.

Samanlikna med tidlegare læreplanar styrer LK06 difor ved å formulere forventningar til resultat og i mindre grad ved å skilje korleis undervisninga skal utformast. Hensikta er at skulen i høgare grad skal kunne tilpasse innhald, arbeids- og organiseringsformer til lokale og individuelle omsyn, med høgare måloppnåing som resultat. Dette vert uttrykt slik i St.meld.nr. 31 (2007-2008):

"Intensjonene i Kunnskapsløftet er at lokal dekomponering av målene i de nasjonale læreplanene og valg av lærestoff til disse målene skal bidra til tilpassetopplæring i tråd med lokale forhold og prioriteringer." (side 71)

Skulebasert vurdering

Hensikta med det lokale læreplanarbeidet er å gi læreplanen ei lokal forankring gjennom vidareutvikling og tilpassing. Dette krev at planlegginga kan gjerast på grunnlag av systematisk kunnskap om skulen. Det auka handlingsrommet i utforminga av undervisninga er difor følgd av eit auka ansvar for vurdering og rapportering. Gjennom systematisk vurdering av eige arbeid, skal skuleeigar og skular kunne stake ut kurs og finne strategiar for vidare planleggings- og undervisningsarbeid. Det lokale planarbeidet må difor knytast tett til skulen sitt ansvar for å gjennomføre skulebasert vurdering, og skuleeigar sitt ansvar for å sjå til at dette blir gjennomført, jf. opplæringslova § 2-1.

Avgrensing av tilsynet

Tilsynsrapporten gir ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigar og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat frå tilsynet på det temaet som er valt og gjennomført. Tilsynsmetoden er såleis ikkje designa for å vurdere den totale kvaliteten på dette området. Tilsynet avgrensar seg difor til å vurdere regeletterlevinga på det oppgitte området. Det er opp til den einskilde kommune og skule å bestemme korleis opplæringa skal utformast, så lenge det er innanfor ramma av lov og forskrift.

2. Gjennomføring av tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet inneheld to hovudaktivitetar:

1. Undersøke praksis (hos tilsynsobjekta), og
2. Pålegg om korreksjon av lovstridige forhold.

Fylkesmannen utarbeider ein tilsynsrapport for kvar skule som er gjenstand for undersøking i tilsynet.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftlege utgreiingar og munnlege opplysningar.

Fylkesmannen sine konklusjonar er omtalt som lovbrøt og blir følgt opp av pålegg. I tillegg kan også Fylkesmannen gje tilrådingar.

- Pålegg er rettsleg bindande krav til skuleeigar om å gjere visse endringar for å opprette lovleg praksis. Heimel for pålegg om retting er opplæringslova § 14-1.
- Tilrådingar er råd frå Fylkesmannen som skuleeigar ikkje er rettsleg forplikta til å følge. Fylkesmannen sine tilrådingar gjeld endringar som etter vår vurdering vil styrke elevane sin rettstryggleik.

Gangen i tilsynet

- Varsel om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon til kommunen og skulen 21.10.2013.
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå skulen 22.11.2013
- Dagsorden for tilsynet (påminning) i e-post datert 29.11.2013
- Opningsmøte 04.12.2013
- Intervju/samtalar 04.12.2013
- Førebels rapport og varsel om vedtak 27.03.2014
- Sluttmøte 11.04.2014
- Kommunen sin frist for tilbakemelding på førebels rapport 16.04.2014
- Endeleg rapport og eventuelt varsel om vedtak 23.04.2014
- Tilbakemelding til Fylkesmannen 11.10.2014

3. Kva er kontrollert i tilsynet?

3.1. Skuleigar sine plikter i samband med læreplanarbeidet

Skuleigar Kommunen skal, etter oppl. § 13-10 andre ledd, etablere eit forsvarleg system som sikrar at alle krava i lova blir oppfylt. Førearbeida ¹ legg følgjande føringar for skuleeigar sitt system:

- Systemet skal vere eigna til å avdekke eventuelle forhold som er i strid med lov og forskrift.
- Det vert føresett jamleg resultatoppfølging og vurdering av om lovverket vert etterlevd.
- Systemet skal sikre at det blir sett i verk adekvate tiltak for å sikre lovleg tilstand dersom det vert avdekka lovbrøt.
- Skuleeigar står fritt til å utforme eigne system som er tilpassa lokale forhold.

Desse minimumskrava er knytt til det lokale arbeidet med læreplanane. Dette inneber at:

- Det lokale arbeidet med læreplanar skal kvalitetssikrast
- Skulebasert vurdering blir jamleg gjennomført
- Den planlagde fag- og timefordelinga vert kvalitetssikra.

Innhaldet i minimumskrava blir omtalt nedanfor.

3.1.1. Skuleigar sitt system for å sikre forsvarlege lokale læreplanar

Skuleeigar har ansvar for at skulane lagar og jobbar etter lokale planar som tek i vare LK06. Skuleeigar må difor ha eit system som sikrar at det vert utvikla lokaleplanar for opplæringa og at desse er i tråd med mål og prinsippi LK06 ², jf. oppl. § 13-10 andre ledd, jf. § 2-3 og forskrifta §1-1.

Vidare må skuleeigar sjå til at dei lokaleplanane tek i vare eleven sin rett til å kjenne måla for opplæringa, kva som blir vektlagt i vurderinga av kompetansen og kva som er grunnlaget for

¹ Ot.prp. nr. 55 (2003-2004).

² Innleiing til trykt utgåve av LK06, s. 10: "Skoleeier (kommune, fylkeskommune eller annen skoleeier) er ansvarlig for at opplæringen er i samsvar med lov og forskrift, herunder læreplaner. Læreplanene i faga forutsetter at det konkrete innholdet i opplæringen, hvordan opplæringen skal organiseres og hvilke arbeidsmåter som skal brukes i opplæringen, bestemmes på lokalt nivå. For grunnskolen vil det i tillegg være en oppgave å fordele innhold mellom årstrinn. Generell del, læringsplakaten og læreplanene for fag er grunnlaget for skolens planlegging av opplæringen. Skoleier kan fastsette lokale læreplaner i fag som ramme for den enkelte skoles videre arbeid med planer for opplæringen. Skoler og bedrifter må selv vurdere hvilken organisering og hvilke arbeidsmåter og metoder som er best egnet til å realisere innholdet i læreplanen for den enkelte elev, lærling og lærekandidat".

vurdering, jf. forskrifta § 3-1 fjerde og femte ledd.³

Rettslege krav

Skuleeigar skal kunne dokumentere eit system som sikrar at skulane utviklar eller har tilgang til lokale læreplanar for opplæringa som tek i vare mål og prinsipp i LK06.

Skuleeigar skal innhente dokumentasjon frå skulen som gjer skuleeigar i stand til å bedømme om dei lokale læreplanane tilfredsstiller krava i læreplanverket og forskrifta § 3-1, og at skulane nyttar planane i praksis.

Dokumentasjon

I skuleeigar si utgreiing for tilsynet går det fram at det har vore kompetanseutvikling på skulane i form av kurs for lærarane i læreplanarbeid, og at dette for det meste vart gjennomført for fem til sju år sidan, altså ved innføringa av LK06. I intervju med skuleeigar kjem det fram at skule- og kultursjefen har bedt om å få lokale læreplanar innsendt, men at tida til å gå gjennom planane i praksis er noko avgrensa. Skulefagleg ansvarleg har likevel inntrykk av at kompetansemål, læringsmål, aktivitetar og kriterier for vurdering er på plass i planane. Det kjem også fram i intervju at kommunen ikkje nyttar felles kommunale malar og heller ikkje har utarbeidd skriftlege planar eller retningslinjer som gjeld for arbeidet med lokale læreplanar.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen sitt ansvar er å sikre at krava i opplæringslova med forskrifter vert oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen skal også ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Mykje av arbeidet med lokale læreplanar vil naturleg nok skje på skulane. Men i forhold til minimumskravet har ikkje kommunen dokumentert skriftlege rutinar når det gjeld å kvalitetssikre dei lokale læreplanane og om planane vert følgde i praksis. Det lokale arbeidet med læreplanar må også sjåast i samanheng med elevvurdering og skulebasert vurdering.

Fylkesmannen sin konklusjon

Gaular kommune har ikkje eit operativt system som sikrar at det vert utvikla lokale planar for

³ "Det skal vere kjent for eleven, lærlingen og lære kandidaten kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hennar eller hans kompetanse. Det skal og vere kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurdering i orden og åtferd. Skuleeigar har ansvaret for at eleven, lærlingen og lære kandidaten sin rett til vurdering blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13 -10 første ledd."

opplæringa og at desse er i samsvar med mål og prinsipp i LK06, jf. opplæringslova §§ 13-10 andre ledd, 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1.

3.1.2. Skuleigar sine rutinar for å sjå til at skulebasert vurdering blir gjennomført

Skuleeigar skal sjå til at skulane vurderer måloppnåing i samsvar med læreplanverket. Skuleeigar er ansvarleg for at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå måla som er fastsett i LK06, jf. oppl. § 13-10 andre ledd, jf. forskrift til oppl. § 2-1.⁴

Rettslege krav

1. Kommunen skal ha eit skriftleg system der følgjande rutinar for gjennomføring av skulebasert vurdering inngår:
 - a. Skuleeigar skal innhente skriftleg dokumentasjon frå skulen for å bedømme om vurderinga innhaldsmessig tilfredsstiller krava i regelverket.
 - b. Kommunen skal ha rutinar for oppfølging av arbeidet med skulebasert vurdering, det vil seie sette i verk nødvendige tiltak.
2. Skuleeigar skal sjå til at vurderinga vert gjennomført jamleg, i det minste årleg.

Dokumentasjon

Gaular kommune skriv i utgreiinga til Fylkesmannen at hovudgrunnlaget for skulebasert vurdering for skulane ligg i den årlege tilstandsrapporten⁵. Kvar skule utarbeider ein *utviklingsplan* for kvart skuleår som skal drøftast med tilsette og orienterast om i skulen sine organ før den vert sendt kommunen. I intervju med skule- og kultursjefen kjem det fram at tema i denne utviklingsplanen skal gå igjen i årsrapporten frå kvar skule. Desse årsrapportane vert lagt ved årsmeldinga til politikarane. Etter intervjuet leverte skule- og kultursjefen kopi av årshjul (kalla *Hugseliste – skule*) som viser rutinar for utarbeiding av utviklingsplan/årsplan og årsmelding. I intervju kom det elles fram at kommunen i samband med tilstandsrapporten for 2011 kravde at skulane skulle lage ei skriftleg vurdering. Grunna tidsmangel var det likevel ikkje krav om slik vurdering i 2013. Det vart også peika på at skulane rapporterer munnleg på rektormøta frå etterarbeid med nasjonale prøver. Skule- og kultursjefen etterspør tiltak frå skulane dersom det kjem fram dårlege resultat på nasjonale prøver.

⁴ Forskrift til oppl. § 2-1: "Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skuleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene."

⁵ Jfr. opplæringslova § 13-10, tredje ledd.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen sitt ansvar er å sikre at krava i opplæringslova med forskrifter vert oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen skal også ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Under § 13-10 andre ledd ligg også skulen sitt ansvar for å gjennomføre jamleg skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. Det kan tenkjast at kommunen sitt årlege arbeid med tilstandsrapporten langt på veg kan tilfredsstille lovkrava som ligg på skuleigar til eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Men Gaular kommune har likevel ikkje dokumentert eit skriftleg system som oppfyller dei rettslege krava som gjeld for gjennomføring og oppfølging av skulebasert vurdering når det gjeld å innhente skriftleg informasjon om den skulebaserte vurderinga frå skulane. Den skulebaserte vurderinga vil også vere eigna som grunnlag for informasjon som skuleigar treng for å ta i vare ansvaret sitt om forsvarleg system og oppfølging av nasjonale kvalitetsvurderingar. Arbeidet med skulebasert vurdering må også sjåast i nær samanheng med det lokale læreplanarbeidet og elevvurdering.

Fylkesmannen sin konklusjon

Skuleeigar oppfyller ikkje gjeldane krav for å sjå til at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå måla som er fastsette i LK06, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

3.1.3. Kvalitetssikre den planlagde fag- og timefordelinga

Skuleeigar skal sikre at fag- og timefordelinga blir planlagt i samsvar med forskrifta. Dette kan gjerast anten ved at det vert utarbeidd ein fag- og timefordelingsplan på kommunenivå eller ved at skuleeigar ser til at dette vert gjennomført som føresett på skulenivå gjennom jamleg kontroll eller rapportering, for eksempel gjennom å hente inn fag- og timefordelingsplanar, jf. oppl. § 2-2, jf. forskrifta § 1-1 ⁶.

Rettslege krav

Skuleeigar skal ha eit system for å sikre at av fag- og timetalfordelinga blir sett i verk i samsvar med regelverket,

- ved oppdatering av obligatoriske fag- og timefordelingsplanar på kommunenivå, og
- gjennom jamleg rapportering av skulane sine fag- og timefordelingsplanar.

⁶ Forskrift til oppl. § 1-1: "I grunnskolen skal opplæringa vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag- og timefordelinga."

Dokumentasjon

I samband med dette tilsynet er det sendt inn fag- og timefordelingsplanar for skulane i Gaular kommune. Skuleeigar gjer politisk vedtak om fag- og timefordelinga når det kjem endringar i timetalet. Kommunen har dokumentert saksutgreiing og vedtak (møtebok) i kommunestyret 10.04.2012 som er siste endring for skulane då det vart innført valfag på ungdomssteget. Kommunestyresaka syner òg vedtaket som vart gjort i høve siste endring for barnesteget i 2010 og fag- og timefordelinga. Gjennom intervju med skule- og kultursjefen kjem det fram at kommunen ikkje sjekkar om fag og timefordelinga stemmer ute på skulane. Skuleeigar har inntrykk av at skulane i kommunen sjekkar dette sjølve og det er heller ikkje lagt opp til rutinar for å sikre at skulane jamleg rapporterer fag- og timefordelingsplanane.

Fylkesmannen si vurdering

Frå og med skuleåret 2013-2014 kan skuleeigar omdisponere inntil 5 prosent av timetalet i fag til andre fag⁷. Dette inneber at den nasjonale fag- og timefordelinga for 1.-10. trinn vil vere rettleiande for inntil 5 prosent av timane. Minstetimetallet i det ein skilte fag vil vere 95 prosent, medan inntil 5 prosent kan omdisponerast frå eitt fag til eitt eller fleire andre fag. Fylkesmannen kan ikkje sjå at Gaular kommune har omdisponert timar slik det her er høve til gjennom lokal forskrift. I utgreiinga frå skule- og kultursjefen kjem det fram at kommunen vedtek fag- og timefordelinga politisk (i kommunestyret) i tråd med forskrift. I intervju vart det presisert at politisk vedtak berre vert gjort når det kjem nasjonale endringar i timetalet, elles lager skulane timeplan i tråd med politisk vedtak. Frå skuleeigar si side er det ikkje dokumentert eit system som sikrar at skulane i praksis følgjer vedtekne nasjonale retningslinjer for fag- og timefordeling.

Fylkesmannen sin konklusjon

Gaular kommune som skuleeigar har ikkje dokumentert eit tilfredsstillande system for å sikre at skulane sine fag- og timefordelingsplanar er i samsvar med regelverket.

3.2. Skulen sine plikter i samband med læreplanarbeidet

Skulen er pålagt ei rekkje oppgåver i samband med det lokale læreplanarbeidet. Skuleeigar har eit overordna ansvar for at skulane utfører sine lovpålagde plikter, jf. oppl. § 13-10 første ledd.

3.2.1. Planlagt fag- og timefordeling

Skulane skal ha planlagt undervisning i dei fag og med det timetal som går fram av LK06, jf.

oppl. §§ 2-2 og forskrifta § 1-1.

⁷ Vedlegg til rundskriv Udir-01-2013, punkt 2.1.1. *Inntil 5 prosent fleksibilitet for 1.-10. trinn.*

Rettslege krav

Det totale timetalet for kvart hovudtrinn skal samsvare med timetalet som er sett for kvart fag i læreplanen. Det er ikkje tillate å flytte timar i norsk/engelsk/matematikk mellom hovudtrinna.

Dokumentasjon

I varsel om tilsyn blei følgjande etterspurt: «Skulen sine fag- og timefordelingsplaner for 1.-7. trinn.» Gaular kommune dokumenterte møtebok frå kommunestyret 10.04.2012 som viser fag- og timefordelingsplan for alle skulane i kommunen. Etter tilsynsintervju fekk Fylkesmannen også tilsendt tabellen med timefordelinga for barnesteget på Bygstad og Sande skule, som i realiteten er kopi av den aktuelle tabellen i kommunestyresaka våren 2012.

Fylkesmannen si vurdering

Gjeldande ordinær fag- og timefordeling går fram av vedlegg til Rundskriv Udir-01-2013. I fag og timefordeling for Bygstad skule er timetalet oppgitt i «skuletimar» dvs. 45-minuttars einingar, men etter Kunnskapsløftet er timetalet oppgitt i klokketimar (60-minuttars einingar). I intervju kjem det fram at skulen i praksis organiserer skuledagen i 45-minuttars økter.

Det er fastsatt eit samla minstetimetall for elevar på 1.-7. trinn (og for elevar på 8.-10. trinn) som elevane har rett på. Skuleeigar har plikt til å gje minstetimetallet, men står fritt til å tilby fleire timar. Innanfor dette minstetimetallet fastsetter skuleeigar fag- og timefordelinga på årstrinn. Bygstad skule har dokumentert plan for samla årstimetal (1.-7. trinn) i alle fag på 5 244 timar. Kravet til minstetimetall er 5 234 årstimar, dvs. at skuleeigar sin plan samla sett har 10 timar meir enn minstekravet. I faga RLE, Naturfag, Samfunnsfag, Musikk og Mat og helse er årstimetalet i skulen sin plan likt med minstekravet. Faget Matematikk har i planen pluss 24 årstimar på 1.-7. trinn samla, medan Engelsk har pluss 19 årstimar, Kroppsøving har pluss 7,5 årstimar og Fysisk aktivitet vert tilbyd i 9,5 årstimar meir enn minstetimetallet. Dokumentasjonen frå skulen viser også at faget Norsk har 4 årstimer mindre enn minstekravet for hovudtrinnet og faget Kunst og handverk har i alt 7 årstimar under minstetimetallet for 1.-7. trinn.

Det kjem fram i intervju med skuleeigar at kommunen ikkje sjekkar om fag- og timetalsfordelinga stemmer ute på skulane. Det vert heller ikkje utført noko form for kontroll av skulane sine timeplaner.

Konklusjon

Bygstad skule har dokumentert eit tilfredsstillande system for å sikre at fag- og timefordelingsplanar er i samsvar med regelverket.

3.2.2. Rektor si organisering av det lokale planarbeidet

Rektor skal ha rutinar for å kvalitetssikre at skulen sitt arbeid er i samsvar med gjeldande læreplanar, jf. oppl. § 2-3 fjerde ledd, jf. oppl. § 2-3 fjerde ledd.

Rettslege krav

Rektor skal ha rutinar for å kvalitetssikre skulen sitt arbeid med læreplanar gjennom:

- *anten* felles malar for årsplanar og/eller tilsvarande periodeplanar *eller* kontroll av årsplanar og/eller tilsvarande periodeplanar
- å sikre at alle kompetansemåla på trinnet og hovudtrinnet blir dekt, *anten* ved at alle kompetansemåla for trinnet blir dekt i løpet av året, *eller* ved at det vert samordna mellom kollegaer på høgare/lågare trinn om fordeling av kompetansemål.

Føremålet med dette kontrollpunktet er å sikre at opplæringa blir planlagt i tråd med den til ei kvar tid gjeldande læreplan. Det blir ikkje stilt krav om at skulane skal ha fullstendige læreplanar i alle fag der dette ikkje er nødvendig for å sikre dekking av alle kompetansemåla. Det er greitt at ein ved planlegginga av undervisninga tek utgangspunkt i lærebøker. Læreverk som er utarbeidd etter LK06 vil truleg i stor grad dekkje dei mest vesentlege delane av kompetansemåla og i nokre tilfelle kanskje alle.

Det er i dag ikkje noko sentral godkjenningsordning av læreverk, og lokalt må ein derfor sikre at dei aktuelle læreverka som vert nytta, er i samsvar med gjeldande læreplanar. Dette krev eit lokalt arbeid med læreplanane som sikrar at alle kompetansemåla blir forsvarleg dekte gjennom dei åra elevane går i skulen. Skulen har såleis eit lokalt handlingsrom for å tilpasse innhald, arbeidsmåtar og organisering av opplæringa. Men det sentrale er at dei lokale planane byggjer på nasjonale kompetansemål og fremjar det eleven i følgje kompetansemålet skal meistre.

Rektor må ha eit system som sikrar at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa til kompetansemål i fag ved t.d. gjennomgang og diskusjon av kompetansemåla og innhaldet i opplæringa, oppfølging av lokale planar, observasjon av undervisninga og liknande.

Dokumentasjon

I varsel om tilsyn bad Fylkesmannen om Bygstad skule sine årsplanar eller tilsvarande i faget mat og helse for 1.-7. trinn, inkludert eventuelle malar.

I innsendt dokumentasjon frå skulen var følgjande planar lagt ved: Årsmelding 2012, Bygstad skule

lokale planar, Vedlegg til lokale planar Bygstad skule, Mat og helse 6. klasse – hausten 2013, Mat og helse 6. klasse. Fagkompetanse: kompetansemåla hausten 2013, Eigenvurderingsskjema for 6. klasse [Mat og helse] Konkrete døme på oppgåver/opplegg/evaluering [Mat og helse].

Fylkesmannen si vurdering

I denne rapporten sitt tidlegare kapittel 3.1.1. *Skuleigar sitt system for å sikre forsvarlege lokale læreplanar*, peiker Fylkesmannen på at i forhold til minimumskravet har ikkje Gaular kommune dokumentert skriftlege rutinar når det gjeld å kvalitetssikre dei lokale læreplanane og om planane vert følgde i praksis.

Bygstad skule har utarbeidd sitt eige plandokument - *Lokale planar* - som gjer nærare greie for prinsipp og prosess for lokalt planarbeid på skulen med utgangspunkt i LK06. Planen tek for seg sosial kompetanse, lokalt læreplanarbeid i fag, reviderte lokale læreplanar hausten 2013, utviklingsplanar 2009-2014, tilpassa opplæring/differensiering, tidleg innsats, vurdering og entrepenørskap. Gjennom intervju med rektor kjem det fram at skulen gjev uttale til skuleeigar sitt framlegg til fag- og timefordeling. Kommunen sitt endelege vedtak om fag- og timefordeling er utgangspunktet for arbeidet med timeplanane for kommande skuleår. Når alle timar og ressursar er innarbeidd på timeplanen for kvar klasse, går rektor og kontaktlærer gjennom fordelinga. Planane vert lagra på kommunen sitt område på intranettet. Vidare stadfester rektor gjennom intervju at skulen har malar for halvårsplanar i alle fag. I starten på kvart semester går rektor gjennom planane saman med lærarkollegiet og vert samde om oppsettet. Bygstad skule har òg mal for årsplan for alle hendingar og aktiviteter som t.d. elevsamtalar, foreldresamtalar, IOP, nasjonale prøver, entrepenørskapsplan. Dette vert vidareført til møteplanar for fellesmøte, stegmøte og klassemøte og vert publisert på skulen si heimeside. På *Fronter* ligg alle lekseplanane for kvar veke til alle klassar.

Konklusjon

Fylkesmannen finn at Bygstad skule har etablert eit tilfredsstillande system som gjeld organiseringa av skulen sitt lokale planarbeid.

3.2.3. Innhaldet i lokale planar (årsplanar)

Skulane skal utarbeide lokale læreplanar (årsplanar eller tilsvarende periodeplanar) som legg til rette for undervisning i samsvar med prinsipp og mål i LK06, jf. oppl. § 2-3 fjerde ledd og forskrifta §§ 1-1 og 3-1 fjerde ledd⁸. Kunnskapsløftet stiller store krav til det lokale

⁸ § 2-3 fjerde ledd: "(...) Undervisningspersonalet skal tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her. Rektor skal organisere skolen i samsvar med første leddet og forskrifter etter tredje leddet og i samsvar med § 1-1 og forskrifter etter § 1-5."

læreplanarbeidet. Skulen har tradisjonelt både hatt fridom til å utforme og forandre planane etter lokale og individuelle omsyn. Regionalt og lokalt planleggings- og utviklingsarbeid er heller ikkje noko nytt; på 1980-talet blei lokalt planleggingsarbeid for alvor sett på dagsorden ved at innføringa av målstyring kravde nye desentraliseringsstrategiar. Det arbeidet som Kunnskapsløftet pålegg det lokale nivået er likevel langt meir omfattande og grunnleggjande enn tidlegare. Årsaka er at Kunnskapsløftet ikkje stiller opp metodiske krav til undervisninga, men i staden mål på elevane sin kompetanse og dugleik. Kompetansemåla kan vere generelle og vage, og må operasjonaliserast. Kompetansemåla gir mål *for* læring, *ikkje mål på* læring⁹. Skulen skal lage den strukturen for opplæringa som LK06 ikkje gir. Denne strukturen vert til gjennom å knytte resultatmål til eit innhald, det vil seie *kva* skal ein lære *når*. Målet med strukturen i undervisninga er å danne ein progresjon, ein raud tråd, i lærestoffet. Denne skal skulen sjølv utforme gjennom det lokale arbeidet med læreplanar.

Rettslege krav

Skulen skal ha årsplanar eller tilsvarande periodeplanar for faga der:

- kompetansemåla er brotne ned/operasjonalisert i læringsmål eller tilsvarande skildring av kva elevane skal kunne eller meistre, det vil seie mål for læring,
- læringsmåla er knytt til eit undervisningsinnhald,
- kjenneteikn på ulik grad av måloppnåing er oppgitt, det vil seie mål på læring, ikkje nødvendigvis for alle kompetansemåla, men i alle fall for grupper av kompetansemål.

Hensikta med kontrolltemaet i dette kapittelet er å undersøke om det lokale læreplanarbeidet utfyller de krava til opplæringa som ikkje er dekt gjennom kompetansemåla i sentral læreplan. Det er krav om at det lokalt blir gjort ei operasjonalisering til læringsmål, eit utval av lærestoff og val av arbeidsmåtar og ei avklaring/fastsetjing av kriterier for måloppnåing.

Dokumentasjon

Kapittel 3.2.2 i denne rapporten lister opp kva for planar som kan knytast til lokalt læreplanarbeid og som er sendt inn som dokumentasjon. Nokre av desse er knytt direkte til faget mat og helse som

Forskrifta § 1-1: "I grunnskolen skal opplæringa vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag og timefordelinga (...)"

Forskrifta § 3-1 fjerde ledd: "Det skal vere kjent for eleven, lærlingen og lærekandidaten kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hennar eller hans kompetanse. Det skal og vere kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurdering i orden og atferd."

⁹ Sivesind, K. et.al.: *Kunnskap og læringsambisjoner for ungdom i seks land*. Utdanningsdirektoratet, 2011.

på Bygstad skule er lagt til 4. klasse med ein veketime og 6. klasse med tre veketimar.

Fylkesmannen si vurdering

Å lage ein god lokal læreplan er eit kontinuerleg arbeid. Planen kan endrast og supplerast undervegs i året, og den kan med tanke på neste år også justerast etter at undervisninga er gjennomført. Ein vanleg framgangsmåte ved utforming av undervisningsopplegg er å ta utgangspunkt i kompetansemål, som deretter vert omforma til læringsmål. Vidare vil desse føre til innhald/læringsaktivitetar med vekt på tilpassing av opplæringa, inkludert grunnleggjande dugleikar. Korleis skulen vil gjennomføre elevvurdering (undervegs- og sluttvurdering) gjennom utarbeiding av kriterier på meistring, er også ein viktig del av dette arbeidet.

I vår vurdering legg vi til grunn at i forhold til minimumskrava har skuleeigar ikkje kunne dokumentere *skriftlege* rutinar når det gjeld å kvalitetssikre dei lokale læreplanane og om planane vert følgde i praksis, jf. kapittel 3.1.3 ovanfor. Når det gjeld Bygstad skule sitt lokale læreplanarbeid i faget mat og helse, er dette m.a. omtalt i tilsendt *Halvårsplan for 4. klasse, hausten 2013*. Halvårsplanen siterer frå gjeldande læreplan innafor faget sine tre hovudområde (Mat og livsstil, Mat og kultur, Mat og forbruk) og dei tilhøyrande kompetansemåla for fjerde årsteg. Sitata er satt opp i en seksdelt tabell for å gje god oversikt, men utan nærare forklaring eller lokal konkretisering av læringsmål, grunnleggjande ferdigheter og vurdering. Halvårsplanen har datoar for opplæringa delt inn for to elevgrupper fram til jul. Aktivitetane eller sjølv innhaldet i timane er oppgitt i form av fortløpande stikkord for august-september, oktober-november og desember. Fylkesmannen har også fått tilsendt ein tilsvarende halvårsplan for 6. klasse i faget, kalla *Mat og helse 6. klasse – hausten 2013*. Her vert òg faget sine tre hovudområde referert innleiingsvis og det kjem fram at steget nyttar læreboka Kokeboka mi. Halvårsplanen er ei liste på 29 kulepunkt på ei side, som i korte setningar vekslar mellom å gje informasjon om ulike emne, aktivitetar og forskjellige matrettar i opplæringa for kvar månad. På spørsmål i intervju om korleis elevane blir fortalt kva dei skal kunne eller mestre (mål for læring) vart det peika på at ei økt alltid startar med tidsperspektiv på tavla og læringsmål – «kva skal du lære i dag?». Gjennom intervju kjem det òg fram at elevane i 6. klasse gjer skriftleg eigenvurdering, og at det no skal utarbeidas eit vurderingsskjema for elevane i fjerde klasse for eigenvurdering av kompetansemåla.

Konklusjon

Læreplanane i Kunnskapsløftet, faget mat og helse inkludert, er avhengig av at kompetansemåla operasjonaliserast lokalt. Dette betyr at kompetansemåla er grunnlaget for undervisninga i form av ei rekkje mindre *læringsmål* definert på den aktuelle skulen og av den enkelte lærar. Eit læringsmål

er altså ikkje ei liste over kva elevane skal ta seg til i løpet av ein time. Læringsmål skal formidle kva eleven skal *lære*. På bakgrunn av at elevane lærer på ulike måtar, bør læringsmål formidlas til elevane både munnleg og skriftleg.

I faget mat og helse må Bygstad skule på denne bakgrunn vise på ein meir systematisk måte korleis kompetansemåla vert konkretisert til læringsmål og samtidig synleggjere *grunnleggjane ferdigheiter* som er integrert i fagplanen. Lærarane sin vurderingspraksis har alltid stor påverknad på elevane si læring. Skulen må innfri kravet til eigenvurdering, dvs. vurdering av eige arbeid, faglege utvikling og eigen kompetanse for alle elevane i faget mat og helse. Individuell vurdering omfattar også halvårsvurdering, fagleg samtale og sluttvurdering for elevane i mat og helse. Bygstad skule må dokumentere dette på en måte som viser at vurdering i mat og helse, til liks med alle andre fag, er kompetansemåla i læreplanen. Dette betyr at elevane si samarbeidsevne, faglege interesse, sjølvstendigheit, initiativ og innsats *ikkje* skal vere deler av vurderingsgrunnlaget.

3.2.4. Skulebasert vurdering

Skulane skal gjennomføre skulebasert vurdering der måloppnåing i samsvar med læreplanfesta mål blir vurderte, jf. forskrifta § 2-1.

Rettslege krav

- Det skal vere ei skriftleg vurdering.
- Det skal gjennomførast jamlege vurderingar, minimum kvart år.
- Vurderinga skal handle om skulen sitt arbeid når det gjeld organisering, tilrettelegging og gjennomføring av undervisning.
- Vurderinga skal handle om i kva grad skulen sitt arbeid medverkar til å nå måla i LK06, det vil i det minste seie ei vurdering av oppnåing av mål (nasjonale prøvar, kartleggingar, eksamen o.l.), sett i samanheng med analyser av skulen sitt undervisnings- og læringsarbeid.
- Involverte partar ved skulen skal delta i analyse- og konklusjonsarbeidet, det vil seie at ikkje berre skuleleiinga, men også lærarane eller representantar for lærarane må delta gjennom å analysere resultat og utforme tiltak.
- Alle konklusjonar skal skriftliggjerst og kommuniserast til involverte partar og til skuleeigar som grunnlag for avgjerder om oppfølgings- og utviklingstiltak.

Dokumentasjon

Av dokumentasjonen er følgjande tilsendte dokument relevante for å klargjere kor vidt skulen

driv med aktivitetar med karakter av skulebasert vurdering: *Skulebasert vurdering Bygstad skule* (eiga hefte på 22 sider), *Vedlegg skulebasert vurdering Bygstad skule* (eiga hefte på 44 sider) og *Skulebasert vurdering Mat og helse Bygstad skule*.

Fylkesmannen si vurdering

I vår vurdering har vi teke utgangspunkt i at *skuleeigar* ikkje oppfyller gjeldane krav for å sjå til at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå måla som er fastsette i LK06, jf. kapittel 3.1.2 i denne rapporten.

Dei aktuelle dokumenta frå Bygstad skule inneheld alle fleire sitat eller parafraser frå lov og forskrift om skulebasert vurdering. Dette fortel m.a. at skulen kjenner godt til det grunnleggande, nasjonale regelverket. Dokumentasjonen inneheld også fleire tiltak som oppfyller krava til skulebasert vurdering. Dette kjem tydeleg fram i forhold til resultat kvalitet når det gjeld årleg vurdering og oppfølging av resultat på nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk. Det same gjeld for vurdering og oppfølging av resultata frå Elevundersøkinga. Når det gjeld vurdering av prosesskvalitet, som t.d. organisering, tilrettelegging og gjennomføring av undervisning, er skulebaserte vurdering dokumentert under overskrifta *Tilpassa opplæring – differensiering*. Her er det gjort nærare greie for funn gjort etter kartlegging av lesing i vurderingsarbeidet siste fire år, og nødvendige tiltak i den ordinære undervisninga. I intervju vart det peika på at skulen gjennomfører årleg skulebaserte vurderingar hovudsakleg innafor basisfaga når det gjeld skriftleg dokumentasjon. Årsaka til dette er rapporteringskrav og fokus frå skuleeigar på nasjonale prøvar og kartleggingstestar. I intervju vart det òg understreka at sjølv om det framleis er mykje å ta fatt i, så er skulen på god veg til å utvikle skulebasert vurdering til eit meir heilskapleg system.

Konklusjon

Bygstad skule sitt arbeid med skulebasert vurdering oppfyller krav i forskriftene til opplæringslova § 2-1.

4. Varsel om pålegg om endring

På bakgrunn av det som kjem fram av kapittel 3 gir Fylkesmannen slikt varsel om pålegg

Skuleeigar sine plikter i samband med det lokale arbeidet med læreplanen

Skuleeigar sitt system for å sikre lovmessige lokale læreplanar.

1. Gaular kommune skal sikre at Bygstad skule lagar eller jobbar etter lokale planar som oppfyller LK06. Gaular kommune skal i samband med dette:

- a. Ha rutinar for å skaffe informasjon om skulen sitt arbeid med lokale læreplanar.
- b. Ha rutinar for å kvalitetssikre innhaldet i lokale læreplanar.
- c. Gjennomføre tiltak der rapportering av eventuelt avdekkjer manglande kvalitet på eller bruk av dei lokale læreplanane.

Kvalitetssikre den planlagde fag- og trefordelinga

2. Gaular kommune skal sikre at skulane i kommunen fordeler fag og timar i samsvar med regelverket. Gaular kommune skal i samband med dette:
 - a. Veta overordna kommunal fag- og trefordelingsplan med fordeling av timane mellom årstrinna innafor rammene av sentralt gitt plan, *eller*
 - b. Delegere mynde til å vedta fag- og trefordelingsplanar på skulenivå, og å kontrollere at skulane sine planar ligg innafor rammene av sentralt fastsett plan.

Skuleeigar sine rutinar for å sjå til at skulebasert vurdering vert gjennomført

Opplæringslova § 13-10 andre ledd. Forskrift til opplæringslova § 2-1.

3. Gaular kommune skal sikre at skulane i kommunen jamleg vurderer organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa i forhold til måloppnåing fastsett i LK06. Gaular kommune skal i samband med dette:
 - a. Utarbeide rutinar som gjer skuleeigar i stand til å avgjere om skulane gjennomfører ei tilfredsstillande skulebasert vurdering.
 - b. Gjennomføre tiltak der kontrollen viser at vurderinga av innhaldet ikkje imøtekjem krava i regelverket.
 - c. Gjennomføre tiltak der kontrollen viser at vurderinga ikkje vert gjennomført årleg.

5. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigen erklæring i samband med varsel om lovbrøt.

Tiltak for å rette lovbrøta skal setjast i verk med det same.

Gaular kommune skal gi ei skriftleg erklæring om korleis eventuelt varsel om lovbrøt er retta/blir retta. Erklæringa skal understøttast med nødvendig dokumentasjon. Erklæringa skal vise til korleis retting er gjort på systemnivå og innehalde dei nye rutinane.

I den grad det er mogleg skal kommunen dokumentere praksisendringar som viser at endringane er tatt i bruk i praksis (implementert), eventuelt korleis endringa er tenkt gjennomført.

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Frist for innsending av slik erklæring er 01.10.2014.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Frans Jacob Krebs
(revisjonsleiar)

Helge Pedersen
(revisor)

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon
2. Oversyn over dei som er intervjuet

Vedlegg 1 Oversyn over innsendt dokumentasjon

Vedlegg	Oversikt over dokumentasjon frå skuleeigar	Datert
1	Tilsyn – innsending av dokumentasjon [tilstandsvurdering]	22.11.2013
2	Rullert kompetanseplan for Gaular kommune 2005-08	
3	«Tilpassa opplæring» Referat frå kommunemøte i Gaular 29.02.08	03.03.2008
4	Presentasjon/vurdering frå profesjonsprosjektet Sande skule	
5	Skulebesøk i Gaular kommune 2011	
6	Innhaldsliste frå perm Planar skule og barnehage	
7	Møtebok for Gaular kommune (fag- og timestfordeling)	21.03.2012
8	Årsmelding 2012 Bygstad skule	
9	Årsmelding 2012 Sande skule	
10	«Hugseliste» skule- og kulturkontoret 2010	

Vedlegg	Oversikt over dokumentasjon frå Bygstad skule	Datert
1	Bygstad og Sande, timestfordeling barnesteget, 45 min økter pr veke	
2	Halvårsplan 6. klasse hausten 2013	
3	Mat og helse 6. klasse – hausten 2013	
4	Eigenvurderingsskjema for 6. klasse	
5	Mat og helse 6. klasse Fagkompetanse kompetansemåla hausten 2013	
6	Halvårsplan for 4. klasse, hausten 2013	
7	Bygstad skule Lokale planar	
8	Vedlegg til lokale planar Bygstad skule	
9	Skulebasert vurdering Bygstad skule	
10	Vedlegg skulebasert vurdering Bygstad skule	
11	Skulebasert vurdering Mat og helse Bygstad skule	

Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Helge Følid	Rådmann			X
Jetvard Kalland	Skule- og kultursjef	X	X	X
Kirsten Råheim	Rektor	X	X	X
Magni Eide	Lærer	X	X	
Anne-Lise Nistad Ekehaug	Lærer	X	X	



Skatteetaten

Saksbehandlar
Kjersti Hopland Hollup

Dykkar dato

Vår dato
14.02.2014

Direkte tlf
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse
2013/148933

Kommunestyret i Gaular kommune

6973 Sande i Sunnfjord

Kontrollrapport 2013 vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen i Gaular kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følgje skatteoppkrevjar sine årsrapportar. Sum årsverk gjeld totalt på skatteoppkrevjarkontoret i Førde som omfattar kommunane Gaular, Førde og Naustdal:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
5,15	5,35	5,35

Postadresse
Njøsavegen 2

6863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Gaular kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 241 591 544 og uteståande restansar² på kr 4 323 586, av dette krav stilla på vent kr 691 562. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2014.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Gaular kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	6,5	98,1	97,0	93,4	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	35,7	99,9	99,8	98,5	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	18,7	99,2	99,4	99,4	99,3
Forskotstrekk 2012	92,5	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	8,2	100,0	99,9	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	18,2	97,2	99,9	100,0	92,7

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Gaular kommune er tilslutta den interkommunale kontrollsamarbeidet i Førde.

Resultat for kommunen per 31. desember 2013 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
119	6	5	4,2	3,7	1,8	4,2

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 22. – 24. oktober 2013.

Skattekontoret har i 2013 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

5. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkreving**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkreivjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**


På bakgrunn av dei kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og retningslinjer. Omfanget på 4,2% ligg nært opp til resultatkravet på 5%.


6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom kontrollhandlingar i 2013 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 19. november 2013.

Skatt vest gjennomførte møte i Sogn og Fjordane 19. september 2013 hvor skatteoppkrevjere og rådmenn var invitert. Temaet var fremtidig samarbeid om arbeidsgiverkontrollen. Skatteoppkrevjar Evert Are Havn var representert på møte. Ingen møte frå kommunal leiing i Gaular kommune.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør
Regional kontrollleining

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Gaular kommune
- Skatteoppkrevjaren for Gaular kommune
- Riksrevisjonen

Sekom postmottak

SM 4/14

Fra: Gaular Postmottak
Sendt: 3. februar 2014 14:32
Til: 'Magna Lisbeth'; 'mavive@frisurf.no'; Sekom postmottak; Bjørn Noren; Skudal Eldrid; Ivar Johan Årberg (iaarberg@online.no); Jonny Kårstad (jonnkaar@online.no); Myklebust Terese; Norèn Bjørn; Ole Rune Døskeland; Taftø Ellinor; 'Arild Horsevik'; 'Fossen Erlend Brede'; Furnes Norunn Lunde; 'Gillestad Grim Erik'; Gjerde Kenneth; Hage Aud Marit; Heidi Vallestad; 'Hoff Atle'; Horsevik Arild; Jarl Tyssekvam (jarlty@online.no); Jenny Følling (jenny.folling@sfj.no); Joar Oppedal Årnes (livogjoar@nedrestrand.com); 'Kandal Bente'; Kari Iren Birkeland (kari-i-b@online.no); Kvamme Anita Eide; 'Lilleaasen Anne Kristin'; Margunn Nistad (b-nista@frisurf.no); Mari Andrea Ness; Råheim Mathias; Siv Øvrebø Kårstad (sivovrebokaarstad@hotmail.no); 'Solheim Jan Børge'; Søgne Sølvi; Aud Lunde (aud.lunde@gmail.com); 'Laila Oppedal'; Lars-Egil Viken (legvi@online.no); 'Oppedal laila (privat)'
Emne: Viktig melding: Endringer i møteplan 2014
Viktighet: Høy

Formannskapet har i møte 30.01. gjort endringer i møteplanen for 2014:

Kommunestyremøta:

Møtet 06.03. vert flytta til 04.03 (møtestad: Bygstad)

Møtet 24.06. vert flytta til 26.06.

Møtet 09.10. vert flytta til 30.09.

Formannskapet/administrasjonsutvalet:

Møtet 24.09. vert flytta til 18.09.

Med helsing

Gaular kommune
Tenestetorget

Tlf 57 71 85 00

Epost: postmottak@gaular.kommune.no

SM 5/14



Rapport for året 2013

Skatteoppkrevjaren i Gaular kommune

1.	Generelt om skatteoppkrevjaren sin verksemd.....	3
1.1.	Skatteoppkrevjarkontoret.....	3
1.1.2	Organisering.....	3
1.1.3	Ressursar og kompetanse.....	3
1.2	Internkontroll.....	4
1.3.	Vurdering av skatteinngangen.....	5
1.3.1.	Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2013.....	5
	Regnskapet viser at skatteavdelinga har kravd inn kr. 241 591 544,- i 2013, mot.....	5
1.3.2	Kommunen sin del av skatteinngangen i 2012:.....	5
1.4.	Skatteutval.....	5
2.	Skatteregnskapet.....	5
2.1.	Avlegging av skatteregnskapet.....	5
2.2	Margin.....	6
2.2.1	Marginoppgjøret for 2012.....	6
3.	Innkrevjing av krav.....	6
3.1.	Restanseutviklinga.....	6
3.1.1	Totale restansar per 31.12.2013 for skatt og arbeidsgivaravgift.....	6
3.1.2	Kommentar om restansesituasjonen og utviklinga i restansar.....	7
3.1.3	Restansar eldre år.....	7
3.1.4	Kommentar om restanseoppfylginga på eldre år.....	7
3.2.	Innkrevjinga sin effektivitet.....	8
3.2.1	Vurdering av kontorets resultat per 31.12.2012.....	8
3.2.2	Vurdering av i kva grad, og korleis aktiviteten for innkrevjinga har påverka resultatet for innkrevjinga.....	8
3.2.3	Omtale av spesielle forhold.....	8
3.2.4	Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga.....	9
3.3.	Særnamnskompetanse.....	9
4.	Arbeidsgjevarkontroll.....	9
4.1.	Organisering av arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.2	Planlagde og gjennomførte kontrollar.....	9
4.3	Tal kontroller med resultat, avdekka beløp, eigenretting og avdekking av uregistrerte arbeidstakarar.....	9
4.4	Vurdering av aktiviteten på området arbeidsgjevarkontrollen i regnskapsåret.....	9
4.5	Omtale av samarbeidet med andre kontrollaktørar.....	9
4.6	Kontorets eventuelle tiltak for betring av arbeidsgjevarkontrollen.....	9

1. Generelt om skatteoppkrevjaren sin verksemd

1.1. Skatteoppkrevjarkontoret

Ressursfordeling

Oversikt og bruk av ressursar for kommunane Førde, Naustdal og Gaular (normalår)

	Årsverk	%-del fordelt
Tal årsverk ved SKO som berre er nytta til SKO-funksjonen i regnskapsåret	5,15	100 %
Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	1,8	36%
Innkrevjing av skatt/arbeidsgjevaravgift	2,0	38%
Kontrollverksemd	0,85	16%
Informasjon og veilleiing overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0,2	4%
Skatteutval	0,0	0%
Administrasjon	0,3	6%
	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren sitt ansvarsområde er regulert i eigen instruks (skatteoppkrevjarinstruksen) fastsatt av Skattedirektoratet 8. januar 2009. Skatteoppkrevjaren er ansvarleg for at oppgåvene som fylgjer av instruksen utførast på forsvarleg måte og til rett tid. Skatteoppkrevjaren skal arbeide for å oppnå dei måla og krava som vert fastsett i styringsdialogen med overordna fagleg myndigheit. Instruksjonsmyndigheit overfor skatteoppkrevjaren på instruksens sitt virkeområde utøvast på regionalt nivå av skattekontoret, og på sentralt nivå av Skattedirektoratet og Finansdepartementet. Skatteoppkrevjaren må rette seg etter pålegg frå overordna fagleg myndigheit så vel generelt som i enkeltsaker. Skatteoppkrevjaren skal ved behov for råd og rettleiing kontakte skattekontoret.

Førde kommune er vertskommune for interkommunalt samarbeid om skatteoppkrevjarfunksjonen i Førde, Naustdal og Gaular, for det som er regulert under arbeidsområdet til skatteoppkrevjaren. Dette stiller strenge krav til rutinar og internkontroll.

Vi er 6 tilsette som arbeider på skatteoppkrevjarkontoret. Inklusiv den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen har vi i 2013 disponert 5,15 stillingsheimlar fordelt på dei tre kommunane. I den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen deltar også Jølster, med 15% stilling, slik at vi då totalt har hatt 5,3 stillingsheimlar på kontoret.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Jf. Skatteoppkrevjarinstruksen skal skatteoppkrevjaren sjå til at kontoret til ein kvar tid har tilstrekkeleg ressursar og kompetanse, slik at oppgåvene som omfattar instruksen kan utførast på en forsvarleg, hensiktsmessig og rasjonell måte. Dersom ressursane, organiseringa eller kompetansen ikkje er tilfredsstillande, og skatteoppkrevjaren ikkje sjølv kan rette opp i dette,

skal forholde takast opp med den overordna kommunale leiinga. Fører ikkje dette fram, skal saka takast opp med skattekontoret.

Frå 7. mars har vi vore ein person mindre grunna sjukmelding, og at ein person har tatt arbeid på anna eining i kommunen. Dette har tidvis medført stor arbeidsbelastning på medarbeidarane. Det er tilsett ny person i denne stillinga frå 01.01.2014

Vi har faglig dyktige medarbeidarar på alle områder. Dei som arbeider på skatteavdelinga, har lang erfaring innafor de forskjellige områda rekneskap, innkrevjing, avrekning samt arbeidsgjevarkontroll. Vi deltar på relevante kurs og samlingar som er viktig for å halde oss oppdatert i høve regelverk for det arbeidet vi utfører.

1.2 Internkontroll

Jf. Skatteoppkrevjarinstruksen skal skatteoppkrevjaren syte for at kontoret har ein tilfredsstillande intern kontroll. Formålet med den interne kontrollen er at:

- oppgåveløysinga er organisert på ein forsvarleg måte, og utførast i samsvar med gjeldane lover og regler.
- resultata er tilfredsstillande i forhold til fastsette mål og resultatkrav, og at eventuelle vesentlege avvik førebyggjast, avdekkast og korrigerast.
- ressursbruken er effektiv
- rekneskap og informasjon om resultat er påliteleg og nøyaktig
- misleghald og økonomisk kriminalitet førebyggjast og avdekkast.

Skatteoppkrevjaren skal som ein del av intern kontrollen utarbeide verksemdsplan og rutinar for kontoret si verksemd.

Det er utarbeidd nye rutinar både for innfordringsarbeidet og internkontroll. Rutinane for innfordringsarbeidet vert fortløpande endra ved behov, eller når vi ser denne kan forbeistrast. Rutinane for internkontroll vart utarbeidd i desember 2012, og vart implementert i januar 2013. Det er dei seinare åra fokusert meir på internkontroll. Skattekontoret har arrangert eigne kurs med fokus på å utarbeide eigne rutinar og betre kvaliteten på dette arbeidet. Det er viktig å avdekke feil så tidleg som mogleg for å unngå at dette får konsekvensar.

Som vedlegg til verksemdsplanane vert det utarbeidd oversikt over arbeidsfordelinga. Denne vert endra ved behov. Slike endringar er ein kontinuerleg prosess, og skal til ein kvar tid vere oppdatert for å tilfredsstille krava. Rutinane beskriv korleis dei daglege oppgåvene skal utførast, og saman med oversikt over oppgåvedeling til kvar enkelt medarbeidar, sikrar denne at oppgåvene vert utført ved avvikling av ferie, samt anna fråvær.

1.3. Vurdering av skatteinngangen

1.3.1. Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2013

	2013	2012	Endring
Likvider	18 777 960	18 850 959	-72 998
Skyldig skattekreditorene	-627 632	-2 107 284	1 479 652
Skyldig andre	-85 572	-16 788	-68 784
Innestående margin	-18 064 754	-16 726 884	-1 337 870
Udisponert resultat	-3	-3	0
Sum	0	0	0
Arbeidsgiveravgift	-36 945 841	-34 800 117	-2 145 724
Personlige skatteyttere	-195 755 535	-181 246 005	-14 509 530
Selskapsskatt	-8 906 272	-22 808 123	13 901 851
Renter	21 054	-201 249	222 303
Innfordring	-4 950	5 188	-10 138
Sum	-241 591 544	-239 050 306	-2 541 238
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	36 945 841	34 800 117	2 145 724
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	55 596 010	50 788 083	4 807 927
Fordelt til Fylkeskommunen	12 243 804	11 423 579	820 225
Fordelt til kommunen	56 472 009	52 666 482	3 805 527
Fordelt til Staten	80 334 041	89 372 045	-9 038 004
Krav som er ufordelt	0	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	-161		-161
Sum	241 591 544	239 050 306	2 541 238
Sum totalt	0	0	0

Regnskapet viser at skatteavdelinga har kravd inn kr. **241 591 544,-** i 2013, mot kr. **239 050 306,-** i 2012. Dette gjev ein auka i skatteinnbetalinga på kr. **2 541 238,-** i 2013

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i 2012:

Kommunen sin del av skatteinngangen for 2013 er som regnskapet viser kr. **56 472 009,-** mot kr. **52 666 482,-** i 2012. Dette gjev ein auke i skatteinntektene til kommunen på kr. **3 805 527,-**

1.4. Skatteutval

Det er mottatt ein søknad til skatteutvalet i 2013, som er under behandling.

2. Skatteregnskapet

2.1. Avlegging av skatteregnskapet

Avlegging av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Gaular kommune bekreftar at skatteregnskapet i 2013 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje mottatt pålegg om rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av skatteregnskapet frå regional kontrolleining.

Årsrekneskapen for 2013 fylgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Marginoppgjøret for 2012

Beskrivelse	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2012, pr. 31.10.2013	0
For mye avsett margin for inntektsår 2012	
For lite avsett margin for inntektsår 2012	2 820 842

2.2.2 Kommentar om marginoppgjøret:

Marginoppgjøret for 2012, syner at det var kr. **2 820 842,-** for lite avsett margin.

Prosentstatts for marginavsetning: 10%

Marginavsetning for regnskapsåret 2013 pr. 31.12.2013 kr. **18 064 754,-**

Prosentstatts for regnskapsåret: 10%

Marginavsetjinga skal dekke opp overskytande forskot i forbindelse med avrekning for føregående år. Gaular kommune set ikkje av nok for å dekke dette.

3. Innkrevjing av krav

3.1. Restanseutviklinga

3.1.1 Totale restansar per 31.12.2013 for skatt og arbeidsgivaravgift

		Restanse (forfalte debetkrav) 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Restanse (forfalte debetkrav) 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Endring restanse Reduksjon (-)
Skatteart						
Sum restanse pr. skatteart		4 323 586	691 562	3 878 915	691 562	444 671
	Arbeidsgiverav gift inkl. avsavnsrenter	255 094	0	349 156	0	-94 062
	Artistskatt	0	0	0	0	0
	Forsinkelsesren- ter	487 954	223 897	425 066	223 897	62 888
	Forskuddsskatt	0	0	0	0	0
	Forskuddsskatt person	996 939	250 500	1 077 317	250 500	-80 378
	Forskuddstrekk inkl. avsavnsrenter	686 671	0	43 394	0	643 277
	Gebyr	0	0	0	0	0
	Innfordringsinn- tekter	60 841	2 947	44 329	2 947	16 512
	Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0
	Kildeskatt	0	0	0	0	0

	Restskatt inkl. avsavnsrenter, avregningsrent er og tilbakesøkingsskrav	523 848	0	523 995	0	-147
	Restskatt person inkl. avsavnsrenter, avregningsrent er og tilbakesøkingsskrav	1 312 239	214 218	1 415 658	214 218	-103 419
Sum restanse diverse krav		0	0	0	0	0
	Diverse krav	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav		4 323 586	691 562	3 878 915	691 562	444 671

3.1.2 Kommentar om restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Det har vore ein auke i den totale restansane på kr. **444 671,-** i 2013 Restanse gjeldande forskotstrekk er på kr. **643 277,-** Dette er ein auke på kr. **643 277,-** i forhold til 2012. Både forskotsskatt person og restskatt person har ein nedgang på henholdsvis kr. **80 378,-** og kr. **103 419,-** For forsinkelsesrenter er der ein auke på kr. **62 888,-** For andre krav er der mindre endringar. Det er ikkje endringar i berostilte krav.

Det er ettergitt totalt kr. **69 313,-** i 2 forskjellige saker i 2013. Den eine saka er etter vedtak frå skattekontoret.

3.1.3 Restansar eldre år

År*	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2011	745 229	124 594
2010	371 500	356 645
2009	32 348	124 792
2008-19XX	1 486 150	-----

3.1.4 Kommentar om restanseoppfylginga på eldre år

Restansar eldre år inngår i ordinær innkrevjing, og vert sikra mot forelding. Der er ikkje krav som er forelda pr. 31.12.2013

3.2. Innkrevjinga sin effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat per 31.12.2012

Resultat målt mot krav i styringsdialogen gjeldande innbetaling og innkrevjing pr. 31.12.2013

Kommunennummer:			
Styringsparameter	Resultat pr. 31.12.13	Resultatkrav	Differanse
2.2.2 Innbetalt av sum krav siste år			
c) Restskatt for personlige skattytere Inntektsår 2011	98,1 %	97,0 %	1,1 %
d) Forskuddstrekk Inntektsår 2012	100,0 %	99,9 %	0,1 %
e) Forskuddsskatt for personlige skattytere Inntektsår 2012	99,2 %	99,4 %	-0,2 %
f) Forskuddsskatt for <u>upersonlige</u> skattytere Inntektsår 2012	100,0 %	99,9 %	0,1 %
g) Restskatt for <u>upersonlige</u> skattytere Inntektsår 2011	97,2 %	99,9 %	-2,7 %
h) Arbeidsgiveravgift Inntektsår 2012	99,9 %	99,8 %	0,1 %
2.3.1 b) Innfordret Restskatt, person av sum krav til innfordring Inntektsår 2011	74,1 %	65,0 %	9,1 %

3.2.2 Vurdering av i kva grad, og korleis aktiviteten for innkrevjinga har påverka resultatet for innkrevjinga

Kontoret brukar alle tiltak for og krevje inn, og å få reduksjon i restansane. For forskotsskatt person er der en liten differanse på 0,2% for å nå målet. Den totale skatterestansen for denne skattearten er på kr. 145 360,- For restskatt upersonlege skattytarar er der ein differanse i forhold til kravet på 2,7% Den totale restanse for denne type krav er på kr. 523 795,- Heile denne restansen er i konkursbu. Denne åleine er større enn den totale auken i restanse. Truleg vil denne bli utgiftsført nå bubehandlinga er ferdigstilt.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Innvilga betalingsavtalar har blitt redusert til et minimum. Dette er truleg med på å redusere restansane ein del, då det må søkjast andre løysingar for å betale skatten.

Frå 7. mars i 2013, har vi grunna sjukmelding, og at ein person har gått over til anna eining i kommunen vore underbemanna med ei stilling. Dette har resultert i at det bla. har blitt noko utsetjing av enkelte tiltak i forbindelse med innkrevjing. Vi kan ikkje sjå at dette har innflytelse på restansesituasjonen i nokon stor grad. Det kan vere tilfelle der det har gått litt lenger tid å setje i gang tiltak for enkeltrestansar, men vi har oppnådd gode resultat i 2013. Frå 01.01.2014 har vi tilsett ein ny person i den ledige stillinga, og vi er no fullt bemanna.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Vi nyttar oss av DTI (debitortilpassa innkrevjing). Dette betyr at skattytarar vert rangert etter bla. tidlegare historikk, og økonomi. Innkrevjinga vert tilpassa den enkelte etter kva slags kategori ein kjem under.

3.3. Særnamnskompetanse

Skatteoppkrevjaren nyttar seg av særnamnsmynde, og det er sendt 19 krav om utlegg i 2013, der det er halde 19 utleggsforretningar. Til samanlikning var det halde 5 utlegg i 2012. Dette syner at vi har hatt høg aktivitet.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1. Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Arbeidsgjevarkontrollen er ein del av et interkommunalt samarbeid mellom Førde, Naustdal, Gaular og Jølster. Der er tilsett ein person i 100% stilling. Førde skal inneha 55% av stillinga og dei andre kommunane 15% kvar. Førde kommune er vertskommune for den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Kravet er at vi skal kontrollere 5% av arbeidsgjevarane, og 5% av leverte LTO. I Gaular kommune er det gjennomført 5 kontrollar i 2013, mot 4 kontrollar i 2012. Kontrollane for 2013 utgjer 4,2% av arbeidsgjevarane i kommunen. Dette er svært gode resultat i forhold til dei ressursane vi har tilgjengelege.

4.3 Tal kontrollar med resultat, avdekka beløp, eigenretting og avdekking av uregistrerte arbeidstakarar:

Det er ikkje hensikt å avdekke beløp i desse kontrollane, då det er såkalla undersøkelleskontrollar. Desse kontrollane er et samarbeid mellom skattekontoret, og skatteoppkrevjaren, der skattekontoret har gjort utplukk til kontroll. Der det er mistanke om at det kan vere beløp å avdekke kan vi ta opp desse arbeidsgjevarane kontroll på et seinare tidspunkt.

4.4 Vurdering av aktiviteten på området arbeidsgjevarkontrollen i regnskapsåret

Arbeidsgjevarkontrollen i har vore tilfredsstillande utifrå dei ressursane vi har tilgjengeleg. Ei 15% stilling er ikkje nok til å oppnå kravet til kontrollar. Skulle ein nå kravet må ein samla sett i auke ressursane med ei stilling i det interkommunale samarbeidet.

4.5 Omtale av samarbeidet med andre kontrollaktørar

Det er ikkje halde felleskontrollar med andre kontrollaktørar i 2013, men det er samarbeida med skattekontoret i dei kontrollane som er utført.


4.6 Kontorets eventuelle tiltak for betring av arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren har ved gjentatt høve fått pålegg frå Regional kontrolleining om å følge opp målkrava til arbeidsgjevarkontrollen. Også i kontrollrapport 2013/148932 har skatteoppkrevjaren fått pålegg om å sørgje for tett oppfølging slik at kontrollaktivitet for framtida vert gjennomført i samsvar med målkrava.

Skatteoppkrevjaren skal jf. Skatteoppkrevjarinstruksen § 2-1 sjå til at kontoret til ein kvar tid har tilstrekkeleg ressursar. Viss ressurssituasjonen er utilfredsstillande, og skatteoppkrevjaren

ikkje sjølv kan rette opp i dette, skal forholdet takast opp med den overordna kommunale leiinga. Fører ikkje dette fram, skal saka takast opp med skattekontoret.

Sted/dato: Førde 20.01.2014



Evert Are Havn

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2013. Signert av skatteoppkrevjaren.

Årsregnskap Gaular kommune 2013

		Valgt år	Forrige år
	Likvider	18 777 960	18 850 959
	Skyldig skattekreditorene	-627 632	-2 107 284
	Skyldig andre	-85 572	-16 788
	Innestående margin	-18 064 754	-16 726 884
	Udisponert resultat	-3	-3
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-36 945 841	-34 800 117
	Personlige skatteyttere	-195 755 535	-181 246 005
	Selskapsskatt	-8 906 272	-22 808 123
	Renter	21 054	-201 249
	Innfordring	-4 950	5 188
Sum		-241 591 544	-239 050 306
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	36 945 841	34 800 117
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	55 596 010	50 788 083
	Fordelt til Fylkeskommunen	12 243 804	11 423 579
	Fordelt til kommunen	56 472 009	52 666 482
	Fordelt til Staten	80 334 041	89 372 045
	Krav som er ufordelt	0	0
	Videresending plassering mellom kommuner	-161	
Sum		241 591 544	239 050 306
Sum totalt		0	0

Sted/dato:Førde 20.01.2014



Evert Are Havn

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gaular	22.5.14	11/14	Ja

Vedlegg:**Andre dokument (ikkje lagt ved):****Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

Utkast til årsmelding for 2013 vert godkjent.

Kontrollutvalet si handsaming:**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:****Saksutgreiing:**

Syner til det vedlagde utkastet til årsmelding for kontrollutvalet 2013.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

UTKAST

Gaular kommunestyre

ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Gaular kommune var i 2013 samansett slik:

Medlem:

Aud Lunde (leiar)
Jarl Tyssekvam
Lars Egil Viken
Ivar Johan Aarberg
Laila Oppedal

Varamedlem:

Terje Vallestad
Svein Heggebø
Karl Kristian Myrmel
Sylvi Hoff Brakestad
Unni Gjerland Lervik

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2013.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2013 har kontrollutvalet i Gaular hatt fem møte der det er handsama 34 saker.

Kontrollutvalet tinga i 2011 forvaltningsrevisjonsprosjektet «»Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune». Kontrollutvalet har følgd opp levering på dette, men prosjektet som var forventet levert tidleg i 2013, er enno ikkje levert.

Overordna analyse for Gaular kommune vart vedteken av kontrollutvalet i møte 04.02.2013 sak 004/13, og dette vert nytta som grunnlag for for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon. Plan for orvaltningsrevisjon vart handsama av kontrollutvalet 18.03.2013, og oversendt til Gaular kommune 25.03.2013, men saka har enno ikkje blitt lagt fram for kommunestyret til handsaming.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 57612786 ah 97581418 ah	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet har kalla inn rådmannen for å orientere om følgjande saker:

- Prosedyrar tilsetting i deltid og mellombels tilsetting.
- Nettbrett til kontrollutvalet
- Konsekvensar av Samhandlingsreforma
- Prosedyrar ved mellombels og deltidstilsetting

I 2011 handsama kontrollutvalet sak om endring av økonomireglementet. Kontrollutvalet tilrådte for kommunestyret å gjere vedtak om at sluttrapportar og prosjektrekneskapar for avslutta investeringsprosjekt vert lagde fram i samsvar med økonomireglementet for Gaular kommune. Framleis er det ikkje lagt fram investeringsprosjektrekneskapar til politisk handsaming.

Medlemene i kontrollutvalet, samt 1. og 2. vararepresentant fekk utdelt nettbrett, og det vart gitt opplæring i møte 21.10.2013, der sakene for første gong var sendt ut elektronisk.

Kontrollutvalet har i 2013 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har delteke på i 2013.??

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet: Godkjenning av innkalling og sakliste, Skriv og meldingar, Oppfølgingsliste og Eventuelt.

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama: Eigenvurdering oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap, Møteplan for kontrollutvalet 2013, Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet og Årsrekneskapen 2012 for Gaular kommune.

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 4 med å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Sande, 22. mai 2014

Aud Lunde (leiar)

Laila Oppedal

Lars Egil Viken

Jarl Tyssekvam

Ivar Johan Aarberg

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 57612786 ah 97581418 ah	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gaular	22.5.14	12/14	Ja

Vedlegg:

Kryss revisjon ved dagleg leiar / revisjonssjef Terje Førde datert 8.1.14: Vurdering av uavhengigheit 1430 Gaular kommune (med vedlegg)

Andre dokument (ikkje lagt ved):**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

Vurdering av uavhengigheit datert 8.1.14 vert teken til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:****Saksutgreiing:**

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15:

Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Vi viser til den vedlagde vurderinga av uavhengigheit frå Kryss revisjon ved dagleg leiar / revisjonssjef Terje Førde datert 8.1.14. Som bakgrunnsmateriale for den samla vurderinga frå Kryss revisjon, ligg også den einskilde revisor sine erklæringar.

*Til Kontrollutvalet
i Gaular kommune*

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Revplan 2014\
Erklæring2014Gaular

Arkivkode:

216&30

Journalnr.:

016 / 2014

Dokumentdato:

8. januar 2014

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT 1430 GAULAR KOMMUNE

Innleiing:

Gaular kommune sin revisor er *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*; etablert som eit interkommunalt revisjonssamarbeid, organisert etter Kommunelova § 27, med tilhøyrande samarbeidsavtale og vedtekter. I det daglege nyttar ein forkortinga KRYSS Revisjon. I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun *oppdragsansvarlege* revisorar som *plikter* å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor, og dei øvrige revisorar som har befatning med oppdraget, vil ha utarbeida sine særskilde, skriftlege eigenvurderingar, og desse vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærståande (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Forvaltningsrevisora alle regionskontor:

Revisjonssjef Forvaltning Charles Litsheim,

Telefon: 57612788, 91333046

Forvaltningsrevisor Stig Årdal, 57612810, /90524855

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 28 10, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

I tillegg stiller lova, § 79, og revisjonsforskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine egne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre sær egne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigen vurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>

Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Gaular kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor oppdraget Gaular kommune.</i>

Det var i budsjettet føresett at kommunen skulle spare 1.540.000 i avdrag med å få sett ned avdraga på lån. Spørsmålet vart teke opp med Kommunalbanken og KLP Kommunekreditt. Det enda med at KLP Kommunekreditt tok heile avdragsnedsetjinga. Det var likevel 500.000 meir i renter og avdrag enn justert budsjett. Rådmannen har så langt ikkje gått gjennom rekneskapstala for å finne forklaringa.

Det vart innbetalt 1.860.870 i ekstra avdrag til Husbanken – pga ekstra innbetalningar frå låntakarar (gjeld lån 3274 med 360.870 og 7118 med 1.500.000).

Låneopptak 2013.

Kr. 32.750.000 vart teke opp i Kommunalbanken med avdragstid 35 år og med fast rente 2,4 % i 3 år.

Overføring til investeringsrekneskapet.

Var budsjettert med 449.438 og gjeld kapitalinnskott i KLP. Pga strykingsreglane vart ikkje dette utgiftsført slik at kommunen no har i alt 1.277.238 medrekna tilsvarande for 2011 og 12 som ikkje er dekkja.

Sal av fallrettar i Stakaldefossen og Svultingen.

Etter avtale mellom fleire kommunar og Sunnfjord energi a/s fekk kommunen utbetalt 2.558.587 for sal av fallrettar. Summen vart avsett til investeringsfond. 2.500.000 vart brukt til finansiering av utbygginga i Bygstadhaugane.

ANSVAR 100 RÅDMANN. SENTRALE STYRINGSORGAN.

Gjeld dei politiske styringsorgana kommunestyre, formannskap, valstyre, administrasjonsutval, arbeidsmiljøutval, eigedomsskattetakseringsnemnder, kontrollutval, revisjon, formannskapskontor, tenestetorg, økonomiforvaltning, edb, kommunehuset, Frisk og Aktiv og kyrkja.

ANSVAR 100 SENTRALE STYRINGSORGAN

Tal i heile tusen

Teneste	Rekn 13	Bud 13	Avvik	Rekn 12	Rekn 11	Rekn 10	Rekn 09	Rekn 08	Rekn 07
10000 Politisk styring	1145	1083	62	1171	862	798	733	718	615
10010 Folkevalde	583	620	-37	548	611	568	491	623	418
10080 Val	85	80	5	12	179	0	100	3	139
11050 Revisjon	565	565	0	510	478	479	443	380	458
11051 Kontrollutval	156	171	-15	142	141	118	122	127	i/revisjon
12000									
Administrasjon	-46	15	-61	-70	-37	-41	27	25	
12010 Adm. Leiling	1924	1854	70	1971	1712	1703	1528	1434	1281
12020 Økonomiforv.	2062	2441	-379	2232	1991	2334	2062	1992	1964
12030 Interk. Arb.ktrl	101	123	-22	110	110	97	97	89	91
12050 Fellesfunksjon	771	582	189	674	643	619	477	560	381
12051 Servicetorg	1615	1618	-3	1712	1591	1282	1239	1165	1145
12052 EDB	604	505	99	711	454	437	472	635	513
12053 Int. IKT-samarb	1242	1265	-23	979	1167	1035	1048	1056	697
12060 Arb.miljøutval	364	222	142	360	236	92	122	78	-11
13000 Kommunehus	289	188	101	216	355	475	330	312	293
17000 Premieavvik	-104	0	-104	-371	-77	-73	-58	-178	-1446
17100 Amort.pr.avvik	81	0	81	47	32	25	21	-10	116
18000 Div. fellesutg.	80	0	80	85					
18010 Overformynd.	20	30	-10	43	46	19	26	8	15
18040 Eskattnemnd	84	62	22	43	51	74	44	71	106
26500									
Komm.bustader	0	0	0	12					
39010 Kyrkja	3005	2954	51	2734	2676	2377	2505	2627	2553
39200 Andr.Rel									
føremål	74	40	34	40	39	29	32	24	25
87000 Renter/utbytte	-12	0	-12	-10		5			
Ansvar 100 totalt	14688	14418	270	13901	13260	12354	11861	11741	9352

Merknader.

Tilbakebetaling for kjøp av tenester frå interkommunale einingar gjev også dette året positivt utslag i rekneskapet.

Avvik under arbeidsmiljøutval vert kommentert nærare nedanfor. Elles er det fellesfunksjonar, kommunehus og EDB som har størst overskriding.

Fellesfunksjonar gjeld kontingentar til ulike organisasjonar og OU-fond i KS. OU-fond utgjer 146.000. Medlemsskapet i Fjordvegen er oppsagt frå 2015. Det er elles brukt 88.000 til juridisk hjelp i 2 saker. Noko av dette har vi fått attende i 2014.

EDB gjeld lisensar på data som vart 100.000 dyrare enn rekna med.

Kommunehuset gjeld hovudsakleg straum (80.000).

VIKTIGE HENDINGAR.

Kommunestyret/formannskapet handsama fylgjande viktige saker:

Økonomisaker:

Økonomiplan 2014-17

Rekneskap 2012

Budsjettrevisjon 2013 og rekneskapsrapportar.
Budsjett 2014
Budsjett for Gaular sokn 2014
Årsmeldingar for 2012for kommunen, kontrollutval, SIS, SNU m.fl.
Rapport frå skatteetaten om arbeidsgjevarkontroll.
Låneopptak til investeringsprosjekt og startlån.

Plansaker

Reguleringsplan for Langeland
Reguleringsendring hyttefelt i Djupedalen
Kommuneplan for anlegg og område for friluftsliv og idrett.
Trafikktryggingplan.

Interkommunalt samarbeid.

SIS samarbeidet har utarbeidd eiga årsmelding
Arbeid med felles næringsplan for SIS-kommunane
Samhandlingsreforma

- Arbeidet med å etablere akuttmedisinsk senter heldt fram
- Det same gjeld elektronisk meldingsutveksling i heletenesta
- Arbeid med løysing for telemedisin.

Risiko- og sårbarheitsanalyse for SIS-kommunane vart sett i gang.
Medlemsskap i IS Fjordvegen vart sagt opp – gjeld frå 2015
Utgreiing om samarbeid innan barnevern
Felles tiltaksteam med Førde innan barnevern.
Interkommunal prosjektstilling for utviklings- og støttekoordinator.

Fråsegner frå kommunen

Regional transportplan 2014 – 23.
Bomvegprosjektet Førdepakken
Spørsmål om nedlegging av Sunnfjord energi a/s sin base på Sande.
Omklassifisering av vegar på Sande
Utgreiing om politidistrikt og alarmsentral

Næring

Utleige av industriareal til Mesta a/s
Utbygging av mobiltelefonnettet Bringeland/Hjelmeland - planarbeid
Utbygging av breiband Hestadgrend – Vasstrand. 3G i Vikja.
Tilskot til utbygging av fiber i Sande.

Organisasjon

Treningsprosjekt for tilsette i kommunen heldt fram.
Retningslinjer for konflikthandtering vedteke.
Lønspolitisk plan vedteken
Tilstandsrapport for grunnskulen
Kommunen handsama sak om mottak av flyktningar.
Ny mellombels avdeling i Bygstad barnehage
Skule- og kultursjef Jetvard Kalland fekk permisjon. Ny skule- og kultursjef
Tek til i stillinga 01.07.14.

Arealsaker

Frådeling/bruksendring/dispensasjonar frå arealplanar.

Forhandlingar om grunn til Bygstad gravplass og utviding av Bygstadhaugane bustadfelt.

Motorferdsel i utmark

1 sak om løyve til å bruke snøscooter. I tillegg 11 landingsløyve avgjort av rådmannen etter fullmakt.

Klagesaker

Det vart handsama 1 klagesak i formannskapet som internt klageorgan.

Prosjekt.

Prosjektet stamvegutval E 39 heldt fram i 2013 med finansiering over drifta.

Det same gjeld prosjektet nasjonalt senter for verna vassdrag med finansiering delvis frå Gaularfondet, fylkesmannen og fylkeskommunen.

Brannsikring på Gaular bygde- og sjukeheim

Sande skule- og fleirbrukshall og brannstasjon (tilbygg).

Bygstadhaugane bustadfelt.

VAR-sektoren. Forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Tiltak i sentrumsområda i Vikja (parkering og opprydding), Sande (kommunevåpen på plenen framfor kommunehuset) og Bygstad (gangveg til Tønna).

SENTRALADMINISTRASJONEN.

Formannskapskontoret: 2 stillingar

Helge Følid, rådmann

Dag Ripe, kontor- og personalsjef

Tenestetorget: 2,5 stillingar

Anne Karin Folkestad, arkivleiar

Berit Grimsbø Hestad, konsulent

Ingrid Ness, konsulent

Kommunehuset: 0,6 st. reinhaldar.

Hjørdis Øvrebotten, reinhaldar

Solveig Alværen, reinhaldar.

Frisk og Aktiv: 1 stilling (delt på fleire)

Gøril Hillersøy, aktivitetsleiar, 60 %.

iktig

Ve arbeidsoppgåver for administrasjonen har vore økonomiforvaltning, personalarbeid og tenestetorg med post/arkiv og sentralbord. Under økonomiforvaltning høyrer eigedomsskatt og sal av konsesjonskraft.

Formannskapskontoret har saksførebuing og sekretariat for kommunestyre, formannskap (er også planstyresmakt etter plan- og bygningslova og internt klageorgan), administrasjonsutval, arbeidsmiljøutval, valstyre, fagkyndig takstnemnd og fagkyndig overtakstnemnd.

Delegerte saker:

Landingsløyve, skjenkeløyve, låneopptak, bankavtale, tildeling av tomter.

I tillegg kjem avgjerder i personalsaker, jfr. nedanfor.

Kurs, opplæring og konferansar:

- Brukarkonferanse/fagkonferanse innan saksystem og heimeside
- Kurs i sak, arkiv og heimeside, arkivkonferanse
- Komtek, program for kommunale avgifter og eigedomsskatt.
- Kurs i eigedomsskatt – verk og bruk.
- Val og valoppgjer
- Kurs, møter og øving innan beredskapsarbeidet
- Deltaking på KS sine konferansar og samlingar for rådmenn og personalmedarbeidarar.
- Kurs i konflikthandtering.
- Fylkesmannen sine samlingar for rådmenn og ordførarar.
- Samlingar for personalmedarbeidarar
- Fleire møter/konferansar om samhandlingsreforma.

Heimeside.

Ny heimeside for kommunen vart teke i bruk i juni 2009.

Arbeidet med vidareutvikling av heimesida held fram med ei interkommunal arbeidsgruppe og ei lokal. Arbeidet med utvikling av sida vil vere eit kontinuerleg arbeid som krev at alle etatar engasjerer seg i det informasjonsarbeidet som heimesida skal vere eit ledd i.

Det er gjort klart til mottak av ulike blankettar elektronisk der søknadsskjema o.l. er tilgjengelege på heimesida. M.a. kan søknader om byggeløyve sendast elektronisk. Det same gjeld søknader på stillingar.

Elektronisk kart ligg tilgjengeleg for alle. Kommuneplanar og reguleringsplanar ligg og tilgjengeleg.

Det er viktig at administrasjonen prioriterer oppdateringar på heimesida og brukar naudsynt tid til vidare utvikling.

Sakshandsamingssystem.

Kommunen tok i 2008 i bruk nytt sakshandsamingssystem, Acos. Dette vart gjort i eit samarbeid med fleire kommunar.

Byggesaksdelen til programmet vart teken i bruk i 2010.

All post vert scanna og lagra elektronisk og gjort offentleg tilgjengeleg på kommunen si heimeside. Saker til politiske organ vert og gjort tilgjengelege på denne måten.

Operativsystemet windows 2010 og websak versjon 6.8 vart installert i 2012. Det er no aktuelt å oppgradere operativsystemet til Windows 7.

Kommunen samarbeider med kommunane Askvoll og Fjaler i eit prosjekt om innføring av fullelektronisk arkiv, truleg i 2013.

Som eit ledd i forenkling av utsending av dokument til politiske møter, vart det i 2012 teke i bruk ipad. Etter noko opplæring ser dette ut til å fungere tilfredsstillande. Det er rekna med innsparing på porto og kopiering.

Eigedomsskatt.

Etter innføring av generell eigedomsskatt med hovudtaksering i 2007, er arbeidet no ajourhald av eigedomsregister; taksering av nye eigedomar og bygg. Det er likevel ein del førespurnader og "klager" utanom dette som tek ein del tid. Klageordninga er frå 2013 utvida i høve til det som var før.

Verk og bruk skal takserast på nytt i 2015. Ny 420-kv linje vert taksert i fellesskap med kommunane Jølster, Førde, Naustdal og Flora.

Økonomiarbeidet.

Fylkesmannen hadde ikkje merknader til budsjettet.

Det vart i 2013 utarbeidd 8 rekneskapsrapportar. I tillegg hadde vi 2 større budsjettendringssaker, budsjett for 2014 og økonomiplan 14-17. Sistnemnde har vi fått pålegg frå fylkesmannen om å revidere.

Ny oppgradering av rekneskapssystemet vart gjennomført ved årsskiftet 2010/11.

Scanning av inngåande faktura fungerer greitt.

Kontoplanen vert jamnleg oppdatert etter KOSTRA-krav. Det er utarbeidd ei eiga rutinehandbok for fakturering (utgåande faktura) og oppfylgjing av utsende krav. Fleire tenester vert gjort fullelektroniske; lønsslippar vert mest mogeleg sendt på e-post, faktura-handtering – mottak og sending av faktura vert meir og meir elektronisk.

I 2012 vart det inngått bankavtale med Sparebanken Sogn og Fjordane.

KOSTRA-rapportering.

Rekneskapet vert sendt til statistisk sentralbyrå som ledd i KOSTRA-rapporteringa.

Det er likevel viktig – også denne gongen - å ta med at rapporteringa ikkje gjeld berre rekneskapsstala. I tillegg må kommunane sende inn i alt 32 ulike skjema om verksemda i kommunen. Arbeidet med desse er til dels arbeidskrevjande og tek mykje tid og vert ikkje fylgt opp fullt ut. I tillegg kjem ei stor mengde med spørjeskjema på ulike område som vert forventa at kommunen skal svare på.

Mange av desse vert stort sett ikkje svara på – då nytteverdien for kommunen ikkje står i forhold til tidsbruk og andre oppgåver som må utførast.

IKT.

SYS IKT vart omorganisert til nytt interkommunalt selskap etter § 27 i kommunelova med rådmennene som styremedlemer.

Strukturen i samarbeidet er elles bygd opp slik at det er 1 ikt-koordinator i kvar kommune. Desse har møte om aktuelle saker om 4 gonger i året; det same som styret.

I tillegg er det etablert faggrupper innan rekneskap, sak-system, helse-/sosial, undervisning Og kommunale avgifter. I tillegg har kvar kommune superbrukarar på fagprogramma.

Avdelinga er frå hausten 2013 lokalisert i Førde rådhus. Der er installert naudstraumaggregat for bl.a. desse tenestene.

Arbeidet i 2013 har i stor grad vore konsentrert om konsolidering av verksemda etter at mange nye område er komne med i samarbeidet og det har vore behov for å ha ei klar organisering av ansvar og oppgåver i høve til tenesteytinga i kommunane. Det vart i 2012 gjennomført ei brukarundersøking blant dei tilsette i SYS IKT-kommunane.

Det som kom fram i undersøkjinga er viktig grunnlag for gjennomføring av tiltak for å betre *rolleforståinga mellom Ikt-avdelinga, bruk av program og brukarane.*

Nytt frå 2011 er samhandlingsreforma og dei krav som vert sett til datasystem og kommunikasjon i den samanheng. Vi er ikkje i mål på dette området endå, og det vil endå ta noko tid før elektronisk overføring av viktige pasientopplysningar er på plass.

Ei eiga gruppe arbeider med informasjonssikring. Dette er noko alle kommunane må få på plass etter Datatilsynet sine krav.

Det vert og arbeidd med å få på plass eit kvalitetssikringssystem. Gaular har teke i bruk Kvalitetslosen i sitt arbeid, og det vert arbeidd med å få på plass naudsynt dokumentasjon og rutinar. Det er arbeid i gang med eit fellesprosjekt for kommunane som no er ute på tilbod.

Det er likevel avklara at nokre kommunar ikkje vert med på prosjektet og andre vel andre system.

Telefoniprojektet vart ikkje installert i Gaular i 2013, men vil bli installert i 2014.

Intranett er under utgreiing og vil bli prøvd ut i eit par kommunar før dei andre eventuelt tek det i bruk.

Arbeidstidsplanleggingssystem vert truleg kjøpt inn i dei fleste kommunane. Gaular har førebels opsjon på kjøpet. Vi vil ta standpunkt til om vi skal ta det i bruk seinare når andre har vunne erfaring med det.

Kommunane er pålagde å etablere digitalpost og nytt A-meldingssystem frå 2015.

Breiband. Mobilnett.

Kommunen fekk i 2010 tilsagn om Høykom-midlar til utbygging i Eldalen og Vasstrand. Eldalen er bygt ut og teke i bruk i 2011, men for Vasstranda er ikkje bygd ut noko særskilt. Sentralen i Viksdalen vart i 2012 utstyrt med 3G sendar, og det vert no prøvd ut om denne gjev tilstrekkeleg dekning.

Det vert arbeidd med løysing på mobilnettet på Bringeland, intensjonsavtale med Telenor vart inngått i 2011, og det ser no ut for at det kan bli utbygging på Nasakletten i 2014 dersom naudsynte grunnavtalar kjem istand..

På møte med Telenor vart det opplyst at det no er bygt ut med 3G-løysingar på dei fleste antennene til Telenor. Desse er og førebudde for 4G-installasjon seinare. Det er lagt fiberkabel fram til Maritime Montering i Bygstad.

Det er registrert ynskje om betre dekning på Fleten, Skudal, Lunde og Eikeland.

Kommunen fekk omdisponert tilskot til fiberutbygging på Sande. Frå 2014 er Post- og Teletilsynet som handsamar saker om tilskot. Det vert arbeidd med søknader som gjeld Bygstad som prioritert område for utbygging.

Innkjøp.

Kommunen er med i fylkeskommunen si innkjøpsordning, Sogn og Fjordane Fellesinnkjøp. Mykje av innkjøpa skjer gjennom dei avtalar som vert inngått etter tilbodsrunder utført gjennom ordninga. SFFI yter og hjelp i samband med utlysing av prosjekt. Kommunen betaler omlag 35.000 for å vere medlem, men sparar mykje arbeid ved at ein slepp å gjennomføre eigne tilbodsutlysingar på fleire område.

Kommunen gjennomførte nytt anbod på forsikringane i 2010. Forsikringane er framleis i KLP på eigedom.

Det vart i 2012 gjennomført tilbodsrunder på innkjøp av elektrisk kraft. SFE fekk leveransen til kommunen. Frå 2014 reknar rådmannen md at kommunen kjem med i det fylkeskommunale innkjøpet for fleire kommunar.

Tenestetorget.

Hovudoppgåver er publikumskontakt, heimeside, post og arkiv.

Arkivleiar deltek på arkivkonferansar i regi av fylkesarkivet, og er dessutan kontaktperson i fellesprosjektet «velkommen til nye innflyttarar». Med i web-sak gruppe i SYS IKT, telefoniprojektet, datasikring og kontaktperson for innføring av politkarportal.

Samarbeidsprosjekt med Askvoll og Fjaler om elektronisk arkivplan og overgang til elektronisk arkiv for deler av arkivet.

Kvalitetssikring.

Kommunen har i 2011 teke i bruk kvalitetssikringssystemet til Kvalitetslosen og arbeidd med å få dette tilrettelagt på teknisk og helse- og sosialektoren. Meininga er at dette skal vere eit verktøy for tilsette til å finne naudsynt informasjon om dei oppgåvene dei steller med, og på ein enkel måte kunne ta opp det dei meiner treng nærare vurdering og justering.

Arbeidet med reglement for handtering av personopplysningar vert gjort i samarbeid med SYS IKT-kommunane.

Kommunehuset.

Bygget vart teke i bruk i 1991. Etter kvart vert det ein del vedlikehald som må utførast, m.a. beising av bygget bør etter kvart prioriterast.

I 2012 vart brannalarmsystemet oppgradert og det vart installert innbrottsalarm.

Ledige lokale vart i 2012 teke i bruk til treningslokale for tilsette. Frå 2. halvår 2014 vert Lokale som Gaular avløyssarlag leiger ledige.

Vidare arbeid.

Sentraladministrasjonen sine oppgåver vert framleis å fylgje opp økonomien for å halde oversyn over utviklinga. Ein vesentleg del av dette er arbeidet med eigedomsskatt i tillegg til dei vanlege oppgåvene med økonomiplan, budsjett, budsjettendringar, rekneskapsrapportering og personalarbeid.

Kommunestyret har vedteke månadleg rekneskapsrapportering. Dette lukkast ikkje å få til fullt ut i 2013. Noko må vekkprioriterast om ein skal få dette til. Med dei ressursar ein har i dag er dette vanskeleg. Kommunen har og store utbyggingsprosjekt på gang – desse har kravd meir ressursar enn ein har rekna med. Det er difor viktig at desse prosjekta vert fullførde før ein set i gang nye krevande prosjekt. Kommunestyret har og vedteke plan for selskapskontroll, forvaltningsrevisjon og i tillegg manglar vi eit godt delegeringsreglement.

Hausten 2014 må kommunen gjennomføre ny taksering på verk og bruk. Dette har vore skattlagt sidan 2005 og må no takserast på nytt. Det same gjeld bustader, hytter og nærings-eigedomar i 2017.

Etter lovendring er kommunane no pålagt å drive beredskapsplanlegging med fylkesmannen som tilsynsorgan. Dette er eit kontinuerleg arbeid som det viser seg å vere vanskeleg å få sett av tilstrekkeleg tid til i etatane. Vi hadde tilsyn frå fylkesmannen i 2013 på beredskapsarbeidet. Det vart i 2013 sett i gang eit fellesprosjekt i SIS-kommunane med tilskot frå fylkesmannen. Prosjektet skal vere ferdig i 2014.

Eit viktig arbeidsområde er forhandlingar og avtalar på ymse område.

Det heng att ein del grunnoppgjer i samband med enkelte tiltak som skulle vore avklara for lengst, men det har ikkje vore mogeleg å setje av tilstrekkeleg tid til desse oppgåvene. F.t. er det grunn til utviding av Bygstad kyrkjegard, Bygstadhaugane bustadfelt, og bustadfeltet i Eidevika som ikkje er heilt avslutta og må arbeidast vidare med. Det same gjeld grunn til vidare utbygging i Steia. Det er og svært uheldig at naudsynte kurs og konferansar ikkje kan prioriterast, særleg på økonomisida er det vanskeleg å setje av tid til å fylgje med på konferansar og liknande. Etter rådmannen si vurdering er det behov for å styrke økonomisida,

og det er ynskjeleg med meir hjelp på informasjonssida for å vedlikehalde og utvikle kommunen si heimeside.

Utvikling av databruk vil vere eit kontinuerleg arbeid, og er ei leiaroppgåve som no vert planlagt og gjennomført gjennom samarbeidet i SYS IKT.

Kommunen skal ha eit samla delegeringsreglement som skal handsamast i kommunestyret kvar valperiode. Arbeidet er ikkje kome i gang, men rådmannen vil prøve å få dette til til hausten.

Revisjonen har laga plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret har godkjent, og kommunestyret har vedteke ein plan for selskapskontroll.

Eit eige forvaltningsrevisjonsprosjekt på innkjøp er under arbeid i revisjonen.

INVESTERINGAR.

Forbruk i 2013:

Telefoniprojektet: 72.000 i 2012, 0 i 13.

Politikarportalen: 172.000 i 2012, 28.953 i 13.

Ansvar 200-212 Oppvekst og kultur

Tekst: Jetvard Kalland.

Overordna mål for oppvekstsektoren i Gaular kommune:

1. Eit opplevd kvalitetstilbod innan opplæring, oppvekst og kultur, tilpassa kommunen sine økonomiske rammer.
2. Born og unge med eit positivt sjølvbilete, lokal identitet og evne og vilje til å ta ansvar.

Utviklingsmål for skulen:

- Skular med fokus på eleven, og eleven si utvikling.
- Eit læringsmiljø som fremjar læring og eit positivt sjølvbilete.
- Born og unge med motivasjon og vilje til læring og utvikling.
- Skular som fremjar lokal identitet og skaparglede.
- Skular som ein tydeleg verdifaktor og kontaktskapar i lokalsamfunnet.

Utviklingsmål for barnehagen:

- Barnehagar som med eit heilskapleg syn på barnet legg til rette for læring og vekst i samarbeid med dei føresette.
- Barnehagar som med barnet i sentrum legg til rette for medverknad i aktivitetar, opplevingar og utfalding.
- Barnehagar med eit tverrfagleg samarbeid som sikrar ei heilskapleg oppfølging av borna.
- Barn med god basiskompetanse, kunnskap og haldningar.

- Barnehagar som ein tydeleg verdifaktor og kontaktskapar i lokalsamfunnet,
(Plan og vurderingssystem for Gaular 2009-13.)

Utviklingsmål for kultur:

- Ein kommune med allsidige kulturtilbod og møtestader som fremjar aktivitet, trivsel og lokal identitet.
- Barn og unge med evne og vilje til å ta ansvar for eigne tilbod.
- Kulturvern/museumstilbod som støttar opp under lokal identitet og sikrar kulturarven.
- Bibliotek som kjelde til kunnskap og oppleving, og som gir tilbod i samsvar med biblioteklova.

VIKTIGE HENDINGAR I 2013:

Skule:

- Bygging av idrettshall og renovering av Sande skule.
- Arbeid med uteområdet ved Bygstad skule.
- Innføring av valfag på ungdomssteget.
- Tilsetjing av nye lærarar.
- Utarbeiding av tilstandsrapport for grunnskulen i Gaular.
- Utarbeiding av retningslinjer for munnleg eksamen.
- Nasjonale prøver for 5., 8. og 9. klasse.
- Mange saker om ekstra skuleskyss – farleg skuleveg.
- 8 lærarar har delteke i vidareutdanning fordelt på vår og haust. (Master i undervisning med fagdel norsk, «Rektor-skole», matematikk, psykososialt arbeid born og unge, begynnaropplæring, samf.fag, kunst og handverk og spesialpedagogikk.)
- Fem personar busette i kommunen tek lærarutdanning på deltid.

Barnehage:

- Deltaking i modellkommuneprosjekt, opplæring av barnehagepersonale til å oppdage og støtte born i risikosone.
- Leige av lokalar til ei ekstra avdeling ved Bygstad barnehage.
- Arbeid med utviding av Bygstad barnehage.
- Nettverksgrupper for styrarar i Sunnfjord.
- Utarbeiding av kommunal kompetanseplan. (Delvis felles for Sunnfjord.)
- Alle tilsette har delteke på minst ein heil kursdag.
- Tre personar busette i kommunen tek førskulelærarutdanning på deltid.

Kultur:

- Bibliotekplan for Gaular.
- Tilsetjing av ny biblioteksjef.
- Arbeid med spelemiddelsøknader.
- Arbeid med fleirbrukshall og renovering av Sande skule.
- Midlar til utviding av parkeringsplass Langeland ski og fritidssenter. Anlegg med fylkeskommunal driftsstøtte.
- Utdeling av kulturprisen for 2013 til Bjørg Sunde Øvrebø og Arne Øvrebø.
- Tildeling av aktivitetsmidlar.
- Gaular deltek i Den kulturelle skulesekken, og skulane kan ta imot kulturtilbod gjennom fylkeskulturkontoret. Til utvikling av lokale aktivitetar i ”skulesekken” fekk Gaular kr.46 000,- for skuleåret 2012-2013.

- Gaular deltek i ”Den kulturelle spaserstokken”. (Samarbeid mellom Nærmiljøsentralen, lag og organisasjonar og kommunen.)
- Dalsfjordveka vart arrangert 2.-11.august.

Satsingsområda til skulane:

Bygstad skule:

- Tilpassa opplæring.
- Kvalitetssikring/vurdering.
- Organisasjonsutvikling.

Sande skule.

- Felles arbeid med skulemiljøet.
- Struktur og innhald i bunden arbeidstid.
- IKT.

Viksdalen skule:

- Heim – Skule samarbeid
- Sosial kompetanse.
- Friluftsliv – fysisk fostring
- Motivasjon og læringspress
- Lesing.
- Psykisk helse og antimobbing
- Klasseleiing

Satsingsområda til barnehagane:

Alle barnehagane:

- Språkstimulering, TRAS og ”Språk 4”.
- «Alle med».
- Bruk av ny rammeplan.

Bygstad barnehage:

- Leik
- Medverknad.
- «Rommet som den tredje pedagog.».
- Overgang barnehage – skule.

Sande barnehage:

- Berekraftig utvikling.
- Samspel og tilknytning.
- Danning.
- Pedagogisk rom.

Viksdalen barnehage:

- Religion, etikk og filosofi.
- Leik.
- Medverknad.
- Kompetanseutvikling gjennom modellkommuneprosjektet. Sjå om born har det vanskeleg.

Nøkkeltal:

	2008/09	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14
Elevtal	366	381	387	399	401	402
Barnetal SFO	40	39	38	42	46	46
Barnetal i barnehagane	67+99 Sa	69+101 Sa	59+101 Sa	69+97 Sa	74+101 Sa	80+110 Sa
Elevtal musikk-/kulturskule	15	17	11	11	11	11
Klassetal	22	23	23	25	26	23
Rammetimetar (årst.)	39 618	40 310	40 564	43 928	44 992	41 311
Tildelt spes.ped einsk.vedt.	5 282	5 700	5403	6 954	9 842	9424
Førskuletiltak	1 178	874	874	760	1064	855
PU-klientar	342	342	342	380	380	380
Nettoforb. – Musikk/kult.s.	112 659	131 633	141 620	131 500	167 300	138 900
Nettokostnad kultur	870 000	960 525	1 062 752	1 171 000	1 125 415	1 086 550

*Ikkje teke med timar andre kommunar betalar for.

Tal årsverk:

	Frå 1.8: 2,7	2,7	2,7	2,0	2,0	2,0
Skule-/kulturkontor						
Lærarar inkl.administrasjon	45,04	47,36	47,26	52,08	50,4	48,8
Assistentar – Skule	5,20	4,96	5,01	5,40	5,5	6,7
Assistentar – SFO	1,47	1,85	2,76	2,67	2,83	3,0
Førskulelærarar i barnehage	5,3	5,7	6,2	6,0	7,3	9,4
Assistentar i barnehage	7,88	8,4	8,2	9,8	10,4	9,7
Lærarar musikk-/kultursk.	0,15	0,15	0,19	0,25	0,25	0,25
Bibliotek	0,99	0,99	1,01	1,02	1,02	1,03
Andre tilsette	9,29	*1,44	1,89	1,77	1,77	*8,70

* Vaktmeister/reinholdspersonale overført teknisk etat 2009, reinholdspersonale tilbakeført 2013.

Andre tilsette 2013/14:

1,00 Kontorpersonale skulane
0,85 Lærar vaksenopplæring inkl. vgo.
0,05 Assistent vaksenopplæring
6,80 Reinholdspersonale

SFO Tal born		2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Bygstad	Heil plass	3	2	1	1	1	2	2
	Red plass	20	15	17	14	11	9	10
	Sum	23	17	18	15	12	11	12
Sande	Heil plass	5	2	2	3	7	12	7
	Red plass	22	21	19	20	18	17	21
	Sum	27	23	21	23	25	29	28
Viksdalen	Heil plass					5	5	1
	Red plass					0	1	5
	Sum					5	6	6

Stillingar: Pr 15.12.13

Barnehagar	Bygstad	Viksdalen	Sande*
------------	---------	-----------	--------

Førskulelærarar	7,6	1,8	0,26
Assistentar/ fagarb.	7,0	2,0	
Ekstra ass/spes.ped	0,7	0,0	0,40
Andre	0,0	0,0	
Sum	15,3	3,8	0,66

* Særlege tiltak.

Tal for biblioteket:

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Utlån	10 256	9 261	7672	7208	5747	5104	5073	7934	7920	8041
Tal bøker	23 339	23 139	*	19 519	19162	20156	19959	18682	18868	18351
Lydbøker	608	663		788	857	857	885	407	708	771
Musikk	333	330		326	325	325	222	309	280	189
Filmar	300	348		300	343	393	247	349	427	492
Fjernlån	111	140		28**	100	45	30	56	100	64

* Grunna arbeidet med omregistrering for ny låneordning vart det ikkje utarbeidd tal for dette i 2006.

**Nedgang på grunn av felles transportordning i indre Sunnfjord. Utlån her er ikkje med i talet.

Skule-/kulturutvalet:

Skule-/kulturutvalet er slik samansett 2011 – 15.

Medlem:	Personleg vara:
Kari Birkeland – leiar Sp	Wenche Kvellestad Sp
Atle Hoff – nestleiar Sp	Håvard Laukeland Sp
Aud Marit Hage H	Bjørn Nistad H
Anne Lilleaasen H	Øystein Adler Øvrebø H
Kenneth Gjerde Ap	Sara Marie Horsevik Ap
Terese Myklebust SV	Bente Kandal Krf
Ottar Hov V	Ida Johanne Kårstad V

Utvalet har hatt 6 møter og handsama 46 saker.

RESSURSBRUK

Rekneskapstala for 2013 syner eit samla meirforbruk for skule- og kultursektoren i høve til budsjettet på totalt kr. 1 205 000,-. (1 %)

Ansvar: Rekn.-13 Bud.-13 Avvik Rekn.-12 Rekn.-11 Rekn.-10 Rekn.-09 Rekn.-08
Skule/b.hage/kult: **69 298 68093 1 205 62 059 60 771 42 150 40728 41 375**

Så vidt ein kan sjå, er vedtak lagt inn i budsjetta og gjennomførde. Driftsresultat må karakteriserast som ikkje godt, sjølv om det er ei forbetring i høve til 2012. Meirforbruket er på 1% av driftsbudsjettet. Drifta har alltid vore prega av stram økonomi. Gaular har etter måten mange elevar i andre kommunar med bakgrunn i omsorgsovertaking. Kostnaden har auka mykje gjennom åra, dette gjeld både lønskostnader og timetal. Ei stor budsjettjustering i løpet av året gjer at ein er i balanse i høve til budsjettet her. Kostnad med eiga spesialundervisning har auka svært mykje.

Barnehagedrifta gjekk samla med eit meirforbruk på ca. 875 000,- kr. Det vart gjeve ei ekstraløyving til Sande barnehage på 350 000,- kr., men i tillegg fekk ein eit overforbruk på 740 000,- kr. på overføringane til barnehagen. Ein har klart å halde målsettinga med at alle som søker, får plass. Det er større trong for norskopplæring i barnehagen for born frå andre land.

Skulane har det vanskeleg med ein trong økonomi. Det er utfordringar på timetal, men no syner det på driftspostane at ein ikkje har kunne auka desse noko særleg dei siste ti åra. Særleg vikarpostane er underbudsjetterte og det er berre ved nøktern bruk av vikarar og refusjonar frå folketrygda som gjer at det ikkje ser verre ut. Det er og rett å påpeike at administrasjonsresursen til skulane er låg.

Ei svært merkande problemstilling er at arbeidsinnvandring fører til auka utgifter til norskopplæring. I skuleverket har ein no vel 30 elevar der ein eller begge foreldra har framandspråkleg bakgrunn. Skal ein ha von om at dette vert permanente innbyggjarar, må norskopplæring kome på plass. Mange av dei vaksne tykkjer det vert for langt å dra til Førde for norskopplæring og skal ein få god deltaking, må prisen vere låg. Ein har tidlegare brukt midlar frå statleg tilskot til innvandrarar for å finansiere språkopplæringa. Gruppa med rett og plikt til opplæring har ein vist til Førde Norsksenter og dette fungerer godt. Det bør lagast ein avtale med Førde kommune om dette.

Ein syner vidare til tilstandsrapport for grunnskulen i Gaular 2013 når det gjeld resursar og resultat for skulane. Grunna sterkt arbeidspress og vakanse i skule-/kultursjef –stillinga, kjem denne truleg ikkje før til hausten.

Skule-/kultursjef (200):

Ansvar:	Rekn.-13	Bud -13	Avvik	Rekn.-12	Rekn -11	Rekn -10	Rekn -09	Rekn -08
200:	27 921	27 238	683	24 443	23 164	7 811	7 683	6 675

Den store auken i volum frå 2011 har si årsak i at midlane til barnehagedrift frå staten vert gjeve i ramma til kommunen frå 2011 og ikkje lenger vert inntektsført på etaten sitt budsjett. Budsjettendringar gjennom året utgjer 515 00 kr i netto auke av budsjettet. Det meste går på drift av barnehage med overføring til Sande barnehage og ny avdeling Bygstad barnehage. Barnehagestyrarane gjer ein god jobb både administrativt og pedagogisk. Dette gjeld også Sande barnehage og samarbeidet mellom kommunen og barnehagen er svært godt. Ei stilling ved skule-/kulturkontoret har stått vakant i ca. to år. Arbeidsmengda i høve til dette er etter kvart sterkt merkande.

Ein tek med dei tenestene med stort meirforbruk i kr. Barnehagedrifta står for mesteparten i utgangspunktet. Det er ei ekstra utgift til Sande barnehage grunna fleire born og auka tilskotsprosent på 740 000,- kr. Det er ført ei ekstra utgift til pensjon på 165 000,- kr som ikkje er splitta opp. Det har vore innsparing på ein del postar som gjer at overforbruket ikkje vart større. Overforbruket er på ca. 2% av budsjettet.

Kultur:

Rekneskapet syner stort sett eit kapittel i balanse med litt pluss og minus på ulike postar. Det er brukt ca. 170 000,- kr til kultur når ein reknar med Venskapssamarbeidet med Kent og held unna utgifter til bibliotek og musikk- og kulturskule. Administrasjonsutgifter og driftsutgifter til det gamle kommunehuset i Gaular og Bygdetunet på Viksdalen er heller ikkje medrekna. Det vert gjort ein stor innsats av frivillige i ulike lag og organisasjonar i kommunen. Det hadde klårt vore ynskeleg å kunne støtte desse noko meir både med pengar og tilrettelegging.

Biblioteket:

Formidlingsoppgåver og anna tilrettelegging blir det lite tid til med dei tidsressursane vi har. Dette har prega arbeidet i biblioteket, det har blitt lite høve til planlegging. Det er vanskeleg å bygge opp ei teneste med så låg bemanning. Bibliotekdrifta hadde eit mindreforbruk på 110 000,- kr. Dette var på grunn av at det var vikar i høve til biblioteksjef. Utlånstala er stabile.

Musikk og kulturskule:

Samarbeid med Førde kulturskule fungerer godt. Økonomi gjer det vanskeleg å satse på området. Ca 20 elevar har hatt tilbod på aspirantopplæring. Dei to korpsa har no noko felles opplæring. Rekneskapstala syner eit forbruk stort sett i tråd med budsjettet

Ungdomsrådet:

Ungdomsrådet har i 2013 hatt svært liten aktivitet. Det vart arrangerte lokal mønstring i UKM i lag med Ungdomens kommunestyre i Fjaler. Denne vart arrangert i Dale. Ungdomsrådet gjev støtt til arrangement og aktivitetar gjennom året, m.a. "Rusfri russefeiring".

Ungdomsrådet fikk 48 000,- kr frå fylkeskommunen til lokale transporttilbod til ungdom (LTU).

Viksdalen skule (210):

Ansvar:	Rekn.-13	Bud. -13	Avvik	Rekn.-12	Rekn.-11	Rekn.-10	Rekn.-09	Rekn.-08
210:	7 783	7 930	- 147	7 692	7 622	7 664	7 970	7 034

Rekneskapet syner ei innsparing i høve til budsjettet. Dette skuldast mest ikkje-budsjetterte inntekter i høve til elevar frå andre kommunar. Dette utgjør ca. 700 000,- kr i meirinntekter. Av postar med meirforbruk, er pensjon samla med 140 000,- kr. Assistentløn på skule med 240 000,- kr. Vikarløn med ca. 240 000,- kr. Dei to siste må ein og sjå opp mot refusjonar frå folketrygda på ca. 420 000,- kr. Straum har ein sprekk på ca. 40 000,- kr. Lønspostane på vikar er underbudsjetterte. Dette er ei generell problemstilling. Skulen har god budsjettstyring, særleg med tanke på volumauken med nye elevar som kom på hausten. Ein syner vidare til årsmelding frå skulen.

Sande skule (211):

Ansvar:	Rekn.-13	Bud.-13	Avvik	Rekn.-12	Rekn.-11	Rekn.-10	Rekn.-09	Rekn.-08
211:	24 088	23 744	344	21 118	20 426	18 093	17 131	18 247

Budsjettet er justert med ein netto auke på ca. 1 440 600,- kr. Mykje av dette skuldast ein reknefeil i budsjettet. I tillegg er det noko lønsmidlar til spes.ped tiltak. Premieavvik på pensjon netto er på ca. 240 000,- kr. Dette gjeld først og fremst Statens pensjonskasse. Ein del forbrukspostar har overforbruk m.a. undervisningsmateriell med ca. 50 000,- kr, Straum 180 000,- kr. Denne har nok si årsak i byggeaktiviteten. Straum og utgifter til kommunale avgifter som går på nybygget, vert ført på skulen sitt driftsbudsjett. Utgiftene på kommunale avgifter vil kome i 2014 og 2015. Store refusjonar på sjukeløn gjer at auken i vikarutgifter balanserer. SFO går samla med eit meirforbruk på ca. 100 000,- kr som skuldast vikarutgifter og manglande inntekter på brukarbetaling. Ein syner til skulen si årsmelding.

Bygstad skule (212):

Ansvar:	Rekn.-13	Bud.-13	Avvik	Rekn.-12	Rekn.-11	Rekn.-10	Rekn.-09	Rekn.-08
212:	9 506	9 181	325	8 806	9 376	8 624	8 248	8 483

Skulen har eit meirforbruk på straum med 94 000,- kr. Ved overgang til Eninvest som leverandør av internett fekk Bygstad skule ein kraftig auke i utgiftene i motsetnad til alle andre. Diverre vart det ikkje oppjustert og ein har eit meirforbruk på ca. 40 000,- kr. SFO har eit overforbruk på 62 000,- kr. Andre postar med meirforbruk er premieavvik på 80 000,- kr., lisensar med ca. 30 000,- kr, assistentløn skule med ca. 148 000,- kr. Denne ser ut til å vere

underbudsjettet i høve til refusjonspostane. Skuleskyss har eit overforbruk på vel 60 000,- kr. Ein syner vidare til skulen si årsmelding.

Barnehagane:

Barnehagane jobbar godt med kompetanseutvikling til tross for lite midlar. Totalt sett gjekk dei kommunale barnehagane ut med eit meirforbruk i høve til budsjettet. Dette går mest på volumauke. Økonomien er svært stram og bemanninga vert pressa heile tida.

Viksdalen barnehage (270):

Barnehagen kjem rekneskaps messig ut med eit mindre forbruk på ca. 148 000,- kr. i høve til budsjettet. Dette er stort sett refusjon for lønsmidlar. Det er overforbruk på vikar med ca. 40 000,- kr og arbeidsgjevaravgift med 25 000,- kr. Det er og ein sprekk på brukarbetaling på ca. 40 000,- kr. på grunna av færre born på hausten.

Barnehagen har hatt ei positiv utvikling og er godt nytta. Ein registrerer at det enkelte barn er meir i barnehagen. Foreldra ynskjer at barnehagen skal vere meir open om sommaren. Ein hadde i 2013 stengt i tre veker.

Det ser ut til at fødselstala på Viksdalen svingar litt, 2011 er ein god årgang med 8 stk. i barnehage. Dette er eit klårt unntak, snittet ser ut til å ligge på vel det halve. Det ser ut til at ein framover vil ha ei drift i barnehagen på dagens nivå med vel ei avdeling.

Bygstad barnehage (271):

Drifta gjekk med eit overforbruk på ca. 375 000,- kr, mykje på grunn av sterk auke i born i siste halvår. Lønsumgiftene vart klårt høgare enn rekna. Dette gjeld fastløn med ca. 100 000,- kr og i enno sterkare grad vikarløn. Denne må sjåast opp mot sjukelønsrefusjon. Netto overforbruk var på ca. 120 000,- kr. Pensjon og arbeidsgjevaravgift hadde eit meirforbruk på vel 53 000,- kr. På drift var det største overforbruket på straum og reinhaldsmidlar på til saman ca. 70 000,- kr.

Det er ei generell trend at storleik på plassane vert auka. Hausten 2013 hadde ein og ein større auke i tal born enn på lenge og det måtte leigast inn lokale til ei avdeling med små born. (12 stk.) Ein arbeider no med planer for ei utviding med to avdelingar. Det er valt ei arbeidsgruppe og det er engasjert arkitekt som vil planlegge ei utviding av barnehagen i Bygstad. 2011 var eit år med svært gode fødselstal i Bygstad (18) og desse skal vere 4 år i barnehagen. Med fleire bustadtomter ledige, er det von om at dei nye avdelingane kan kome raskt i bruk.

Rekneskapstala syner totalt eit noko stort meirforbruk. Særleg er utgiftene vorte større på barnehagesektoren. Utgifter med skulegang for born i fosterheim er ei tyngande utgift. (samla 2,13 mill.) Dette til tross for at Fylkesavtalen på refusjon vart teken i bruk for hausthalvåret. Ein har i fleire år rekna med reduserte utgifter, men heller ikkje for 2014 ser det ut til å slå til. Det fører og til at ein ikkje får reduksjon her dei neste åra.

OPPGAVER I TIDA SOM KJEM:

- Etterutdanning for lærarar på klasseleiing.
- Arbeide med skulebasert vurdering.
- Systematisk arbeid for å motverke mobbing i skulane og barnehagane.
- Auke rammetimetalet, særleg på administrasjon til skulane.
- Betre organisering av tilpassa undervisning.
- Kompetansheving av personalet i barnehagane.
- Arbeide med tilsyn av barnehagane.
- Arbeide med barnehagebasert vurdering.
- Innføre integrasjon frå extens til Acos og Agresso.

- HMT arbeid, internkontroll.
- Ferdigstille utbygging og renovering av Sande skule m/fleirbrukshall.
- Drift av fleirbrukshall.
- Auka rammer til inventar og materiell til skular og barnehagar.
- Utviding av Bygstad barnehage.
- Auke satsinga på kultur, m.a. musikk- og kulturskulen.
- Utvikling av Tusenårsstaden.

Ansvar 600 Landbruk, næring og teknisk

1. Personell

Etaten har hatt følgjande tilsette i 2013:

Etatssjef	Kjell Navelsaker	100 %
Avding Oppmåling/ deling	Trond Hegrestad	100 %
Avding Byggsak	Magnar Hellebust	100 %
Konsulent Plan/ Næring	Janne Bøyum	100 %
Konsulent Landbruk	Linn Hovlandsdal	100 %
Skogbruksjef	Magnus Mo	40 %
Leiar tekn. uteseksjon	Harald Støfringsdal	100 %
Fagarbeider vatn og avløp	Dag Tore Skilbrei	100 %
Fagarbeider	Audun Øvrestrand	100 %
Fagarbeider/ vaktmeister	Arne Hestad	100 %
Fagarbeider veg	Kjell Hauken	50 %
Fagarbeidar veg	Sigurd Årskaug	50 % (permisjon)
Vaktmeister Sande	Artur Fauske	100 %
Vaktmeister Viksdalen	Rune Hoff	50 %
Varabranssjef	Per Otto Selstad	20 %
Feiar	Andre Conjin	60 %

2. Aktivitet ved etaten

Generelt

Året har vore sterkt prega av lav bemanning på grunn av lengre sjukmeldingar og permisjonar. Arbeidsstokken er på eit absolutt minimum, så sjukmeldingar og permisjonar utan erstatningsmannskap medfører sterkt press på resten av staben. Dette medfører også at produksjonen ikkje held ønska tempo.

Etaten har hatt 18 investeringsprosjekt i gang i 2013, disse blir omtalt seinare i årsmeldinga. I tillegg er driftsansvaret dekkja brukbart, men tidsfristar for stabsarbeid er umogeleg å halde med disponibel bemanning. I løpet av 2013 har tre aktivitetar medført eit relativt stor bruk av ressursar ved etaten. Dette er:

- Vanndirektivet
- Fleirbrukshallen
- Bygstadhaugane bustadfelt
- Planarbeidet

Vanndirektivet pålegg alle kommunane å skaffe oversikt over alle vassressursar i kommunen og legge plan for tiltak dersom vetnet ikkje held god kvalitet. Siste året har gaular kommune deltatt på alle nødvendige møter i vassområdeutvalet, gjennomført vassprøver og starta registrering av avsig av forureina vatn til Kvamselva som er den mest forureina vassdraget i Gaular. Registreringa vert ferdig i løpet av 2014 og prosessen med planlegging av tiltak må starte på slutten av året.

Bygging av Sande skule og fleirbrukshallen vart starta i 2013 og etaten har ein sakshandsamar som har ansvar for dette. Totalt tek dette 50 – 75 % av eit årsverk for å følge opp sjølv om byggeleiarjobben vert kjøpt eksternt. Bygginga av hallen går etter planen og alle småtiltak som er budsjetterte, men har ligge på vent vert tatt inn i prosjektet slik at det blir størst mogeleg effekt på Sande skule.

Utbygginga av Byggstadhaugane bustadfelt hadde hovudperioden i 2013 og vart nesten slutført ved utgangen av 2013. Utbygginga vart gjennomført i etter planen og er slutført med alle installasjonar slik at det ikkje står igjen ressurskrevjande etterarbeid på tekniske installasjonar. Sjølv om det er kjøpt byggeleiar eksternt har dette prosjektet krevd mykje tid og ressursar frå etaten heile året.

På grunn av sjukmelding av planleggar er planarbeidet sterkt på etterslep. Eksterne planar er prioritert slik at disse er blitt handsama innan akseptable tidsrårer. Fase to i sentrumsplanen for Sande sentrum er i realiteten ikkje starta opp. Dette kan bli kritisk for aktuelle utbyggarar i området og må prioriterast i 2014 dersom utviklinga i Sande sentrum skal kunne styrast inn i den retning som fase 1 i dette arbeidet la opp til.

Som omtalt i tidlegare årsmeldingar, er underskot på timeverk på personalsida den største utfordringa Teknisk etat hadde og dette er vidareført i Etaten for landbruk/næring og teknisk. Sjølv om samanslåing av etatane medførte rasjonalisering av administrasjonen ved at det blir førd eit rekneskap og at ei leiarstilling blir kutta ut, er dette for liten innsparing i forhold til det store gapet det er mellom pålagde arbeidsområder og tilgjengelege ressursar. Utan tilførsel av meir arbeidskraft vil etterslepet på det interne kommunale arbeidet auke på grunn av at saker som kjem inn frå eksterne «kundar» må prioriterast. Dette medfører at innanfor planarbeid, skiving av lokale forskrifter og planlegging av langsiktige oppgraderingar av tekniske anlegg blir etterslepet større for kvart år.

3. Byggesaker

I løpet av 2013 er det handsama 20 byggesaker med ansvarsrett, det er gjeve byggeløyve til 15 bygg utan ansvarsrett og det er skrive ut 7 ferdigattestar. I tillegg til dette er det gjennomført ei seksjonering.

Byggetilsyn er gjennomført gjennom det interkommunale byggetilsynet, både på dokumenttilsyn og byggeplasstilsyn. Det interkommunale byggetilsynet har funne forma og fungerer godt

4. Delingssaker

5. Økonomi

a. Driftsreknskap 2013

Konto namn	Forbruk 2013	Budsjett 2013	Avvik
Folkevalde inkl. stønad politiske p...	65 319,81	65 500,00	-180,19
Kontrollutval	6 445,44	0	6 445,44
Administrativ leing	913 628,04	1 052 600,00	-138 971,96

Årets premieavvik	-125 021,00		-125 021,00
Amortisering premieavvik tidlegare ...	95 331,00	0	95 331,00
Diverse fellesutgifter	95 744,51	0	95 744,51
Drift-/anleggsavdeling - administra...	0	182 700,00	-182 700,00
Drift og vedlikehald av barnehagar	403 998,24	389 000,00	14 998,24
Drift og vedlikehald av skulelokale	1 879 016,41	1 925 987,00	-46 970,59
Kommunalt disponerte bustadar	17 323,89	-35 000,00	52 323,89
Plansaksbehandling	-31 857,03	725 900,00	-757 757,03
Byggesakshandsaming og seksjonering	671 289,70	-15 000,00	686 289,70
Kart og oppmåling	788 226,75	804 400,00	-16 173,25
Festeavgifter	87 614,37	0	87 614,37
Tilrettelegging og bistand for næri...	658 120,15	647 000,00	11 120,15
Landbrukskontor	989 708,71	1 097 400,00	-107 691,29
Skogbrukskontor	242 747,00	300 000,00	-57 253,00
Veterinærvakt	176 849,52	210 600,00	-33 750,48
Drift og vedlikehald vegar	1 879 558,10	1 930 200,00	-50 641,90
Veglys	282 465,88	338 200,00	-55 734,12
Parkar og grøntanlegg	167 663,39	208 200,00	-40 536,61
Feiarvesen	128 774,73	141 100,00	-12 325,27
Brannvesen	1 503 558,73	1 205 600,00	297 958,73
Produksjon av vatn	294 077,66	910 400,00	-616 322,34
Tøming av slamavskiljarar, septikta...	25 113,75	0	25 113,75
Innsamling, gjenvinning og sluttbeh...	-52 018,55	38 800,00	-90 818,55
Naturforvaltning og friluftsliv	77 350,60	0	77 350,60
Fisk- og viltforvaltning	0	0	0
Kommunale idrettsbygg og idrettsanl...	2 042,98	0	2 042,98
Kommunale kulturbygg	37 037,18	60 000,00	-22 962,82
Totalt	8 353 067,23	8 870 957,00	-517 889,77

Rekneskapen for 2013 syner eit underforbruk på Kr 517.889,17 på ansvarsområde 600. Grunnen til det rekneskapsmessige meirforbruket på tilrettelegging og bistand til næringslivet er at det ikkje er nytta så stor del av fondsmidlane som det var budsjettert med. Avviket er altså ikkje meirbruk av midlar men bruk av mindre fondsmidlar inn i drifta.

Grunnen til det store underforbruket på ansvar 600 er at alle investeringsprosjekta blir budsjettert utan MVA. Budsjettet blir for prosjekta blir sett opp med at all momsrefusjonen skal tilbakeførast til investeringsprosjektet. Det er lovfesta tilbakeføring av 80% og resten kan kommunen enten tilbakeføre til drift eller investering etter eige val. Når det totale driftsbudsjettet for kommunen går i underskot, slik det har gjort for 2013, er det lovfesta at inntil 20 % av momsrefusjonen skal tilbakeførast til drifta for å få denne i balanse. Dette er gjennomført og driftsbudsjettet for dei områda der det har vore investeringar i 2013 kjem derfor ut med rekneskapsmessig overskot.

I tillegg til dette har kommunen gått med overskot på produksjonsområda vatn, avlåpsreinsing og renovasjon for 2013. Disse overskota kjem også inn som ein del av overskotet som er vist for ansvar 600. Overskotet på sjølvkostområda blir kommentert i neste avsnitt i årsmeldinga.

På brannvesenet er det eit meirforbruk på Kr 150.198,07. Grunnen til dette er at aktiviteten på dette området har vore svært høg i 2013 med ein del kostnadskrevjande aktivitetar. Meirforbruket er på lønn til mannskapane.

Sjølvkostområda

Notane til rekneskapen for 2013 syner følgjande balanse i sjølvkostområda:

Tekst	Vatn	Avløp	Feiing	Renovasjon	Slam	Plansak	Byggesak	Kart og oppmåling
Direkte kostnader	2 060 253	1 407 064	478 963	2 242 041	671 768	13 442	769 430	924 144
Indirekte kostnader	44 073	30 100	10 246	47 962	14 370			
Kapitalkostnader	415 478	142 011						
Sjølvkost	2 519 804	1 579 175	489 209	2 290 003	686 138	13 442	769 430	924 144
Tilknytningsgebyr		-140 000						
Årsavgift	-2 693 630	-1 862 768	-350 188	-2 292 273	-649 897		-98 140	-307 483
Resultat	-173 826	-423 593	139 021	-2 270	36 242	13 442	671 290	616 661

Som notane syner går sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon i overskot medan dei andre områda går med underskot. Dei områda som går med overskot skal nullstillast med avsetning til fond og dette blir gjennomført kvart år. På disse områda har det tidlegare vore underskot og dette er ført på memoriakonto som skal nullstillast før oppbygging av positivt fond blir gjennomført. Det er derfor ikkje avsett midlar på bunde fond i 2013.

På sjølvkostområda «Plan og byggsak» samt «Kart/ delingsforretning» er det eit samla underskot på

kr 1.116.568,-. Dette syner at ved å juster opp gebyra for disse kommunale tenestene slik at områda går i balanse kunne det vere tilsett ein person til på etaten utan å auke budsjettet.

Dette ville medført at ein større del av dei lovfesta oppgåvene kunne vere gjennomført.

Underskot vatn	År 2008	349 384,00	0	349 384,00
Underskot vatn	År 2010	201 179,00	0	201 179,00
Underskot vatn	År 2011	-26 457,00	0	-26 457,00
Underskot vatn	År 2012	41 938,00	0	41 938,00
Underskot vatn	År 2013	0	-173 826,00	-173 826,00
Underskot vatn	Totalt	566 044,00	-173 826,00	392 218,00
Underskot avløp	År 2008	795 896,00	0	795 896,00
Underskot avløp	År 2009	46 733,00	0	46 733,00
Underskot avløp	År 2010	91 968,00	0	91 968,00
Underskot avløp	År 2011	-126 416,00	0	-126 416,00
Underskot avløp	År 2012	-79 312,00	0	-79 312,00
Underskot avløp	År 2013	0	-423 593,00	-423 593,00
Underskot avløp	Totalt	728 869,00	-423 593,00	305 276,00
Underskot renovasjon	År 2008	186 927,00	-186 927,00	0
Underskot renovasjon	År 2009	73 288,00	-73 288,00	0
Underskot renovasjon	År 2010	249 556,00	-249 556,00	0
Underskot renovasjon	År 2011	-117 615,00	117 615,00	0
Underskot renovasjon	År 2013	2 270,00	-2 270,00	0
Underskot renovasjon	Totalt	394 426,00	-394 426,00	0
Underskot feiing	År 2009	120 899,00	0	120 899,00
Underskot feiing	År 2010	139 443,00	0	139 443,00
Underskot feiing	År 2011	136 777,00	0	136 777,00
Underskot feiing	År 2012	122 494,00	0	122 494,00

Underskot feiing	År 2013	0	139 021,00	139 021,00
Underskot feiing	Totalt	519 613,00	139 021,00	658 634,00

b. Investeringsprosjekt som har vore under arbeid i 2013

Prosjekt nr	Prosjekt navn	Status
3015	Sentrumsutvikling Vikja	Blir ferdigstilt våren 2014
3041	Steia bustadfelt, 3. utbyggingsfase	Planarbeid ferdig 2014
3044	Steia bustadfelt, restutbygging	Kontinuerleg arbeid
3067	Brannsikring GBS	Blir ferdig våren 2014
3068	Brannstasjon	Blir ferdig våren 2014
3069	Plandatabase	Kontinuerleg arbeid
3070	Viksdalen skule oljefyr	Er ferdigstilt
3071	Bygstadhaugane bustadfelt	Blir ferdig våren 2014
3072	Fleirbrukshall	Blir ferdig hausten 2015
3075	Sande skule, elevtoalett	Blir ferdig hausten 2015
3077	Bygstad vassverk, Espeland/ Skilbrei	Blir ferdig våren 2014
3082	Sentrumsutvikling Sande	Blir ferdig våren 2015
3083	Mobilanlegg Nasakletten	
3084	Sande skule ventilasjon	Blir ferdig hausten 2015
3085	Viksdalen barnehage, ventilasjon	
3088	Gatelys 2013	
3089	Viksdalen skule kloakkreinsing	Er ferdigstilt
3093	Sentrumsutvikling, grøntanlegg	Er ferdigstilt

KOMMENNTAR TIL DEI EINSKILDE PROSJEKTA:

3015 Sentrumsutvikling Vikja

Prosjektet er gjennomført saman med Statens Vegvesen sitt Turistvegprosjekt. Turistvegprosjektet har prosjektert og bestemt utforming av området og Gaular kommune har gjennomført arbeidet med innleidd entreprenør. Det er bygd opp rasteplass og parkeringsplass ved brua i Vikja i Viksdalen. Gjenstående arbeid er oppsett av rekkverk ved rasteplassen. Dette blir utført i mai 2014.

3041 Steia bustadfelt 3. utbyggingsfase

Planarbeid er gjennomført med revisjon av eksisterande plan. Den gamle reguleringsplanen er retta opp slik at alle dispensasjonar er lagd inn i den nye planen.

3044 Steia bustadfelt restutbygging

Det er stadig pågåande arbeid i feltet på infrastruktur. Det står igjen nokre områder som ikkje har VVA, gatelys og asfalt. Disse blir bygd ut etter kvart som bustadbygginga blir gjennomført i feltet.

3067 Brannsikring GBS

Heile sjukeheimen er sprinkla, det er lagd inn nytt brannvarslingssystem og ein del brannskiller er endra slik at dei held lovkrava. Det er lagd inn nytt vassinntak til sprinklaranlegget. Restarbeidet blir gjennomført i 2014, men sprinklaranlegget er operativt før årsskiftet slik at GBS held brannkrava.

3068 Brannstasjon

Etter pålegg frå Arbeidstilsynet er brannstasjonen utvida slik at det er garderobar både til kvinnelege og mannlege brannmannskapar. Det er bygd ny garasjehall for kjøretøya og det blir etablert skilje mellom rein og urein sone i stasjonen, slik at Arbeidstilsynets krav.

3069 Plandatabase

Det er pålegg om å opparbeide elektronisk plandatabase. Alle nye planar blir lagd inn i basen og ein del eldre planar blir digitalisert og lagd inn etter revisjon. Arbeidet blir utført av Førde kommune og er kontinuerleg arbeid som vil ta ein del tid før alle planar er inne.

3070 Viksdalen skule oljefyr

Det er bora brønner ved Viksdalen skule og montert varmepumpe som forsyner eksisterande vann borne varmeanlegg med varmt vatn. Oljefyren er beholden som beredskap for anlegget i tilfelle behov for toppenergi eller feil på nyanlegget. Arbeidet vart slutført hausten 2013.

3071 Bygstadhaugane bustadfelt

Anlegget er utbygd og vart slutført våren 2014.

3072 Sande skule og fleirbrukshall

Fleirbrukshallen er under bygging og prosjektet held tidsplanen.

3075 Sande skule elevtoalett

Kontrakt på bygginga er tildelt Åsen og Øvrelid AS og anlegget vil bli bygd etter at fleirbrukshallen er ferdig.

3077 Bygstad vassverk, Espeland/ Skilbrei

Bygginga er gjennomført etter planen og det vil vere vasslevering frm til grensa av det kommunale bustadfeltet i løpet av sommaren 2014.

3082 Sentrumsutvikling Sande

På grunn av sjudom er dette prosjektet stoppa opp, men vil truleg bli starta opp igjen i løpet av sommaren 2014.

3083 Mobilanlegg Nasakletten

På grunn av problem med inngåing av grunnavtaler er prosjektet stoppa opp.

3084 Sande skule ventilasjon

Prosjektet er tatt inn i prosjekt 3077 Fleirbrukshall og vil bli slutført saman med dette.

3085 Viksdalen barnehage, ventilasjon

Anlegget er prosjektert og utlyst, men prosjektet var underbudsjettert og er sett på vent. På grunn av kapasitetsproblem ved etaten er det ikkje starta opp etter restfinansieringa ver på plass, men må startast opp hausten 2014

3088 Gatelys 2013

På grunn av kapasitetsproblem ved etaten er dette prosjektet satt på vent og det vil bli oppstart av to gatelysstrekk på ettersommaren 2014

3089 Viksdalen skule kloakkreinsing

Nytt reinseanlegg vert montert sommaren 2013 og har vore i drift i eit år. Anlegget har hittill ikkje hatt driftsproblem.

3093 Sentrumsutvikling, grøntanlegg

Prosjektet er delvis gjennomført ved opparbeiding av området ved kommunehuset. Ein del etterarbeid er og vil bli utført i løpet av 2014.

6. Næringsstøtte

a. Gaularfondet

Tildelingar frå Gaularfondet varierer i størrelse og er avhengig av rente avkastinga fondet har samt konsumprisindeksen. For 2013 vart det tildelt midlar til 14 prosjekt med ei total tildeling på Kr 612.150,-.

Følgjande tiltak fikk støtte i 2013:

Saksnr.	Søkjar	Tiltak	Løyving
017/13	Hjalmar Lothe	Diverse utstyr Steinkunst	65.000,-
017/13	Gaularspelet	Utviklingsarbeid	20.000,-
017/13	Følling Maskin	Induksjonsvarmar	18.650,-
017/13	Gaular IL	Utbeting av sti til Storehesten	30.000,-
017/13	Bygstadunet AS	Innkjøp av treningsutstyr	50.000,-
017/13	Gaular kommune	Utarbeiding av skjøtselsplan	50.000,-
017/13	Eldalstunet	Oppgrad inng. parti og toalett	40.000,-
017/13	Sygna Transport AS	Datasystem Smartdok	30.000,-
041/13	Ferske Smakar AS	Vidareutvikling av konditori	44.250,-
041/13	Fossheimen Naturpark	Ombygging salhus	51.500,-
041/13	Olav Birkeland	Rekkverk veg mot Tønna	50.000,-
041/13	Gaular kommune	Film Fv57	57.750,-
041/13	Øvrebotten Grendelag	Sluttføring Fossestien	36.000,-
041/13	Monica Fenstad	Vidareutvikling hestesenter	69.000,-

b. Næringsfondet

Næringsfondet til Gaular kommune blir i heilheit fordelt etter vedtak i Sunnfjord Næringsutvikling og Gaular kommune er ikkje inne med handsaming av disse sakene detaljar vedrørande tildelingane som er gjennomført i 2013 går fram av årsmeldinga frå SNU.

Tildeling er gitt til:

Sunnfjord Næringsutvikling	Statagisk marknadsføring- generell næringsstøtte	Kr 42.450
Sunnfjord Næringsutvikling	Presentasjonsmateriell Sunnfjordregionen	Kr 7.312
Fossheimen Naturpark	Vidareutvikling Fossheimen Naturpark	Kr 74.620
Joker Viksdalen Handel AS	Vidareutvikling av Joker Viksdalen Handel AS	Kr 61.150
Sande Kro og Hotell	Opparbeiding av uteområde	Kr 105.000
Gaular kommune	Unikt parkanlegg i Sande sentrum	Kr 103.075
Johnsen Fredrik	Kiosk og gatekjøkken på Sande	Kr 98.000
Vallestad Heidi	Støtte til bedriftsutvikling ,tilrettelegging og friluftsbad	Kr 10.170
Sunnfjord Næringsutvikling	Forvaltning av kommunale næringsfond	Kr 45.134

7. Landbruk

a. Produksjonstilskot

Sommaren 2013 var det 176 bruk som søkte om produksjonstilskot. Dette er ein nedgang frå 2011 med 15 bruk, då var det 191 bruk som søkte om tilskot. I 2007 var det 199 bruk som søkte om tilskot, altså ein nedgang på 23 bruk siste 6 åra.

b. Forureiningssaker

Det har vore jobba med to alvorlege forureiningssaker i 2013. Begge sakene har vore svært tidkrevjande på grunn av at forureinarane ikkje har vore samarbeidsvillige med omsyn til å rydde opp i problemet. Sakene vart ikkje løyst i 2013 og blir jobba vidare med i 2014.

c. Vetrinærteneste

Vetrinærtenesta fungerer godt i samarbeid med Førde, Jølster, Gaular og Fjærland, der Jølster administrerer ordninga i si heilheit. Tilskotet frå Staten vert direkteoverført til Jølster kommune slik at faktureringa mellom kommunene er fjerna.

d. Landbruksvikarordninga

Landbruksvikarordninga blir administrert av Gaular avløyssarlag.

e. Delingssaker

Oversikt over fradeling av landbruksjord til andre formål:

	Søknad godkj	Frå delt til areal		
		Bustad	Fritid	Anna
2011	7	4 da	3 da	1 da
2012	9	4 da	8 da	
2013	4	1 da	4 da	

f. SMIL-midlar

I 2013 vart det tildelt Kr 429.990,- i SMIL-midlar fordelt på 11 forskjellige tiltak.

Følgjande tiltak fikk SMIL-midlar i 2013:

Saksnr.	Søklar	Tiltak	Løyving
13/299	Ingunn Leirvik	Beiterydding	5.000,-
13/305	Ole Årbergsbotten	Beiterydding	34.875,-
13/325	Knut Arne Laukeland	Beiterydding	32.060,-
13/354	Katrine M Haukeland	Gjerding og beiterydding	103.448,-
13/355	Ingrid Døskeland	Plan for Døskeland gard	31.500,-
13/362	Trond Aase	Gjerding og beiterydding	50.625,-
13/363	Nils Arve Styve	Reparere stabbur	21.945,-
13/364	Jo Eirik Aarnes	Skifte tak på Storehuset	32.768,-
13/367	Rolf Magne Aas	Beiterydding	44.580,-
13/369	Marit Erdal	Reparere steinklopp	18.509,-
13/372	Jarle Lundekvam	Skifte tak på tømmerhus	54.680,-

8. Vilt og innlandsfiskeforvaltning**a. Fellingsstatistikk hjort**

Gaular kommune har 6 storvald som har bestandsplan med avskytingsavtale for tidsrommet 2011 – 2013. Dei 13 andre valda får tildeling av løyve etter §15 i rundskriv om Forvaltning av hjortevilt og bever. Totalt vert det i perioden årleg tildelt fellingsløyve for 839 dyr

I 2013 vart det felt 6153 kalv og 521 vaksne, totalt 674 dyr

b. Forvaltning av innlandsfiske

Av kapasitetsmessige årsaker er det ikkje blitt jobba med disse sakene siste året.

9. Brannvesen

Gaular Brann og Redningsvesen blir fortsatt drifta utan beredskap i veker utan ferie og høgtider. Dette har fungert brukbart hittil på grunn av at mannskapane har høg ansvarsfølelse og lojalitet til brannvesenet. Kor lang tid brannvesenet kan driftast på lojalitet og at mannskapa har sjølvpålagt beredskap er vanskeleg å seie, men kommunen bør nok vurdere å innføre beredskap for utrykkingsleiar og maskinist i framtida.

Det vart gjennomført 9 øvingar og totalt 33 utrykkingar i samband med alarm frå 110-sentralen. Dette medførte at kostnadane i Brannvesenet vart ca Kr 300.000,- høgare enn budsjettet.

Akt nr	Dato	Hending	Antall mannsk
1	02.jan	Pipebrann	10
2	08.jan	Automatisk alarm	9
3	13.jan	Husbrann	9
4	13.jan	Oppblussing av husbrann	3
5	05.feb	Pipebrann	9
6	15.feb	Trafikkulykke	11
7	23.feb	Trafikkulykke	10
8	28.feb	Husbrann	17
9	21.mar	Øvelse	10
10	23.mar	Grasbrann	6
11	11.apr	Øvelse	6
12	21.apr	Pipebrann	1
13	30.apr	Pipebrann	1
14	07.mai	Øvelse	9
15	13.mai	Øvelse	10
16	17.mai	Pipebrann	2
17	25.mai	Grasbrann	3
18	01.jun	Hjartestartar	10
19	12.jun	Øvelse	12
20	20.jun	Brann i komfyr	1
21	05.jul	Trafikkulykke	6
22	25.jul	Trafikkulykke	6
23	26.jul	Trafikkulykke	4
24	20.jul	Hjartestartar	2
25	27.jul	Skogbrann	4
26	17.sep	Øvelse	14
27	18.okt	Automatisk alarm	6
28	21.okt	Automatisk alarm	10

29	26.okt	Trafikkulykke	6
30	05.nov	Øvelse	8
31	18.nov	Automatisk alarm	1
32	26.nov	Øvelse	2
33	10.des	Øvelse	10
34	13.des	Pipebrann	8
35	17.des	Lynnedslag	2
36	31.des	Leiteaksjon	14

Det er vanlig at brannmannskapane blir nytta til trafikkdirigering etter at akuttfasen er over og det ikkje er behov for brannfagleg bistand. Dette er Politiet sitt ansvar og det burde vore sendt fram krav om refusjon av lønnskostnadane.

Mannskapane i brannvesenet er utdanna etter kravet frå DSB og held ein gjennomsnittleg høg standard. Brannvesenet har ikkje nok utdanna befall, så denne funksjonen blir dekkja av mannskap som er godkjend av brannsjef for å ta dette ansvaret. Dei som går inn i befalsrolle ved aksjonar utfører jobben tilfredsstillande, så dette er ikkje eit avvik som reduserer respons og utføring av aksjonar.

Helge Følid
rådmann

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gaular	22.5.14	14/14	Ja

Vedlegg:

Oppfølgingsliste 2 – Gaular kommune

Andre dokument (ikkje lagt ved):**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

Oppfølgingslista vert teken til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:****Saksutgreiing:**

Oppfølgingsliste 2-2014 - Gaular.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker frå siste møte vert ståande som informasjon til etter neste møte.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune – tingsingsdokument	19.05.11	Leverast i august 2012, jfr gj f pl frå KRYSS	19.05.11 Vedtak KU: 1. Tinginga for prosjektet "Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune" vert godkjent. 2. Tingsingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 21.05.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 18.04.12 Motteke gjennomføringsplan frå KRYSS. 04.09.12 Motteke statusrapport. Sjå sak 27/12
15/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU Teke til vitande. 04.09.12 E-post frå Kryss m status i arb. 05.02.13 e-post til kommunen der ein ber han om å svare på KRYSS sine førespurnader om uttale til rapporten.
27/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – - Statusmelding i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune» om at prosjektet er forseinka i høve til prosjektplanen som vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 25.05.2012 vert teken til vitande. - Kontrollutvalet forventar at rapport for prosjektet vert lagt fram til første møte i 2013, som vil bli halde kring 1. februar. 05.02.13 e-post til kommunen der ein ber om svar på KRYSS sine førespurnader om uttale til rapporten.
003/13 Orientering om prosedyrar for deltid/mv tilsetting.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU - - Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. - For oppfølging ber kontrollutvalet om opplysningar om tilsette som ønskjer utvida stillingar, og om arbeid med bruk av alternative arbeidstidsordningar. 05.02.13 e-post til Gaular kommune.
14/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.	18.03.13		18.03.13 Tilråding til kst. 25.03.13 sendt kommunestyret. Ikkje handsama pr mars 2014
15/13 Oppfølgingsliste 2-2013.	18.03.13		18.03.13 Vedtak KU: - Kontrollutvalet visert til e-post av 05.02.2013 og ber om status for prosjektet. - Kontrollutvalet minner om at dei ynskjer ein eindagskonferanse lokalt for kontrollutval. - Oppfølgingslista vert elles teken til vitande. 25.03.13: E-post til Kryss om forv.prosjekt. SM 09-13 25.03.13: E-post med påminning om konferanse SM 11-13.

			23.05.13: E-post frå Kryss til Gaular kommune om forv.prosjekt SM 10-13.
24/13 Skriv og meldingar	21.10.13		Vedtak KU: Ad SM 16-13 E-post frå Charles Litsheim i KRYSS-revisjon til kontrollutvalet – Statusrapport Gaular kommune forvaltningsrevisjon, datert 9. oktober 2013. - Kontrollutvalet sitt arbeid vert hindra ved at responstida frå administrasjonen er for lang. - Kontrollutvalet forventar ei snarleg forbetring. - Resten av skriv og meldingar vet teken til vitande. 21.10.13 e-post til Gaular kommune
29/13 Eventuelt	21.10.13		Vedtak KU: - Sekretariatet til kontrollutvalet tek kontakt med Knut Henning Grepstad for å høyre om han kan halde eit innlegg / informasjon på omlag 2 timar om kontrollutvalet sin funksjon og oppgåver på neste møte i kontrollutvalet. - Kontrollutvalet har fått opplysningar om at varamedlem Sylvia Brakestad er 50% kommunalt tilsett, dette gjer at ho ikkje er valbar til kontrollutvalet. Kontrollutvalet ber difor kommunestyret om å gjere eit suppleringsval til kontrollutvalet. - Kontrollutvalet vil på neste bestille juletallerken på Sande Kro. 21.10.13 e-post til Gaular kommune om suppleringsval. 08.11.13 Epost til Knut Henning Grepstad, foredrag 14.1.2014.
01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste	14.01.14		Vedtak: Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.
02/14 Skriv og meldingar	14.01.14		Vedtak: Skriv og meldingar vart teke til vitande.
03/14 Møteplan for kontrollutvalet i Gaular 2014			Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Gaular 2014 vert godkjent.
04/14 Orientering om resultat av forbrukarrådet sin kommunetest.	14.01.14		Vedtak : Orienteringa om resultat av forbrukarrådet sin kommunetest vert teken til vitande.
05/14 Opplæring i bruk av nettbrett - kontrollutvalet	14.01.14		Vedtak: Kontrollutvalet har fått naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.
06/14 Foredrag - Knut Henning Grepstad	14.01.14		Vedtak: Kontrollutvalet tek foredraget til Knut Henning Grepstad til vitande.
07/14 Oppfølgingsliste 1-2014	14.01.14		Vedtak: Oppfølgingsliste 1-2014 Gaular vert teke til vitande.
08/14 Eventuelt	14.01.14		Vedtak: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 11.3.2014 arva

15/14

EVENTUELT

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gaular	22.5.14	15/14	Ja

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

TILLEGG DEN 19.5.14

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gaular	22.5.14	13/14	Nei
Formannskapet			Nei
Kommunestyret			Ja

Vedlegg:

- Årsrekneskapen for 2013
 - o Sendt direkte frå Gaular kommune til nettbretta 16.5.14
- Årsmelding for 2013
 - o Vedlagt er årsmelding eks helse og sosial.
 - o Samla årsmelding vert sendt frå Gaular kommune. Truleg måndag 19.5.14
- Revisjonsmelding (Vert sendt frå SEKOM. Truleg måndag 19.5.14)
- Utkast til uttale frå kontrollutvalet (Vert sendt frå SEKOM. Truleg måndag 19.5.14)

Andre dokument (ikkje lagt ved):**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

1. Uttale til årsrekneskapen 2013 for Gaular kommune vert vedteken.
2. Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Gaular kommune vert godkjent slik han ligg føre.

Kontrollutvalet si handsaming:**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:****Saksutgreiing:**

Tillegg den 19.5.14:

Vi har i dag fått revisor si revisjonsmelding om rekneskapen 2013. Gaular kommune sender ut den fullstendige årsmeldinga direkte til alle folkevalde. På bakgrunn av revisjonsmeldinga, er SEKOM-sekretariat sitt utkast til uttale endra noko. Det er lagt til eit avsnitt om presiseringar i revisjonsmeldinga: Prosjektrekneskap og budsjettet sin bindande verknad. SEKOM har ikkje endra framlegget til avsnitt om frist for årsmelding.

Tilrådinga til vedtak er den same, men vi har lagt til vedtakspunktet om at uttalen vert vedteken.

Merk! Etter avklaring med leiaren i kontrollutvalet, vert møtet den 22. mai halde som planlagt med ettersending av naudsynte dokument i denne saka.

Gaular kommune har pr i dag ikkje levert fullstendig årsmelding. Revisjonsmeldinga frå Kryss revisjon vert ikkje ferdigstilt før årsmeldinga ligg føre. Sidan desse dokumenta manglar, har SEKOM heller ikkje grunnlag for å lage tilråding til vedtak eller endeleg utkast til uttale frå kontrollutvalet. Dette vi vi gjere så snart vi får årsmelding og revisjonsmelding.

Etter spørsmål til Gaular kommune, ligg fullstendig årsmelding føre seinast måndag. I så fall, reknar Kryss revisjon med at revisjonsmeldinga kan gjerast ferdig i løpet av same dag eller seinast tidleg tysdag.

Sentrale fristar ved rekneskapsavslutninga

Rekneskapen leverast til revisor	15. februar
Årsberetning (årsmelding) til revisor	31. mars
Revisor si revisjonsmelding	15. april

SEKOM-sekretariat rår til at kontrollutvalet tek med i uttalen om rekneskapen at fristane ved rekneskapsavslutning må haldast.

Frå Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner):

§ 10.Regnskapsfrister og behandling av årsregnskap og årsberetning

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer.

Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

§ 5.Revisjonsberetningen

Revisor skal avgis revisjonsberetning uten unødig opphold etter at årsregnskapet er avlagt og senest 15. april. Revisjonsberetning skal avgis også der årsregnskap ikke foreligger eller er ufullstendig.

Revisjonsberetningen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Det skal sendes kopi til kontrollutvalget, formannskapet eller fylkesutvalget, og administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet.

I revisjonsberetningen skal revisor bekrefte at revisjonen er utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Revisor skal ved revisjon av årsregnskapet vurdere om årsregnskapet er avlagt i samsvar med lov og forskrifter, og gir et uttrykk for den økonomiske virksomhet i regnskapsåret og stillingen ved årsskiftet som er i overensstemmelse med god kommunal regnskapsskikk.

I revisjonsberetningen skal revisor uttale seg om følgende forhold:

- 1. om årsregnskapet er avlagt i samsvar med lov, forskrifter og god kommunal regnskapsskikk,*
- 2. om de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og om beløpene i den revisjonspliktiges årsregnskap stemmer med regulert budsjett,*
- 3. om opplysninger i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet, og om forslag til anvendelse av regnskapsmessig overskudd eller dekning av regnskapsmessig underskudd, er i samsvar med lov og forskrifter,*
- 4. om den revisjonspliktiges ledelse har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.*

Dersom årsregnskapet ikke gir de opplysninger om den revisjonspliktiges virksomhet i regnskapsåret og stilling ved årsskiftet som burde vært gitt, skal revisor presisere dette eller ta forbehold og eventuelt gi nødvendige tilleggsopplysninger i sin beretning

Finner revisor at årsregnskapet ikke bør vedtas slik det foreligger, skal dette angis særskilt.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

UTKAST

Til
Kommunestyret i Gaular

22.5.14

UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2013 FOR GAULAR KOMMUNE

Årsrekneskapen 2013 for Gaular kommune er handsama i kontrollutvalet i Gaular, 22.5.14.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga datert 19.5.14

Etter interne finanstransaksjonar er driftsrekneskapen gjort opp med eit meirforbruk på kr. 2.001.187.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka beløp på kr. 934.015.

Ved meirforbruk i drift og udekka beløp investering, er det kommunestyret som vedtek inndekking.

Kontrollutvalet minner om at årsmelding (årsberetning) skal leverast seinast 31. mars. Dette er også omtala som presisering i revisjonsmeldinga. Frå Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner):

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars.

Kontrollutvalet viser også til andre presiseringar i revisjonsmeldinga om ferdigstilling av prosjektrekneskap og om budsjettet sin bindande verknad.

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Gaular kommune vert godkjent slik han ligg føre.

Aud Lunde
Leiar

Jarl Tyssekvam

Lars Egil Viken

Ivar Johan Aarberg

Laila Oppedal

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefonnummer		Org.nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57 61 27 84 975 81 418	Audhild Ragni Vie Alme 57 61 27 85 971 70 064	987 631 554	3705.08.32571

Gaular kommune
v/kommunestyret

kopi: kontrollutval
formannskap
rådmann

Dykkar ref.:

Vår ref. :
At

Arkivkode :
216

Journalnr. :
013/2014

Dokumentdato:
19.05.2014

REVISJONSMELDING 2013 - GAULAR KOMMUNE

Denne revisjonsmeldinga erstattar negativ revisjonsmelding av 16.04.2014, som vart avgjeven som følge av at årsrekneskapen var avlagt etter fristen for rekneskapsavlegging.

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Gaular kommune pr. 31.12.2013 som syner eit negativt netto driftsresultat på 3.368 mill. kroner. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar, viser driftsrekneskapen eit meirforbruk på 2.001 mill. kroner. Det ligg til kommunestyret å finne dekning for meirforbruket.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekket beløp på 0,934 mill. Det ligg til kommunestyret å finne dekning for det udekket beløpet.

Årsrekneskapen består av balanse pr. 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr. denne datoen, og ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards of Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, derunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobiltlf. 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjons-handlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Presisering:

Økonomireglementet til Gaular kommune stiller krav om at ferdigstilte prosjekt i investeringsrekneskapen skal rapporterast til politiske organ i Gaular kommune. Det er ikkje lagt fram rekneskap for investeringsprosjekt på fleire år.

Konklusjon:

Etter vår meining er årsrekneskapen, i det alt vesentlege avlagt i samsvar med lov og forskrift og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Gaular kommune pr. 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Uttale om øvrige forhold

Uttale om budsjett

Presisering

Vi viser til kommunelova §§ 46 og 47 om årsbudsjettet sin bindande verknad både for drifts- og investeringspostane, der det er stilt krav om budsjettreguleringar når føresetnadane vert endra gjennom året. Økonomiske oversikter for investering og drift syner at det er store avvik mellom enkelte postar når det gjeld revidert budsjett og resultat.

Konklusjon

Vår revisjon viser at budsjettet ikkje fullt ut vert endra når føresetnadene endrar seg.

Uttale om årsmeldinga

Presisering

Årsmeldinga er levert etter fristen for levering til revisjonen som var 31.03.2014.

Konklusjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen i det alt vesentlege er konsistent med årsrekneskapen og i det alt vesentlege er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Gaular kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Førde, 19.05.2014

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde
Terje Førde
Revisjonssjef

Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Asgeir Tveit

Asgeir Tveit
Kommunerevisor I

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord